Dagens Volda kommune går over i historia og vert erstatta av nye Volda frå 2020. «Buet» i gamle Volda vil setje sitt preg på den nye kommunen. Kommunen har opparbeidd seg høg gjeld gjennom store investeringar over mange år, og har svært store investeringsbehov i Volda sentrum. Ungdomsskulen, svømmehall, barnehage og idrettshall er grunnleggjande tenesteinfrastruktur som har vore forsømt over tid. På grunn av mange skular og barnehagar prioriterer kommunen høg ressursbruk på drift av barnehage og grunnskule der utgiftsbehovet ut frå demografien går ned. Dette bind opp ressursar som ein treng for å dekkje opp eit aukande tenestebehov i omsorgstenestene. Den nasjonale trenden viser auka utgifter til sosialhjelp, barnevern og ressurskrevjande tenester. Kommunane i Møre og Romsdal kan vente seg eit ekstra trykk på omsorgstenestene i samband med at Helse Møre og Romsdal skal redusere drifta med 0,5 mrd, der omløpshastigheita på pasientflyten mellom spesialist- og kommunehelsetenesta er venta å auke. Det vil føre til auka press både på sjukeheimane og heimetenestene. Samla sett er dette utgifter som veks utover det som vert kompensert i dei frie inntektene frå staten. Staten signaliserer behov for reduksjon i veksten i dei kommunale utgiftene, og har forventingar om rasjonalisering og effektivisering for å møte auka behov og lokale prioriteringar. Kommunar som ikkje vil gjere endring og redusere utgiftene innanfor dei ulike tenestene, vil ikkje kunne ha økonomisk handlingsrom. Dette endringsbildet omhandlar også dreining til tidleg innsats og førebygging for å unngå for stor auke i framtidig tenestebehov. Dette gjeld overfor barn/unge og blant dei eldre. Samfunnsdelen i kommuneplanen har eit gjennomgåande prinsipp for folkehelsperspektiv, noko som bør gjenspegle prioriteringane i budsjett og økonomiplan.

Vi må ikkje underkjenne at vi no står i eit skifte der det er heilt nødvendig med endring. Skal kommunen greie å yte gode tenester inkl ny ungdomsskule, barnehage, idrettshall og svømmehall, og samtidig handtere veksten i behov blant eldre og dei i samfunnet som har størst behov for tenester, så må ein dreie ressursar frå skule og barnehage med færre einingar som bind opp ressursar. Ein må også gjere endringar i omsorgstenestene for å flytte ressursar i tenestetrappa til dei som har mest behov. Reint konkret handlar dette mellom anna om å redusere talet på heildøgnsbemanna omsorgsbustader og flytte ressursar til styrka tiltak i heimetenesta og rehabilitering. Dette vil ikkje vere nok. Ein kan ikkje vente å få tenester som ligg på ein standard utover det som kommunen etter lova er plikta å yte. Administrasjonen og dei tilsette må vere budde på endring. Vi må ta sikte på å ta ut effekt av nye verkty og arbeidsmåtar gjennom nyskaping og digitale verkty. Vi treng samarbeid gjennom samskaping med frivillige og private aktørar.

Endring er heilt nødvendig for å skape utvikling. Utfordringa er at alle endringar har ibuande konflikt i seg. Det er naturleg at alle som vert råka av endring vil kjempe for sine interesser ut frå sin ståstad. Dei vil ha vanskar med å kunne sjå kva verknad denne endringa vil ha for å få på plass brikka i det store komplekse bildet. For å få eit folkeaksept på endringar er ein avhengig av å kunne presentere dei kompliserte samanhengane. Dette er noko av det eg som rådmann kjenner på som noko av det vanskelegaste. Enkeltsaker kan lett verte trekt ut av samanhengen. Administrasjonen vert da ofte opplevd som forkjemparar for sentralisering og

ikkje bry seg om bygdene eller enkeltgrupper. Administrasjonen har eit fagleg ansvar for sjå dei samla konsekvensane. Dersom kommunestyret vil gjere store investeringar med auke renter, så må administrasjonen forklare konsekvensane og kome med forslag til dekning som røyver ved særinteresser. Dette handlar om eit eventuelt politisk vegval om ein vil konsolidere og behalde dagens tenesteprioritering, eller om ein vil skape eit handlingsrom for å ruste opp tenestene med ny el rehabilitert ungdomsskule, barnehage i sentrum, svømmehall og idrettshall. Når det gjeld kommunen sin økonomi, så er det så lett å lausrive seg frå den ansvarstenkinga ein har for privatøkonomien, og danne ei forestilling om at det er plass til alt.

Kommunen får inntekter frå ulike kjelder. Kommunen treng å sjå alle inntektene opp mot ei samla drift og investeringsramme. Dersom ein skulle øymerke enkelte inntekter som td havbruksfond og eigedomsskatt til bestemte formål, vil ein innskrenke handlingsrommet for det heilskaplege perspektivet.

Våre lokale utfordringar kan linkast til dei sentrale føringane i regjeringa si Perspektivmelding i 2017. Der vert det uttrykt at om ein ikkje greier å redusere veksten dei offentlege utgiftene, så vert løysinga privatisering og auka skattar.

Dei store investeringane i gjeldande økonomiplan er vidareført i framskrivinga, der også kulturhus inngår med oppstart i 2019. Eigedomsskatten vert auka til 3 promille i 2021 for å kunne forsvare denne investeringa.

Framlegget til økonomiplan er bygt på eit opplegg med store risikofaktorar. Dette må ein under handsaminga vere svært medveten om. Balanseringa er basert på at vi brukar 109,8 mill kr frå disposisjonsfondet samtidig som vi inntektsfører 59,2 mill kr i positivt premieavvik/premiefond. Bruken av disposisjonfondet inneber at vi brukar opp reservane, medan positivt premieavvik er ei forskyving av rekneskapsførte pensjonskostnader som er basert på stor usikkerheit. Det er lagt til grunn refusjon av 29 mill kr i spelemidlar til idrettshallen i 2022. Dersom midlane kjem seinare må ein dette året finne dekning på drifta for å erstatte desse inntektene. Investeringsnivået er i høgste skiktet også med tanke på administrativ kapasitet til å følgje dei opp. Det er laga ei matrise med fordeling av investeringsprosjekta på byggjeleiarar og ekstern innleige. Denne må ajourførast i samsvar med ev endring i prioriteringar i den politiske handsaminga. Det er ein risiko knytt til oppfølging og framdrift. Med investeringsnivået som er lagt opp til kan Volda saman med Hornindal i ny kommune kome opp i ei lånegjeld på nærare 2 mrd. Ein er da svært eksponert for store konsekvensar ved ev renteauke.

Eg ser dei største utfordringane for Volda framover knytt til:

- Skape kunnskap om samanhengane i ei komplisert kommunal verksemd der innbyggjarane, administrasjonen og politikarane har felles syn på kva som er det heilskaplege bildet.
- Korleis vi vil greie å dreie om ressursbruken i kommunen for å prioritere tenestene der brukarane vil ha størst behov, og korleis vi skal greie å rasjonalisere og effektivisere tenestene for å balansere drifta etter at driftsfondet er brukt opp.

- Høg lånegjeld vil binde opp driftsøkonomien samtidig som ein vert svært eksponert for risiko for auke i renta.
- Førebyggje mot utanforskap og integrere så mange som mogleg i arbeid og aktivitet.
- Få til ein heilskapleg bustadpolitikk i samarbeid med utbyggjarar og Husbanken med sikte på eigna bustad for alle.
- Korleis få auka verdiskaping gjennom privat satsing og investeringar i sentrum og andre delar av kommunen.

2019 er det siste året i samanslåingsprosjektet. Arbeidspresset vert svært stort på administrasjonen. Gamle Volda skal avviklast og forventingar om nye oppgåver må vike til fordel for kommunesamanlåingsprosessen. Det er svært avgjerande at prosessen får full prioritet og at den nye kommunen vert best mogleg rigga for drift til 1. januar 2020. Dette er ein arbeidskrevjande prosess der det er viktig at vi på alle nivå har omsorg for kvarandre og passar på at vi ikkje brukar opp energien.

1 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

Utgangspunktet for budsjettarbeidet er budsjettet for 2018 og økonomiplan 2018-2021. Dette vert framskriven til alle dei fire åra i økonomiplanperioden. Deretter startar endringar i forhold til både inntekts- og utgiftssida. I år som i fjor har vi hatt fokus på å få til eit meir korrekt budsjett og då meir tilpassa rekneskapen og eksisterande driftsnivå. Einingsleiarane har i år vore meir delaktige i prosessen, både gjennom aktiv økonomirapportering gjennom året og i arbeidet med å sikre eit korrekt budsjett for 2019.

Framskrive budsjett inneheld bruk av disposisjonsfondet på vel 106 mill kr i perioden. Når år 2022 er over står der att vel 6,7 mill kr. Ei av årsakene til at vi hentar ut avsette midlar er at vi i økonomiplanen har prioritert store investeringar som ungdomsskulen, kultur- og kinosal, symjeanlegg, barnehage og infrastruktur tiltak. I tillegg ligg er det i 2019 henta ut 30 mill kr til tilskot knytt til Volda Campus Arena. Det er og ei utfordring at tilskot knytt til flyktning også i 2019 vert redusert ytterlegare. Ein reduksjon i tenestene knytt til denne gruppa vil ta lengre tid og det er nødvendig å nytte av disposisjonsfondet medan ein byggjer ned tenestene.

Driftsnivået på sektorane er for høgt og må i økonomiplanperioden reduserast med ei ramme på 40 mill kr pr år frå og med 2022 og i vidare år. Alternativet er å auke eigeidoms skatten til 4 promille, eller meir. Dette er ein føresetnad for at kommunen skal unngå eit meirforbruk i 2023.

Budsjettrammene til sektorane skal no vere realistiske. Det er arbeidd godt med å sikre at lønnsgrunnlag skal vere korrekt. Vidare er det gjort eit arbeid med å lage til eit realistisk budsjett for sjukefråvær. Det er ikkje lagt inn generell prisvekst, men det er i budsjettet teke høgde for å auke opp driftsbudsjett på dei områder der det har gjennom år vore stor avstand mellom budsjett og reell drift. Dette er postar som serviceavtalar, bilkostnadar, medisin og

forbruksmateriale og kostnader knytt til datakommunikasjon. Når driftsnivået er reellt vil det gi eit betre grunnlag for å vurdere reduksjon i rammer opp mot konkrete tiltak.

Tabellen under er ein komprimert utgåve av hovudoversikt drift for komande økonomiplanperiode og viser både brutto- og netto driftsresultat:

HOVUDOVERSIKT DRIFT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/ BUDSJETT 2019						
	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Rammetilskot	-300 215 814	-279 200 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000
Skatt på inntekt og formue	-209 347 312	-208 400 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000
Eigedomsskatt	-16 903 265	-17 500 000	-19 300 000	-19 600 000	-29 350 000	-29 350 000
Andre driftsinntekter	-334 768 735	-275 162 875	-262 917 436	-267 917 436	-266 917 436	-295 917 436
Sum driftsinntekter	-861 235 126	-780 262 875	-801 861 436	-807 161 436	-815 911 436	-844 911 436
Sum driftsutgifter	819 575 002	785 325 857	866 164 496	816 455 666	814 088 666	814 088 666
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-41 660 124	5 062 982	64 303 060	9 294 230	-1 822 770	-30 822 770
Sum finansinntekter	-11 268 547	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000
Sum finansutgifter	47 676 944	51 456 596	58 975 914	61 210 670	82 098 246	89 290 746
Netto finanskostnader	36 408 397	42 786 596	50 305 914	52 540 670	73 428 246	80 620 746
Motpost avskrivninger	-38 355 625	-28 530 000	-45 343 880	-45 343 880	-45 343 880	-45 343 880
NETTO DRIFTSRESULTAT	-43 607 352	19 319 578	69 265 094	16 491 020	26 261 596	4 454 096
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-21 489 982	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-20 836 898	-18 326 734	-67 558 908	-14 784 834	-24 555 410	-31 747 910
Bruk av bundne fond	-16 997 861	-2 882 201	-2 406 186	-2 406 186	-2 406 186	-2 406 186
SUM BRUK AV AVSETNINGER	-59 324 741	-21 208 935	-69 965 094	-17 191 020	-26 961 596	-34 154 096
Overført til investeringsregnskapet	6 567	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	21 489 982	0	0	0	0	29 000 000
Avsetninger til bundne fond	40 035 813	1 889 357	700 000	700 000	700 000	700 000
SUM AVSETNINGER	61 532 362	1 889 357	700 000	700 000	700 000	29 700 000
RESULTAT	-41 399 731	0	0	0	0	0

Bruk av disposisjonsfond er ekstra høgt i 2019 ved at investeringsstilskot til VCA (idrettshall) er innarbeidd med kr 30 mill.

I budsjettforslaget er det lagt opp eit negativt netto driftsresultat kvart år i heile perioden, og vi er avhengig av å hente ut midlar frå disposisjonsfondet for å gå i balanse. Ser vi på brutto driftsresultat er dette positivt i 2022 då det er forventa at forskotterte spelemidlar knytt til idrettshallen vert tilbakebetalt og sett av til disposisjonsfondet:

Disposisjonsfond	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Saldo IB	59 893 744	112 732 025	45 173 117	31 588 283	8 232 873
Avsetjing	54 359 281				29 000 000
Bruk	-1 521 000	-67 558 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
Saldo 31.12	112 732 025	45 173 117	31 588 283	8 232 873	6 684 963

1.1 Driftstiltak økonomiplan 2019-2022

Følgjande tiltak er lagt inn i rådmannen sit framlegg og er med på å endre driftsrammene frå år 2019 og framover i økonomiplanperioden:

ØKONOMIPLAN VOLDA KOMMUNE 2019-2022				
Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Framskriving av ØPL 2018-2021	0	0	0	0
Sentrale tiltak/endingar:				
ENDRING FRIE INNTEKTER ØPL 2019-2022	-32 044 000	-32 044 000	-32 044 000	-32 044 000
Eigedomsskatt (jf tertialrpport)	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Pensjon - Premieavvik prognose KLP og SPK	-23 242 170	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000
Amortisering premieavvik	4 349 100	7 259 100	7 259 100	7 259 100
Redusert statstilskot flyktning	9 445 025	9 445 025	9 445 025	9 445 025
Renteauke	3 000 000	4 000 000	8 000 000	8 000 000
Minsteavdrag, endring utrekning			2 100 000	2 100 000
Nye Investeringar - kapitalkostnad	3 332 000	3 352 000	6 671 500	13 864 000
Lønnsvekst 2019 (sentralt og lokalt), 3 %	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
Sum sentrale tiltak/endingar, sektor Kommunestyre 1a og 1b	-28 660 045	-13 487 875	-4 068 375	3 124 125
Endingar knytt til lønnsvekst og opprydding sjukelønn:				
Sektor rådmann og stabar	387 974	387 974	387 974	387 974
Opplæring og oppvekst	4 953 317	4 953 317	4 953 317	4 953 317
Helse og omsorg	7 511 680	7 511 680	7 511 680	7 511 680
Kultur og service	13 533	13 533	13 533	13 533
Politisk	2 179	2 179	2 179	2 179
Teknisk	3 024 403	3 024 403	3 024 403	3 024 403
Utvikling	226 063	226 063	226 063	226 063
Volda kyrkjelege fellesråd	180 000	180 000	180 000	180 000
Avsett lønnsvekst i øpl 2018-2021	-7 696 806	-7 696 806	-7 696 806	-7 696 806
Sum endingar knytt til lønnsvekst og opprydding sjukelønn	8 602 343	8 602 343	8 602 343	8 602 343
Gjennomgang driftsutgifter og brukarbetaling 2018 nivå:				
Sektor rådmann og stabar	231 805	231 805	231 805	231 805
Opplæring og oppvekst	2 382 373	2 382 373	2 382 373	2 382 373
Helse og omsorg	3 868 052	3 868 052	3 868 052	3 868 052
Kultur og service	-213 460	-213 460	-213 460	-213 460
Teknisk	285 890	285 890	285 890	285 890
Avskrivning og kalkulatoriske renter	-1 625 242	-1 625 242	-1 625 242	-1 625 242
Barnevernskostnadar Volda	-716 514	-716 514	-716 514	-716 514
Sum gjennomgang driftsutgifter og brukarbetaling 2018 nivå	4 212 904	4 212 904	4 212 904	4 212 904
Tiltak med vedtak i 2018 som vidareførast:				
Innsparingar frå 2018	1 305 540	1 025 540	1 025 540	1 025 540
NAV	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Gnisten, husleige	156 000	156 000	156 000	156 000

ØKONOMIPLAN VOLDA KOMMUNE 2019-2022				
Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
SSIKT	1 418 984	1 418 984	1 418 984	1 418 984
Medlemskap Sunnmøre Friluftsråd	167 000	167 000	167 000	167 000
Ny fastlege	250 000	250 000	250 000	250 000
Vaksenopplæring og introduksjonsprogram (reduksjon inntekt)	4 200 000	4 200 000	4 200 000	4 200 000
Sum Tiltak med vedtak i 2018 som vidareførast	9 997 524	9 717 524	9 717 524	9 717 524
Nye tiltak:				
Volda Rullarlaug AS, tilskot	467 000	467 000		
Doktorhaugen 2,86 årsverk	2 009 000	2 009 000	2 009 000	2 009 000
Helsesøster, styrka ressurs til barnehage og skule	450 000	450 000	450 000	450 000
Leirskule	300 000	300 000	300 000	300 000
Utredning Felles legevaktsentral med Ørsta	161 000			
Auke i ramme til Volda kyrkjelege fellestråd	200 000	200 000	200 000	200 000
Kommunesamanslåing		-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Digitalisering stab og merkantilt arbeid i sektor		-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Volda Campus Arena - overføring av tilskot og forskottering spelemidlar	0			0
Sum nye tiltak	3 587 000	-4 574 000	-5 041 000	-5 041 000
REGULERING DISPOSISJONSFOND	2 260 274	-4 470 896	-13 423 396	-20 615 896
ØKONOMIPLAN 2019-2022	0	0	0	0

Dei samla verknadene av kommunesamanslåing vil ein først få klarlagt når ein skal utarbeide budsjett for nye Volda for 2020. Det er lagt inn ein venta auke i inntekter på kr 5 mill f.o.m 2020.

Alle endringar vert omtala vidare i framlegget.

2 SEKTORANE OG STABANE

Kapittel 2 har omtale av mål, utfordringar og budsjetttrammer.

2.1 INNLEIING

Kommentarane for sektorane er skriva av sektorsjefane der dei skriv om status, utfordringar og melder inn behov. Rådmannen sitt forslag til nye tiltak framgår i tabell under den økonomiske oppstillinga for 2019 – 2022. Det har vore ein prosess i leiarteamet der ein har hatt overordna og heilskapleg fokus på prioriteringar. Strategien frå førre økonomiplan med tiltak for å redusere drifta ved ein kombinasjon av endring i arbeidsmåtar, digitalisering, planlagt reduksjon i stillingar og samordning av skular og barnehagar i perioden. Tiltaka må gjennomførast slik at vi får effekt som gjer at vi ikkje har eit driftsnivå der vi er avhengig av driftsfond. I 2018 har vi ikkje klart å fram tiltak som gir effekt på reduksjon i drifta. Dette medfører at vi i perioden må bruke driftsfond ytterlegare for å balansere drifta.

Kommunane får store utfordringar med å tilretteleggje digitale tenester for innbyggjarane og samtidig hente ut gevinstar ved nye arbeidsmåtar. Digitaliseringa er brukardrive og kommunane kan ikkje velje om ein vil vere med på denne utviklinga.

Regjeringa utarbeidde nasjonal digitaliseringsstrategi i 2015, jfr Stortingsmeding nr 27 2015 – 2016; Digital Agenda for Norge. Meldinga peikar på 5 hovudprioriteringar:

- *Brukeren i sentrum*
- *IKT er en vesentlig innsatsfaktor for innovasjon og Produktivitet*
- *Styrket digital kompetanse og deltakelse*
- *Effektiv digitalisering av offentlig sektor*
- *Godt personvern og god informasjonssikkerhet*

Desse prioriteringane er følgt opp i Perspektivmeldinga frå 2017, i Statsbudsjettet for 2018 og vidare i 2019. Det er tydelege signal om å utvikle tenestene med sikte på forenkling og auka tilgjengelegheit. Samtidig er det tydelege signal om at redusert vekst i bruk av oljeinntekter kombinert med aukande pensjons- og demografikostnader må dekkjast ved effektivisering i offentleg sektor og auka sysselsetting. Digitalisering er sett på som eit sentralt virkemiddel for effektivisering og produktivitetsauke.

KS og regjeringa samarbeidet om ei felles finansieringsordning for å gjere kommunane i stand til å møte den digitale utfordringa. Regjeringa går inn med 125 mill kr og føreset at kommunesektoren går inn med det same. KS har løyvd 40 mill. Dei store bykommunane går inn med 35 mill og resten er invitert til å gå inn med kr 20 pr innbyggjar og fylkeskommunane med kr 5 pr innbyggjar. For Volda utgjer dette kr 181 060. Dette vert ei nasjonal satsing for å få utvikla felles standardarar og felles løysingar som kjem heile kommunesektoren til gode. Det er svært viktig at kommunane deltek i denne finansieringsordninga for å få nødvendig

utvikling slik at kommunesektoren ikkje heng etter i høve til folk sine behov og forventingar, men også i høve til nødvendige omstillingskrav og statleg digitalisering av tenester som skal samarbeide med dei kommunale. Kommunane på Søre Sunnmøre samarbeider om felles digital strategi.

Kommunen bør utnytte infrastrukturen og bygningsmassen optimalt. For ungdomsklubben vert det vurdert om kommunen kan frigjere eigne lokale fram til permanente lokale i samband med nytt kulturhus. Ei kartlegging gjennomført i år viser at ungdomsklubben er viktig, og det må finnast ei løysing også før ein får på plass det permanente tilbodet. Dersom ein ikkje finn eigna løysing i eigne lokale må ein vurdere korttidsleige etter utlysing og dekkje opp dette i eiga sak.

Den største risikoen for auka utgifter er innanfor dei rettighetsbaserte tenestene budsjett med utgiftsanslag. Dette gjeld sosialhjelp, barnevern og ressurskrevjande tenester. Det er ein landstrend at utgiftene til desse tenestene aukar meir enn det kommunane får kompensert gjennom dei frie inntektene. Demografiutviklinga viser at Volda kommune vil få auka utgifter i omsorgstenestene, medan behovet for tenester vert mindre blant barn og unge. Dette vert forsterka ved at Helse Møre og Romsdal skal redusere utgiftene med 0,5 mrd, som vil medføre auka pasientomløp og tyngre pasientar på kommunehelsetensta. Dette vil vil medføre auka utgifter på kommunane, samtidig som det kan verte utfordrande å skaffe nok kompetent arbeidskraft til å løyse oppgåvene som vert overført frå Helseforetaket. Akuttmedisinforskrifta med krav til legevakt er utsett til 2020. Det vert arbeidd med ei interkommunal løysing som ikkje er endeleg avklart.

Interkommunalt samarbeid vert kommentert av leiaren for den respektive vertskommune. Slike samarbeid er krevjande av fleire grunnar. Desse operer i andre styringslinjer og vert ikkje ein del av den tette og heilskaplege planlegginga i kommunen. Rådmennene i samarbeidskommunane treng å samordne budsjettprosessane saman med desse leiarane tidleg for å sikre felles forståing og føringar. Fylkesmannen har gitt Kr 750 000 (50 %) tilskot til stilling for voldskoordinator over 2 år, 2018 og 2019. Ørsta er vertskommune og er i gang med rekruttering til stillinga. Etter barnevernslova er det krav om å ha beredsskapsordning med barnevernsvakt. Fylkesmannen har gitt skjønsmidlar til ei oppstartordning. Organisering er under utgreiing.

2.2 MÅLKART

Malen for mål er bygt opp slik at den er integrert både i budsjett, tertialrapportering og årsrapportering.

Felles målkart for kommunen

Det vert etablert eit felles målkart for kvart av dei 4 fokusområda **omdøme, medarbeidar, tenester og økonomi**. Kommunen brukar verktøyet 10-faktor for arbeidsmiljøundersøking/ utvikling. Undersøkinga vart gjennomført i 2017 og skal gjennomførast på nytt hausten 2018.

Alle delar av organisasjonen skal følgje opp med handlingsplanar og tiltak frå undersøkinga i 2017.

Dette er vist under for kommunen samla og vidare for den enkelte sektor:

MÅL 2019 VOLDA KOMMUNE		
OMDØME		
Mål	Resultat	Kommentar
Volda kommune skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar		
Brukarane skal oppleve å vere tilfredse med tenestene.		
MEDARBEIDAR		
Mål	Resultat	Kommentar
Oppgavemotivasjon: motivasjon for selve oppgavene (fagbegrep: indre motivasjon)		
Mestringstro: tiltro til egen jobbkompetanse		
Selvstendighet: opplevd tillit og mulighet til å jobbe selvstendig (fagbegrep: autonomi)		
Bruk av kompetanse: opplevd bruk av egen kompetanse (fagbegrep: kompetansemobilisering)		
Mestringsorientert ledelse: ledelse med vekt på å gjøre medarbeiderne best mulig ut fra sine forutsetninger, slik det oppleves av medarbeiderne		
Rolleklarhet: tydelig kommuniserte forventninger, slik det oppleves av medarbeiderne		
Relevant kompetanseutvikling: opplevd mulighet for utvikling av relevant formal- og realkompetanse		

MÅL 2019 VOLDA KOMMUNE		
Fleksibilitetsvilje: villighet til å være fleksibel på jobb		
Mestringsklima: opplevd kultur for å samarbeide og gjøre hverandre gode		
Nytteorientert motivasjon: ønske om å bidra til andres måloppnåelse (fagbegrep: prososial motivasjon)		
Nærveret skal aukast i høve til 2017		
TENESTER		
Mål	Resultat	Kommentar
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
ØKONOMI		
Mål	Resultat	Kommentar
Resultatgrad på 1,75 % (netto driftsresultat i høve til totale inntekter)		

Sektorleirane vert utover det overordna målkartet utfordra på måleindikatorar for den enkelte sektor. Måla skal vere målbare, og ein må skilje mellom mål og aktivitetar/tiltak.

Målet for resultatgrad er anbefalt av Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi. Investeringsakta og renteauken som er lagt opp til økonomiplanen vil gjere denne målsettinga urealistisk dei komande åra.

Nokre av måla krev evt innbyggjar-, medarbeidar- og brukarundersøking. Slike undersøkingar vert å avklare i samband med årshjulet og budsjettprosessen.

2.3 BUDSJETTRAMMER

Statsbudsjett for 2019 har følgjande prognose for løns- og prisauke:

	Prosent
Løn	3,0 %
Prisvekst	3,0 %

Lønsutgifter utgjer 2/3 av driftsbudsjettet for kommunesektoren. Det er forventa at lønsutgiftene til kommunesektoren vert auka med 3,0 %. Dette er også innarbeidd i budsjettet til Volda kommune. Lønnsveksten er ikkje fordelt ut på sektornivå, men avsett som sentral pott. Når resultat av lønnsforhandlingane er klare vil dei verte fordelt ut basert på resultat.

Det er ikkje lagt inn kompensasjon for prisauke på varer og tenester som flat indikator. Det er likevel lagt inn ein vekst i budsjettet på driftskontoar det over år har vore negative avvik mellom rekneskap og budsjett. Dette gjeld serviceavtalar, datakommunikasjon, bilkostnader m.m.

Tabellen under viser utvikling frå rekneskapen 2017 til budsjetttrammene frå 2018 – 2022 for kvar sektor, fordelt på utgift og inntekt (bruttorammer):

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	1 948 074	2 234 642	2 155 426	2 155 426	2 155 426	2 155 426
Inntekter	-9 911	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984
Rådmann	1 938 003	2 168 658	2 089 442	2 089 442	2 089 442	2 089 442
Utgifter	3 660 879	2 135 979	2 087 448	2 087 448	2 087 448	2 087 448
Inntekter	-2 179 827	-876 705	-876 705	-876 705	-876 705	-876 705
Samfunn og rådgjeving	1 480 331	1 259 274	1 210 743	1 210 743	1 210 743	1 210 743
Utgifter	29 089 831	20 450 768	20 416 075	20 416 075	20 416 075	20 416 075
Inntekter	-14 492 288	-1 677 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424
Personal og organisasjon	14 595 832	18 773 344	18 938 651	18 938 651	18 938 651	18 938 651
Utgifter	8 413 735	8 198 573	7 506 952	7 506 952	7 506 952	7 506 952
Inntekter	-2 504 906	-1 773 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757
Økonomi	5 907 721	6 424 816	5 483 195	5 483 195	5 483 195	5 483 195
Utgifter	9 759 050	9 767 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312
Inntekter	-486 153	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	9 272 897	9 467 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312
Utgifter	267 213 894	255 808 741	255 484 970	255 284 970	255 284 970	255 284 970
Inntekter	-60 391 362	-47 594 109	-35 124 648	-35 124 648	-35 124 648	-35 124 648
Opplæring og oppvekst	206 802 041	208 214 632	220 360 322	220 160 322	220 160 322	220 160 322
Utgifter	269 186 453	247 067 416	263 788 977	263 627 977	263 627 977	263 627 977
Inntekter	-78 835 996	-59 571 203	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032
Helse og omsorg	190 331 155	187 496 213	201 451 945	201 290 945	201 290 945	201 290 945

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	14 605 536	13 712 550	13 409 623	15 209 623	14 742 623	14 742 623
Inntekter	-4 173 621	-2 260 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395
Kultur og service	10 429 987	11 452 155	11 219 228	13 019 228	12 552 228	12 552 228
Utgifter	3 343 460	3 057 822	3 227 001	3 227 001	3 227 001	3 227 001
Inntekter	-149 076	0	0	0	0	0
Politisk verksemd	3 190 789	3 057 822	3 227 001	3 227 001	3 227 001	3 227 001
Utgifter	78 310 274	75 441 086	74 724 285	74 724 285	74 724 285	74 724 285
Inntekter	-39 755 185	-39 217 269	-35 840 175	-35 840 175	-34 840 175	-34 840 175
Teknisk	38 555 089	36 223 817	38 884 110	38 884 110	39 884 110	39 884 110
Utgifter	27 210 512	23 923 469	21 817 733	21 817 733	21 817 733	21 817 733
Inntekter	-27 210 504	-23 923 469	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733
Sjølvkosttenester	-401	0	0	0	0	0
Utgifter	10 151 721	9 990 485	10 216 548	10 216 548	10 216 548	10 216 548
Inntekter	-4 185 950	-2 984 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704
Utvikling	5 964 217	7 005 781	7 081 844	7 081 844	7 081 844	7 081 844
Utgifter	100 768 046	97 254 857	99 859 528	99 859 528	99 859 528	99 859 528
Inntekter	-100 768 045	-97 254 857	-99 859 528	-99 859 528	-99 859 528	-99 859 528
Barneverntenesta (vertsk.)	-42 667	0	0	0	0	0
Utgifter	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760
Utgifter	69 552 195	42 024 750	97 255 797	44 907 967	43 007 967	43 007 967
Inntekter	-58 076 764	-45 930 280	-48 618 831	-48 618 831	-48 618 831	-77 618 831
Fellestenester	11 475 431	-3 905 530	48 636 966	-3 710 864	-5 610 864	-34 610 864

Detaljert informasjon om endring i rammer kjem fram i omtalen under kvar sektor.

2.4 HELSE OG OMSORGSSEKTOREN

Sektor for helse og omsorg omfattar førebygging, rehabilitering og legeteneste, sjukeheim, heimeteneste til heimebuande og i omsorgsbustad, tre dagsenter for ulike brukargrupper, rus- og psykisk helseteneste og avlastningstilbod for barn og unge.

Visjon for sektoren

Tillit, tryggleik og trivsel for brukarar, pårørande og medarbeidarar.

Teneste og utviklingsmål		
<ul style="list-style-type: none"> ➤ Helse- og omsorgstenestene skal bidra til at den enkelte i størst mogleg grad blir i stand til å ta vare på seg sjølv. Førebyggjande, behandlande og rehabiliterande tenester skal bli gitt gjennom eit heilskapleg og tverrfagleg samarbeid tilpassa kvar einskild. 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Gode dagtilbod ➤ Førebyggjande heimebesøk ➤ Folkehelsearbeid ➤ Frisklivsarbeid ➤ Kvardags-rehabilitering som integrert del av tenestene ➤ Frivilligheitsarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Brukarane har ein aktiv og meningsfull kvardag
<ul style="list-style-type: none"> ➤ Helse- og omsorgstenestene skal bidra til at kvar enkelt skal kunne få bu i eigen heim så lenge som mogeleg. 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Fleire undersøkingar syner at det å kunne bu heime så lenge som mogeleg blir oppfatta av mange eldre som ein viktig bidragsytar til god livskvalitet. 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Gjere velferds-teknologiske løysingar tilgjengelege for flest mogleg av brukarane ➤ Brukarane og pårørande opplever ein tryggare kvardag
<ul style="list-style-type: none"> ➤ Helse- og omsorgssektoren skal sikre god rekruttering av fagkompetanse. 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ God rekruttering av fagkompetanse vil vere god omdømebygging. 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Sterk vekst i tal eldre og generelt betra levestandard vil truleg medføre krav om auke i standard på helse og omsorgstenester ➤ Det er truleg at lønsnivået for tilsette i HO sektoren må hevast i høve andre yrkesgrupper, for å sikre bærekraft (St.meld 29/nasjonalt probl.stilling)
<ul style="list-style-type: none"> ➤ Helse og omsorgssektoren skal 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Fastlegetenesten og legevakt er den 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Ein må sjå på organisering av

<p>planlegge og organisere legetenesten slik at innbyggjarane får naudsynt behandling av god kvalitet og opplever tenesten som ein integrert del av helse og omsorgstenesten i kommunen</p>	<p>delen av helse og omsorgstenesten i ei kommune som flest innbyggjarar nyttar. Det er også ein viktig samarbeidspart for at vi finn rett teneste til rett tid for den delen av innbyggjarane som har eit meir omfattande tenestebehov</p>	<p>legevakta og planlegge for framtidig behov i fastlegetenesten.</p>
<p>➤ Helse- og omsorgstenestene skal gje rett teneste til rett tid</p>	<p>➤ God pasientflyt</p>	<p>➤ Til ei kvar tid ta imot uskrivingsklare pasientar</p> <p>➤ Nytte ØH-plassane i tråd med statleg utrekna måltal for kommunen og integrere nye kommunale ØH-oppdrag i etablert tilbod.</p> <p>➤ Gode målmetodar for rett ressursbruk i heimebasert omsorg, der ansikt til ansikt-tid, transporttid og anna tid kan synleggjerast</p>
<p>➤ Helse- og omsorgssektoren skal ha auka fokus på brukarmedverknad</p>	<p>➤ Brukarar av helse- og omsorgstenester skal ha rett til å medverke i utforminga av tenestetilbodet</p>	<p>➤ Helse- og omsorgstenestene har plikt til å involvere brukarane.</p>

Utfordringar 2019 - 2022

1. Utviding med fleire dobbeltrom for å kunne auke kapasiteten ved kortidsavdelinga.
2. Finansiering av bemanning i Myravegen 35 og Doktorhaugen er avgjerande for forsvarleg drift.
3. Styrking av heimebaserte tenester.
4. Redusere tal døgnbemanna omsorgsbustader og flytte ressursar for å styrke heimebaserte tenester, Klokkarstova og rehabiliteringskapasitet.
5. Pasientflyt og god velferdsteknologiutbygging.
6. Utviding/ ombygging av Volda legesenter for å dekkje arealbehov.

7. Utvikling av legevakta. Legevakta har i dag ei organisering som gir utilfredsstillande kvalitet i tilbodet til innbyggjarane og dårlege arbeidstilhøve for legane. Legevakta er kritisk for liv og helse, og ei god legevakt gir ein betre pasientflyt.
8. Tilstrebe heiltidskultur.
9. Særskild tilrettelagde bustader til eldre med samansette behov, utviding av areal til hjelpemiddelager og garasje/ carport til tenestebilar.
10. Utvikle kvalifiseringsarena og varig tilrettelagte arbeidsplassar i kommunen.
11. Lovforslag om at alle kommunar innan 2020 skal ha psykologstilling knytt til helse- og omsorgstenestene.

Økonomiske rammer 2019 – 2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	269 186 453	247 067 416	263 788 977	263 627 977	263 627 977	263 627 977
Inntekter	-78 835 996	-59 571 203	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032
Helse og omsorg	190 331 155	187 496 213	201 451 945	201 290 945	201 290 945	201 290 945

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	7 511 680	7 511 680	7 511 680	7 511 680
Driftsutgifter og - inntekter, tilpassa rekneskap	3 868 052	3 868 052	3 868 052	3 868 052
Gnisten, husleige	156 000	156 000	156 000	156 000
Ny fastlege	250 000	250 000	250 000	250 000
Doktorhaugen 2,86 årsverk	2 009 000	2 009 000	2 009 000	2 009 000
Utredning Felles legevaktsentral med Ørsta	161 000			

Årsverk

Ansvar	2019
Hamna dagsenter	14,15
Avlastning born og unge/Barnebustadar	8,42
Helsesjef	1,9
Sjefs-fysioterapeut	2,8
Kommune-ergoterapeut	2,0
Interkommunal nattlegevaktordning	0,3
Legetenesta, kommunal del (frå 2014)	3,1
Legetenesta, privatpraktiserande del (frå 2014)	7,4
Felles kommuneoverlege Volda-Ørsta	1,0
Pleie- og omsorgsleiar	15,0
Hasletunet/Seljetunet	15,83
Piletunet/Kleppetunet	19

Ansvar	2019
Ottastova/Karvestova	15,0
Kapteinstova/Klokkarstova	20,9
Dagavdelinga	3,4
Leiar sone 1	25,26
Barstadtun	19,5
Fjordsyn	16,0
Mork bustadar	9,3
Kleppevegen	10,75
Bømarka	12,64
Severinhaugen	17,99
Utetenester, rus og psykisk helse	9,8
Gnisten dagsenter	3,0
Døgntilbod psykisk helse	9,6
Myravegen 35	5,3
Kjøkenavdelinga	5,63
Driftsavdelinga	3,75
Stab og tildeling	7,75
Helse og omsorg	286

Kommentarar til tiltak frå helse- og omsorgssektoren:

Straks over nyttår vert dei nye omsorgsbustadane på Doktorhaugen klare for innflytting. Ein planlegg å drage noko nytte av eksisterande bemanning både på Sevrinhaugen 1 og på Bømarka til dei nye bustadane, men ein har lagt inn nytt tiltak på oppretting av 2,86 årsverk i tillegg. Det er også lagt inn eit tiltak på avsetting av ein 15% stillingsressurs som er tenkt skal supplerast av Ørsta kommune med tilsvarende, til ei prosjektstilling for utredning av felles legevaktsentral for dei to kommunane. Akuttmedisinforskrifta har lagt føringar som kommunane i dag ikkje stettar, men som det vil vere naudsynt å samarbeide om for å vere robuste nok. Helseføretaket si utlysinga av ny ambulansestasjon i Furene/ Hovdebygda området, gjer det aktuelt å tenkje nytt knytt til legevaktsentral. Det vil kome eige sak om dette.

Gjennom ein lang prosess har ein no lagt fram ei sak om etablering av ein ny fastlegeheimel. Om denne no vert politisk godkjent, er fastlegane innstilt på ei midlertidig løysing med deling av kontor og noko forflytting, men legesenteret treng ombygging og utviding for å stette behova for ei framtidig oppegåande legeteneste. Oppgåveflyttinga frå spesialisthelseteneste til fastlegane har endra mykje kvardagen til fastlegane, både i høve arbeidsmengd og type oppdrag.

For å møte nye og framtidige behov for ei effektiv helse- og omsorgsteneste. Ein vesentleg faktor er å legge til rette for at folk skal kunne bu heime lengst mogleg, men også flytte heim raskast mogleg om noko har skjedd. Dette krev mellom anna ei god og rett dimensjonert hjelpemiddeleneste med eit variert hjelpemiddellager for utlån. Det er viktig å gjere grep for

å få dette på plass. Eksisterande hjelpemiddellager var planlagt for ei anna tid, lenge før samhandlingsreforma begynte å legge føringar for kommunens oppgåver.

Aktiviteten ved omsorgssenteret har endra seg mykje sidan 2004, då bygget var nytt. Det er sterkt press på kontorfasilitetar, mange delar kontor, mange av kontordelingsløysingane er ikkje gode. Fjerde etg på omsorgssenteret er no utreda for ombygging til kontor av eigeomsavdelinga, sektoren ynskjer sterkt dette vert prioritert..

Helse- og omsorg har sterkt fokus på effektiv utnytting av personalressursar. Alle tiltak som frigjer utnytting av personalressurs til direkte tenesteproduksjon har fokus. Bruk av digitale og teknologiske hjelpemiddel er viktig og ei sentral satsing, andre tiltak kan vere nok tenestebilar til å få tilsette ut, garasjelegg/ carport for å frigjere tid vinterhalvåret ved å sleppe isskraping/ snømåking av tenestebilar. Bruk av ny teknologi gir og nye driftutgifter, det gjer også utviding av bilparken/ leasing, garasje er reint investeringsprosjekt.

Til slutt ein vesentleg faktor knytt til kompetansebygging og rekruttering. Vi opplever det stadig meir utfordrande å rekruttere sjukepleiekompetanse. Med alle nye oppgåver kommunehelsetenesta har ansvar for, må vi ha god fagkompetanse for å løyse desse utfordringane. Eiga sak vil bli lagt fram med forslag til ny rekrutteringsstrategi på sjukepleiarar.

SATSINGAR 2019 HELSE OG OMSORG		
OMDØME		
SATSINGAR 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
God rekruttering av fagkompetanse		Særskild gjeld dette rekruttering av sjukepleiefagleg kompetanse.
Fokus på leiarkompetanse		Helse- og omsorgssektoren skal ha tydelege og endringsdyktige leiarar. Godt leiarskap skal dyrkast for å nå krav og mål som ligg til sektoren. Leiarane har god kunnskap om budsjett og rekneskap.
TENESTER		
SATSINGAR 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
Utnytting av moderne velferdsteknologi.		Dette er eit mykje omtala tema i nasjonal samanheng. Helsedirektoratet har vore tydelege overfor kommunane på denne satsinga i fleire år. Velferdsteknologi må verte ein

SATSINGAR 2019 HELSE OG OMSORG		
		integrrert del av kommunal helse- og omsorgsteneste. Dette er ei stor og viktig tenesteovergripande satsing i kommunen der prosjektleiarstilling er avgjerande for å lukkast.
Omorganisering av nattevaksressursane i sektoren.		Det er sårbart med berre ein person på natt i ambulerande heimeteneste. Det er difor iverksett arbeid med omorganisere dei eksisterande nattressursane på ein betre og meir effektiv måte.
Nye krav til legevakt		Prosjektrapport på ei samordna legevaktsteneste for sjustjernerkommunane er levert, men endeleg løysing er ikkje landa. Administrasjonen tilrår at Volda kommune skal samarbeide med Ørsta kommune om legevakt og at planlegging av dette skal skje første halvår 2019 (ILK). Økonomiske konsekvensar for ny ordning er ikkje berekna no, men dette må bakast inn i budsjettet når det er klart.
Finansiering av bemanning i Myravegen 35 og Doktorhaugen		Dette vil vere avgjerande for å sikre forsvarleg drift. Kommunen pliktar å tilby bustader til funksjonshemma som har fylt 18 år og som skal flytte frå heimen. Dei nye og avanserte bustadane for pasientar med tyngre pleiebehov i Myravegen er etablert og har behov for bemanning.Arbeidet
Styrking av heimebaserte, rehabiliterende og førebyggjande tenester		Arbeidet med dreining av tenester mellom tenesteområda må halde fram

SATSINGAR 2019 HELSE OG OMSORG		
Særskild tilrettelagde bustader til eldre med samansette behov		Kommunen manglar bustadar knytt til brukarar som har spesielle behov for tilrettelagt bustad pga sjukdom med fleire diagnoser innan geriatri som td. demens og psykiatri. Dette er brukarar som ikkje passer inn i ordinære omsorgsbustadar eller sjukeheim, og som har behov for tilrettelagt skjerming.
Utvide kontorkapasiteten ved Volda omsorgssenter		Omsorgssenter har stort areal i øvste etasje som ikkje er realisert. Etablering av til dømes kontor landskap vil kunne legge til rette for større personalbasar og kontor i hovudetasjen.
Utviding av Volda legesenter for dekkje framtidig behov.		Legesenteret har behov for oppgradering og utviding. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus får kommunalt tilbod i tråd med samarbeidsavtalen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus. Vurdering av kapasiteten på korttidsavdelinga.		Kommunen har etablert system og rutiner som sikrar optimal utnytting av tverrfaglege fagressursar knytt til korttidsavdelinga. Tildelingskontoret si rolle og mandat på utnytting av tilgjengelege plassar er godt innarbeidd i sektoren.
Ombygging av sentralkjøkkenet ved Volda omsorgssenter		Det er i skissert behov for å renovere-/bygge om sentralkjøkkenet.
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærvær på 91 %		

SATSINGAR 2019 HELSE OG OMSORG		
Alle tilsette i helse- og omsorgstenestene skal ha høve til å delta på kompetansehevande tiltak.		Det skal vere tilbod om kompetanseheving for alle tilsette, enten det er interne eller eksterne kurs, grunn- eller vidareutdanning.
ØKONOMI		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Rutine i høve månedleg rapportering skal fortsette med enda meir tilpassa opplæring i høve økonomistyring. Einingsleiarane har etablert kunnskap om budsjett og rekneskap og skal etablere og handheve interne rutinar/ system for betre styring av variabel løn.
Brukarutval er etablert og/ eller opne informasjonsmøter på tenestenivå er avholdt x 2 pr. år.		Brukarmedverknad er ein lovfesta rett og gode system på dette er eit virkemiddel for å forbetre og kvalitetssikre tenestene.

2.5 KULTUR OG SERVICESEKTOREN

Sektoren omfattar servicekontor med politisk sekretariat, gjennomføring av kommune-, fylkestings-, sametings- og stortingsval, arkiv, dokumentforvaltning og indre tenester, kino, bibliotek, frivilligsentral og ungdomsklubb. I tillegg har servicekontoret ansvar for sakshandsaming som er lagt i frontlina, som t.d. skjenkesaker.

Tenestene i sektoren har eitt fellestrekk: Dei yter i stor grad publikumsretta tenester, kulturavdelinga ved å gje gode kulturtilbod til innbyggjarane og servicekontoret ved å gje god informasjon om alle dei ulike tenestetilboda kommunen har å by på. Sektoren yter også tenester til dei politiske utvala gjennom for- under og etterbehandling i tilknytning til politiske møte, og den har ei sentral rolle i handteringa av dokumentasjon.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda.	➤ Bygge eit framtidsretta servicekontor med fokus på digitalisering og forenkla tenester for publikum.	➤ Aktiv frivillig sektor
➤ Fokus på barn og unge og leggje til rette for positive opplevingar og deltaking innan ulike arenaer og aktivitetar i kommunen.	➤ Effektiv dokumentforvaltning og sikring av arkivverdige dokumentasjon for nåtid og framtid	➤ Handheve kommunen sin ruspolitikk i tråd med god førebygging og streng oppfølging av brot på alkohollova.

Utfordringar

- Ungdomsklubben står p.t. utan eigne lokala, men det blir arbeidd med ei mellombels løysing i påvente av vedtak om bygging av lokale til ungdomsklubben som ein del av eit kulturhus.
- Eit viktig satsingsfelt for frivilligsentralen er arbeidet mot utanforskap og tiltak som reduserer verknaden av barnefattigdom, t.d. gjennom sommaraktivitetane som blir arrangert med barnefamiliar som målgruppe og etablering av utlånssentral. Utlånssentralen er eit samarbeid med fleire aktørar i kommunen, t.d. Styrk. Frivilligsentralen har ei sentral rolle i å formidle kunnskap om moglege stønadsordningar og medverke til å styrke kompetansen til dei frivillige innan styrearbeid og andre område som kan styrke organisasjonslivet i kommunen.
- Biblioteket satsar vidare på tradisjonelle bibliotek-tenester, men også å vidareutvikle samarbeidet med andre delar av kulturavdelinga: t.d. Lån ein Volding, tilbod om kurs i bruk av PC og nettbrett, arrangement retta mot ungdom og debattkveldar med ulike tema.
- Kinoen vil arbeide for å gje eit godt og variert kinotilbod til innbyggjarane, og er eit viktig lågterskeltilbod i kommunen.

Utfordringar Nye Volda:

- Kommune- og fylkestingsval 2019: Gjennomføring av valet i 2019 er den første oppgåva Nye Volda kommune skal gjennomføre som ny kommune. Valet skal gjennomførast som om grensendingane alt har funne stad. Det er ei overordna målsetting at valdeltakinga skal vere god og at det blir lagt godt til rette for auka deltaking.
- Avslutning, ordning og avlevering av arkivmateriale: Dokumentasjonen som den nye kommunen treng i si framtidige sakshandsaming og som dokumentasjon på vedtak som er gjort, er arkivert i sak-/arkivsystemet og i fagsystema. Kommunale arkiv inneheld også store mengder viktig rettighetsdokumentasjon og historisk dokumentasjon, som det er viktig å ha god oversikt over. I samanslåingsprosessen fram mot nye Volda kommune skal alle arkiv (digitale, papirbaserte, fagsystem etc) kartleggast og avsluttast frå nåverande kommunar avsluttast og bevaringsverdige arkiv skal avleverast til depot, samtidig som dei skal gjerast tilgjengelege for oppslag i den nye kommunen. Kommunen har eit stort ordningsetterslep på eldre arkivmateriale. Dette er ressurskrevjande – både med tanke på personalressursar og økonomi.
- Parallelt med at den gamle arkivorganisasjonen blir avslutta, skal det byggast opp nye arkiv og ny arkivfunksjon for den nye kommunen, felles rutinar skal utarbeidast og møtesekretariat for dei politiske utvala skal etablerast.
- Hausten 2018 blei det i samarbeid med SSIKT inngått kontrakt med Acos om kjøp av ny sak-arkiv-løysing, som skal vere klar til bruk 1.6.2019. Ny sak-arkivløysing har ei svært sentral rolle i system- og verksemdarkitekturen fordi løysinga skal understøtte kommunen sine kjerneprosessar innan administrativ og politisk saksbehandling og arkiv. Prosessen med innføring og opplæring i det nye sak-arkiv-systemet vil krevje mykje ressursar, og det vil bli lagt vekt på integrasjon frå andre fagsystem med arkivverdig dokumentasjon, ei forbetra arbeidsflate for sakshandsamarane og ein best mogleg og mest effektiv bruk av sak-arkivsystemet. Hornindal kommune skal koblast på denne løysinga 1.1.2020.
- I 2018 inngjekk Volda kommune og Hornindal kommune ein avtale om vertskommunesamarbeid for biblioteka, dette samarbeidet vil også halde fram i 2019, mellom anna med å etablere ein felles bibliotekatalog.

Økonomiske rammer 2019 – 2022:

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	14 605 536	13 712 550	13 409 623	15 209 623	14 742 623	14 742 623
Inntekter	-4 173 621	-2 260 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395
Kultur og service	10 429 987	11 452 155	11 219 228	13 019 228	12 552 228	12 552 228

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst	13 533	13 533	13 533	13 533
Husleige Volda Campus Arena (idrettshall)		1 800 000	1 800 000	1 800 000
Vidareføring innsparingstiltak 2018, reduksjon utgifter	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Reduksjon porto m.m	-213 460	-213 460	-213 460	-213 460

- **Tverrfagleg samarbeid;** barnevernsreforma har eit sterkt krav til tverrfagleg samarbeid til barnevernstenesta og til våre samarbeidspartar. Tenesta har hatt fokus på tverrfagleg samarbeid sidan vi vart interkommunale og det er etablert fleire gode samarbeidsmåtar i denne tida. Dette arbeidet vil tenesta vidareutvikle og styrke i samarbeid med samarbeidspartar i våre kommunar.
I samband med dette vil vi i 2019 ta initiativ til etablering av ei tverrfagleg gruppe som vil ha ansvar for å arrangere ein fagdag i 2020 med tema relatert til tverrfagleg samarbeid om god oppvekst.

- **Kompetansestyrking;** Barnevernsreforma legg også vekt på å bidra til kompetansestyrking av barnevernstenestene, mellom anna med etablering av læringsnettverk og midlar ein kan søke på for å ta konkrete utdanningar. Vår tenesta skal ta del i læringsnettverk og vil aktivt søke på midlar til utdanning for tilsette. Tenesta vil også ta ansvar for eiga læring ved å være ein lærande organisasjon.

Dette skjer ved å arrangere fagdagar teamvis og for heile tenesta, i vekentlege fagmøter, rettleiing med fagteamleiar og i grupper. For 2019 er fagleg hovudtema samtalar med barn.

Ein legg også inn i årshjul for kompetanse og fagutvikling at ein årleg skal ha eigne fagdagar med fokus på nettverksmøter og nettverksarbeid. I løpet av våren 2019 vil ein ferdigstille kompetanseplan for tenesta.

- **Halde lovkrav og fristar;** Tenesta rapporterar kvart halvår om vi utfører dei lovpålagte krava om 3 mnds undersøkingsfrist, om minimum 4 oppfølgingsbesøk for barn som bur utafør heimen, om jamn evaluering av tiltaks- og omsorgsplanar, om systematisk og dokumentert evaluering av hjelpetiltak, om systematisk oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking, ivaretaking av fosterheimar med meir. Vi erfarer ein jamn auke i meldingar, også i saker som omhandlar vald mot barn – dette er særleg arbeids- og tidkrevjande saker. Vi ser at det er krevjande å stette desse lovkrava og at det krev kvalitetsikring av internkontroll, oppdaterte rutinar og tett oppfølging av kvar tilsett.
- **Reduksjon av sjukefråvær;** Eit høgt sjukefråvær har over tid vore eit stort problem for barnevernstenesta. Det er naudsynt å ha eit stadig fokus på balansert arbeidsbelastning, fokus på trivsel, rutinar for avspasering, og oppdaterte rutinar for sakshandsaming og oppdatert internkontroll. Tilrettelegging for fagleg utvikling, systematisk saksrettleiing er også vesentleg i denne samanheng.

Ein ser at å arbeide i barnevernstenesta er krevjande for dei tilsette og ein vert utfordra på eiga sikkerheit i arbeidskvardagen både i høve psykisk og fysisk helse. Arbeidstilsynet hadde tilsyn med tenesta våren 2018 i høve vald og trugslar. Dette førte til pålegg om utbetringar og tenesta ser at dette er noko vi må oppretthalde fokuset på i åra framover.

I planperioden vil ein arbeide med å styrke førebygging av sjukefråvær og å utarbeide eit betre system for tett oppfølging av sjukemelde. Ein vil også i samarbeid med personalavdelinga sjå nærare på arbeidstidsordninga til tenesta.

Økonomiske rammer 2019- Volda kommune:

VOLDA KOMMUNE			
Funksjon	Bud 2018	Prognose 2018	Budsjett 2019
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	5 250 396	5 584 317	5 613 236
F251 Tiltak i familien	1 313 915	1 167 117	1 129 545
F252 Tiltak utanfor familien	7 015 812	6 000 000	6 881 812
F252 Tiltak einsleg mindreårige	13 255 616	11 511 342	11 014 167
Samla kostnad	26 835 739	24 262 776	24 638 760

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760

I økonomiplan 2018-2021 vart det i budsjettet lagt inn reduksjonar på EM-tenesta. Tiltaket er i gangsett og som det går fram av tabellane over er budsjettet på denne tenesta redusert.

Endringar i økonomiplanperioden felles Barnevernteneste:

- **Barnevernsreforma** som regjeringa innfører fører til at kommunen i løpet av økonomiplanperioden får det fulle ansvar for oppfølging av barn i fosterheim og for økonomisk dekning av utgiftene til dette. No betalar kommunen ein eigenandel på kr.33 110 pr. barn. Betaling for barn i institusjon har vore auka jamt siste åra; i 2018 er pris pr. måned kr. 70 320, frå 2020 er det varsla at kommunens eigendel vert ytterlegare auka til å dekke 40% av døgnpris. KS har bedt om å få delta i kostnadsrekning av endringane. Det er ikkje avklart om dei auka kostnadene vert fullt ut dekt gjennom inntektssystemet.

Det er også ei forventning til kommunane om å styrke det førebyggjande arbeidet i familiar for å unngå at barn må flyttast ut av heimane. Den interkommunale barnevernstenesta er godt rusta til dette då tenesta sidan etableringa i 2014 har bygd opp eit eige familieteam m|ed øyremerka stillingar til å arbeide med endringstiltak i heimen. Det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle dette tenestetilbodet.

- **Effektivisering:** Tenesta er oppteken av budsjettkontroll og bevisste haldningar til økonomistyring og har eit tett samarbeid med økonomistaben i høve dette. Det er forventa av offentleg sektor effektivisering på 0,5% pr. år. Dette kravet vert også

stilt til interkommunale tenester. Den interkommunale tenesta ser på dette som ei stor utfordring. Særleg utfordrande for oss då utgifter på tiltaksområdet er vanskelege å føresjå og styre. Her må ein ha ein vedvarande vurdering og kontroll og følgje tett opp utgiftene.

Lov om barnevernstenester pålegg kommunane å sette inn dei tiltak det einskilde barn treng og kan ikkje med grunngiving i økonomi unnlate å sette inn tiltak. Det er vanskeleg å føresjå kva utgifter ein kan få i høve tiltak i åra framover, men ein veit at talet på barn som treng hjelp frå barnevernstenesta stadig aukar. Det er vesentleg for god økonomistyring å ha ei nøktern drift og ein evaluerande praksis som sikrar gode rutinar og målretta tiltak.

Det er på driftsområdet tenesta kan få til eventuell effektivisering. Grunna høgt sjukefråvær har tenesta i 2018 hatt ei innsparing på meir enn 0,5%. Dette då det i vår teneste ikkje vert leigd inn vikarar i arbeidsgivarperioden og stillingar vert ståande vakante i lengre sjukemeldingsperiodar. Ein har derfor inntekt på refusjon sjukeløn. Det er likevel ikkje slik vi ynskjer å oppnå innsparing og sjukefråværet er noko vi arbeider aktivt med å få ned. Stabilitet blant dei tilsette med lågt sjukefråvær og tilsette som blir i tenesta med si kompetanse over tid, er den viktigaste faktoren for effektivisering i tenesta.

I 2018 har tenesta arbeidd med å verte digitale, og frå slutten av november er det venta at dette er i gong. Det vil ta tid før ein ser effekt av dette, men ein forventar at dette i planperioden vil kunne føre til den effektivisering som er kravd. I 2019 vil tenesta evaluere eigen organisering og i samband med dette mellom anna vurdere om ein ved å organisere tenesta annleis og gjere smarte endringar kan effektivisere tenesta.

- **Barnevernsvakt:** Det er eit krav til kommunane at dei har døgnkontinuerlig barnevernsvakt. Dette har vi ikkje i våre kommunar pr.i dag. Våren 2018 søkte kommunane i den interkommunale barnevernstenesta saman med dei andre kommunane i sjustjernesamarbeidet om skjønsmidlar frå fylkesmannen til etablering av ei felles vakt. Ein fekk midlar til dette og det vert no arbeidd med å finne den beste løysninga for våre kommunar.

Fordeling av kostnadar eigenandel barnevernsvakt. Med atterhald om at vi får inntekt med Herøy, Vanylven og Sande på 250 000 kr

Hareid kommune	1 155	15,1 %	75 313
Ulstein kommune	1 993	26,0 %	129 956
Ørsta kommune	2 369	30,9 %	154 473
Hornindal kommune	265	3,5 %	17 280
Volda kommune	1 886	24,6 %	122 979
Sum til budsjett 2019	7 668	100,0 %	500 000

- **Einsleg mindreårige:** I Volda og Ørsta driftar den interkommunale barnevernstenesta bustadar for einsleg mindreårige flyktningar. Barna er fordelt på to einingar i Volda og to i Ørsta samt ei felles oppfølgingsteneste som fyl opp dei som er

flytta ut til eit sjølvstendig tilvære på hybel. Det er bygt opp eit godt fagmiljø i tilbodet til einsleg mindreårige og barna får god omsorg og oppfølging.

Tilskot frå staten har vore vesentleg for drifta av desse bustadane, denne har siste åra vorte redusert og reduserast no ytterlegare. I samband med at det no kjem færre einsleg mindreårige til Norge får også kommunane tilbod om færre barn til busetjing. På grunn av desse endringane ser ein at ein må bygge ned tenestene i samsvar med kor mange barn ein får busett. Denne nedbygginga er i gang og det er eit tett samarbeid mellom tillitsvalde, verneombod og arbeidsgivar i denne prosessen.

Tabell over tal årsverk og stillingar i tenesta:

	Årsverk
Kontorfagleg	2,0
Fagstillingar	32,7
EM Ørsta	14,63
EM Volda	7,94
EM Opp Ørsta/Volda	4,64
Barnevernstenesta	61,91

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
OMDØMME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Sikre eit kvalitativt godt barnevern med fokus på medverknad frå barnet og familien.		Vektlegge arbeidsmetodar som styrkar medverknad frå barn og foreldre ved å nytte familieråd og nettverksmøter der det er tenleg og familien samtykkar til dette.
		Halde fram med å vere Mitt Liv- teneste, og samarbeide med Forandringsfabrikken.
Brukarane møter fagleg oppdaterte medarbeidarar som gir tydeleg informasjon og trygg sakshandsaming.		Ta del på Bufdir sin kompetansesatsing. Gjennomføre fagdagar teamvis og for heile tenesta samt

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
		utarbeide kompetanseplan for tenesta.
Tilby gode møteforhold for brukarar i våre kommunar		Samarbeide med eigarkommunane med å sikre gode og sikre lokalitetar i dei ulike kommunene.
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærvær på 92 %		Arbeide målretta med å styrke forebygging og oppfølging av sjukemelde.
Medarbeidarsamtale med alle tilsette i løpet av november/desember.		
Følgje opp 10-faktor		
Trygge medarbeidarar med sikker arbeidskvardag		Arbeide systematisk med HMT i samarbeid med Verneombod og tillitsvalde. Utarbeide stillingsomtalar for alle tilsette. Lage plan for opplæring av nye tilsette og implementere fadderordning for desse.
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Evaluering av tenesta si organisering.		Vurdere om ei endring av organiseringa vil gi meir effektivitet og betre kvalitet på tenesta.
Stette krava som Lov om barnevernstenester set for sakshandsaming.		Styrke arbeidet med skriftleg dokumentasjon og halde fram med tett oppfølging og rettleiing av tilsette.
Kompetansestyking		Gjennomføre fagdagar teamvis og for heile tenesta. Fagleg tema for 2019 er samtalar med barn. Ta del i Læringsnettverk og aktuelle kurs.
Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid med samarbeidspartar		Ta del i tverrfaglege samarbeidsfora i kommunane. Ta initiativ våren 2019 til ei tverrfagleg interkommunal arbeidsgruppe for planlegging

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
		av tverrfaglig fagdag som skal vere våren 2020.
Etablere ei tenleg barnevernsvakt i samarbeid med Sande, Vanylven og Herøy.		
Styrke fagleg samarbeid med Høgskulen i Volda m. fleire.		Ta del i forskingssamarbeid og inngå avtale om fruktbart fagleg samarbeid for begge partar.
Ta del i etablering av ny oppvekstsektor for Nye Volda.		
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.
Redusering av drift i EM-tenesta.		Samarbeide med tillitsvalde og personalavdelinga om ei redusering som tek i vare eit godt tilbod til barna og til tilsette sine rettar.
Digitalisering av tenesta med elektronisk arkiv og post.		Implementere digital løysing av fagprogrammet og elektronisk arkiv i samarbeid med arkiv og SSIKT.

2.12 NAV

I mai 2014 vart Nav-kontora for Volda og Ørsta slått saman til eitt felles kontor med Ørsta som vertskommune. Dette inneber at Ørsta kommune driv tenestene også for Volda kommune. Nav er ei viktig teneste, og det er viktig at Nav-tenesta inngår i det tverrfaglege samarbeidet med dei øvrige tenestene i kommunen. Det er behov for å gjere ei evaluering av samanslåinga for få oversikt over effekten av denne omorganiseringa. I den samanheng må vi også sikre faste rutiner for rapportering og budsjettering.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Gi alle høve til å kome i arbeid	➤ Å gi alle barn og unge høve til å utvikle seg	➤ Bete levevilkåra for vanskelegstilte
➤ Aktivt tverrfagleg samarbeid med tenestene i Volda kommune	➤ Bruke viremidla fleksibelt ut frå individuelle behov for raskast mogleg kome i aktivitet eller arbeid	➤ Månadleg rapportering av økonomisk forbruk og tertialrapportering på tenestene

Ørsta er vertskommune for Nav-kontoret. Volda kommune kan instruere og gi styringssignal for tenesta i samsvar med samarbeidsavtalen. Ørsta kommune vert bedt om å rapportere på oppfølginga av måla.

Folkehelse

Arbeidslina ligg til grunn i NAV, fokus på arbeid skal vere ein raud tråd i det meste av arbeidet vårt. Forsking viser at det å vere utan arbeid aukar dødelegheit, helseproblem og forbruk av helsetenester. Å vere i arbeid aukar sjølvkjensla, gir betre psykisk helse og generelt betre helse. Arbeidsmiljølova seier også at det å vere i arbeid skal vere helsefremjande. Arbeidsfokuset understøttar folkehelseperspektivet.

Fakta om avdelinga

NAV Ørsta/Volda har pr. i dag 19,9 statlege og 8,75 kommunale årsverk. Av dei statlege årsverka er 0,5 årsverk knytt til settekontorordning. Av dei kommunale årsverka er 0,6 knytt til gjeldsrådgeving, resten er knytt til rettleiing/sakshandsaming.

Kontoret har kommunal minimumsløysing, og skal yte sosiale tenester knytt til genererell råd og rettleiing, økonomisk rådgeving, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, kvalifiseringsprogrammet og individuell plan. I tillegg har vi gjeldsrådgeving.

Kontoret er i dag organisert i to avdelingar, samt med eiga gruppe tilsette som har hovudoppgåvene sine knytt til kommunale tenester. Vi jobbar likevel etter prinsippet om integrerte tenester.

Mål og tiltak

NAV styrer etter eige målekort. I dette er det lagt inn fleire indikatorar og måltal sentralt, i tillegg har vi lagt inn ein del eigne kommunale parameter. For sistnemnde er målet å redusere både antal som mottek sosialhjelp, antal som har denne ytinga som hovudinntektskilde, samt gjennomsnittleg tid brukarane mottek slik stønad. Vi har elles som mål å auke antal deltakarar i kvalifiseringsprogrammet.

Konkrete tiltak for å nå måla, er m.a. målretta bruk av eige styringssystem, oppretting av KVP-nettverk for Søre Sunnmøre, meir utadretta jobbing, tettare samarbeid med samarbeidspartar og eiga kompetanseheving.

Status/utfordringar

Fleire brukarar og rask omstilling vil prege NAV framover.

NAV får fleire brukarar og må handtere eit arbeidsliv i raskare omstilling, men får nye mogelegheiter gjennom digitalisering. Det er hovudfunna i NAV si nye omverdsanalyse.

Endringstakta i samfunnet ser ut til å auke. NAV må vere førebudd på raske omprioriteringar, som følge av moegelege brå omstillingar på arbeidsmarknaden, endringar i tilstrøyming av flyktningar og andre uføresette hendingar.

Vi må rette arbeidet vårt endå meir inn mot arbeid, arbeidsgjevarar og arbeidsmarknaden. Ufaglært ungdom og flyktningar med lite skulegang vil verte særleg utsette grupper på arbeidsmarknaden, og desse gruppene, saman med langtidsledige, vil vere hovudsatsingsgrupper også framover.

Samfunnsutviklinga viser veksande utfordringar m.o.t. auke i ledigheita og fattigdom hos flyktningar. Kommunen si avgjerd om kor mange flyktningar ein ynskjer å busetje, påverkar også ressursbruken i NAV i stor grad. Vi har ei viktig rolle i arbeidet med integrering av flyktningar, dette i samarbeid med øvrig del av kommunen, som har hovudansvar for norskopplæring og introduksjonsprogram.

Innføring av kanalstrategi, sjølvbeteningsløysingar og redusert opningstid, har m.a. gitt oss høve til å jobbe tettare saman med m.a. vidaregåande skular, samt med flyktningkontora i både Volda og Ørsta. Vi har no eigne rettleiarar som jobbar på mobil løysing ute hos desse samarbeidspartane eit par timar ein dag i veka. Dette håper vi skal kome både brukarane, samarbeidspartane og oss sjølve til nytte.

Digitaliseringa vil halde fram for fullt i NAV, førebels er dette mest knytt til statlege tenester. Sjølvbeteningsløysingar knytt til kommunale tenester er også under utvikling. Samla vil effektiviseringa gjennom betre digitale tenester gi betre høve for tettare oppfølging til dei brukarane som treng det mest.

Innføring av aktivitetskrav for sosialhjelp for personar under 30 år, kom i 2017. Aktivitetstilbodet STYRK- aktiv har fungert godt, og vi trur at vilkår og tilbod om aktivitet vil ha effekt på sosialhjelpsbudsjettet framover.

Hovudmålet til NAV er å få fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad. NAV kan ikkje klare å løyse dette samfunnsoppdraget åleine, men må jobbe saman med andre aktørar. Det er viktig med felles forståing av oppdraget, at alle forstår si eiga rolle i det store biletet, og at vi har eit felles overordna målbilete. Vi vil difor vidareføre samarbeid med m.a. legar/behandlarar, andre avdelingar i kommunen, utdanningsinstitusjonar og ikkje minst arbeidsgjevarar/næringsliv.

Økonomiske rammer 2019 - 2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	9 759 050	9 767 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312
Inntekter	-486 153	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	9 272 897	9 467 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312

Sosialhjelpsutgiftene aukar og er hovudårsaken til veksten i utgiftene til Nav.

2.12 FELLESOMRÅDET

Dette ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter som ikkje høyrer naturleg heime på den einskilde sektor.

Her er eit utdrag av utgiftene:

- Amortisering av tidlegare års premieavvik på pensjonsområdet
- Revisjon
- Kontrollutval
- Kyrkjeleg fellesråd
- Tilskot til andre trussamfunn
- Diverse kontingentar, som til dømes kopinor og KS
- Driftstilskot til Volda rullarlag, Volda stadion, Volda skisenter m fl (i høve politiske vedtak)
- Bygselsavtaler (årleg leige av grunn frå grunneigarar i Volda sentrum – vert ein gjennomgang av dette i samband med budsjett 2020 for nye Volda)
- Avskrivningar
- Avsett pott til neste års lønnsoppgjjer, som vert fordelt ut på sektorar i løpet av året
- Innsparingstiltak som skal rapporterast på og fordelast ut på sektorar gjennom året (sjå omtale av tiltak under)

Her er dei viktigaste budsjetterte inntektene:

- Kalkulatoriske inntekter frå sjølvkostområda
- Vertkommunetilskot for asylmottak
- Motpost avskrivningar (inntekt)
- Sal av konsesjonskraft

Økonomiske rammer 2019 – 2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	69 552 195	42 024 750	97 255 797	44 907 967	43 007 967	43 007 967
Inntekter	-58 076 764	-45 930 280	-48 618 831	-48 618 831	-48 618 831	-77 618 831
Fellestenester	11 475 431	-3 905 530	48 636 966	-3 710 864	-5 610 864	-34 610 864

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Gjenstående innsparingar frå ØPL 2018-2021	-4 201 636	-8 701 636	-10 601 636	-10 601 636
Digitalisering stab og merkantilt arbeid i sektor		-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Pensjon - Premieavvik prognose KLP og SPK	-23 242 170	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000
Amortisering premieavvik	4 349 100	7 259 100	7 259 100	7 259 100
Lønnsvekst 2019 (sentralt og lokalt), 3 %	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
Avskrivning og kalkulatoriske renter	-1 625 242	-1 625 242	-1 625 242	-1 625 242
Volda kyrkjelege fellesråd	380 000	380 000	380 000	380 000
Volda Rullarlaug AS, tilskot	467 000	467 000		

Omtale av tiltaka

Digitalisering, strukturendringar m.m

I økonomiplanen 2018-2021 ligg der forventningar om reduksjon i drifta knytt til digitalisering, velferdsteknologi, strukturendringar m.m. I tillegg vart det gjort vedtak om å redusere tenestene knytt til flyktning i tråd med at tilskotet vert redusert. Status på desse tiltaka inn mot 2019 er som følgjer:

	2 019	2 020	2 021	2 022
Digitalisering og innovasjon, samordning skule og barnehage	-4 200 000	-7 700 000	-9 600 000	-9 600 000
Stilling Økonomistab	467 753	467 753	467 753	467 753
Reduksjon rammer Personal	280 611	280 611	280 611	280 611
Sentralbord, porto	250 000	250 000	250 000	250 000
Mork bustadar		1 000 000	2 000 000	2 000 000
Vikebygda- Bratteberg		1 000 000	2 000 000	3 000 000
Legge ned Austefjorden barnehage	350 000	700 000	700 000	700 000
Barnehagedrift sentrum (kommunale og private) (bygg og teneste)				3 000 000
Restverdi på innsparing	-3 201 636	-6 701 636	-8 601 636	-8 601 636

<i>Reduksjon i tenestene knytt til flyktingar</i>	<i>-2 000 000</i>	<i>-3 000 000</i>	<i>-3 000 000</i>	<i>-3 000 000</i>
EM tenesta	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Restverdi på innsparing	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000

Nokre av tiltaka i tabellen er gjennomført. Dei tiltaka som er utheva er tiltak som administrasjonen kjem til å fremje for å få gjennomført forventingane som ligg i tiltak og reduksjon driftskostnader.

I tillegg er det i denne økonomiplanen synleggjort eit tiltak som går på effektivisering i merkantile stillingar både i stabsfunksjonane og i sektorane. I samband med kommunesamanslåinga vert det gjort eit arbeid med tanke på ERP (økonomi, lønn og HR) systemet som vil automatisere arbeidsprosessar.

Pensjon

Prognoser frå KLP er at dei i åra framover vil vere positive premieavvik. Dette vil kome som inntekt i kommunerekneskapan i år 1, og som kostnad dei 7 neste åra i form av amortisert premieavvik. Premieavviket for 2019 er lagt inn i budsjettet med ei inntekt på 23,3 mill kr (prognoser frå KLP og SPK). Amortisering er lagt inn frå år 2020. I tillegg er det lagt inn ei synleggjering av at vi i økonomiplanen forventar positive premiaavvik/bruk av premiefond. Her har vi lagt inn ei inntekt som baserer seg på bruk av premiefondet dei to siste åra.

Lønnsvekst

Det er sett av 3,0 % til neste års lønnsvekst (med verknad frå 1. mai). Dette er i tråd med deflator gitt av KS.

Kyrkjeleg fellestråd

Kyrkja er ein sjølvstendig juridisk organisasjon som er ansvarleg for si drift innanfor dei tilskota som vert ytt frå kommunen. Dette er følgt opp med ei budsjetteknisk omlegging der tilskotet til Kyrkja vert budsjettert som ei driftsoverføring frå kommunebudsjettet. For 2019 er det gitt kompensasjon for lønnsvekst 2018 og ei auke på 0,2 mill kroner. Kyrkjeleg fellestråd sitt innspel til budsjettarbeidet vil bli lagt fram som vedlegg i saksframlegget.

Volda rullarlaug AS

Volda kommune har gitt kommunal garanti på lån til Volda Rullarlaug. Sponsorinntektene har dei siste åra blitt redusert, noko som har gitt økonomiske utfordringar. I 2018 har kommunen gått inn med ekstra tilskot for at rullarlauget skal få dekkja sine plikter knytt til lånet.

Ved etablering av VRL var målet å vere gjeldsfri i 2020. Slik inntektene er no er dette urealistisk, samtidig som ein ser at det også i åra framover er liten moglegheit for å auke inntektene. Dette gjer at VRL no ber kommunen om å gå inn med to større tilskot i åra 2019 og 2020 for å innfri lånet i tråd med planane.

Volda kommune har vore positive med å gi kommunal garanti til idretts- og kulturanlegg. Dette er gode tiltak, men ein må vere budd på at det alltid er ein risiko for at slik garantiar kan verte gjort gjeldande.

2.13 Innspel til budsjettarbeidet

Havbruksfondet

Til budsjettarbeidet har der kommt innspel/søknader frå organisasjonar og grendalag i kommunen. Innspela vert lagt fram som vedlegg i saksframlegget. Fleire av søknadane er knytt til midlane kommunen fekk frå Havbruksfondet. Administrasjonen ser på midlane som frie inntekter og midlane er i 2018 sett av til disposisjonsfondet med tanke på å få på plass ønska investeringar.

Mobil scene

Det vert vist til oversendingsvedtak i PS 104/18 i kommunestyret den 30.08.18. I saka er det lagt fram eit forslag om at Volda kommune skal kjøpe inn ei mobil scene for utlån til ulike aktørar, og i punkt 2 i forslaget, er det føreslått at scena blir lagt i drift under Eigedomsavdelinga.

I samband med dette forslaget har eigedomsavdelinga gjort ei vurdering, og har følgjande innspel. I forslaget er det føreslått at kommunen skal låne ut den mobile scena til aktørar som har behov for det, noko som vil gjere at kommunen konkurrerer med næringslivet om ei teneste som andre kan tilby. Sidan kommunen tenkjer å låne ut scena gratis, vil det heller ikkje vere reell konkurranse om leveransen, og ein går med dette mot regjeringa sitt ynskje om at det skal vere like konkurransevilkår mellom det offentlege og private aktørar. Denne problemstillinga har også vore oppe i tidlegare politiske saker i Volda kommune, og ein har då konkludert med at kommunen ikkje skal konkurrere med næringslivet. Ei løysing med gratis utlån av scene vil kunne bidra til redusert inntekt for dei aktørane som leverer denne tenesta i dag, og det kan også føre til at ein tek vekk kundegrunnlaget deira for vidare drift.

Det er i forslaget estimert ei riggetid på 30 min av 1-2 personar. Dersom ein tenkjer at eigedomsavdelinga skal bistå med levering og montering av scena, må ein, i tillegg til riggetida, rekne med tid for henting, frakttida frå oppbevaringsplass til riggplass og seinare nedrigging og fraktid til lagringsplass. Totalt vil det vere snakk om ein del meir enn 30 min for kvart utlån av scena. I tillegg vil det føre til noko tid for vedlikehald av utstyret. Lønnskostnadane for personane som skal ta på seg dette arbeidet må reknast med i den økonomiske vurderinga for investeringa. Eigedomsavdelinga har ikkje kapasitet til å ta på seg dette arbeidet med den bemanninga ein har i dag.

Innkjøp av ei mobil scene krev også at ein har lagringsplass for scena på ein plass som er lett tilgjengeleg og sentrumsnært. Eigedomsavdelinga kan ikkje sjå at kommunen i dag har eit lokale av denne størrelsen som har ledig kapasitet til å oppbevare og lagre ei mobil scene. Om ein må skaffe nye lokale for lagring vil dette også ha ein økonomisk konsekvens.

Ei investering av ei mobil scene, vil ikkje vere berettiga for mva. kompensasjon. Det kjem ikkje fram i saka om kostnadane som er oppgitt er eks. eller inkl. mva.

Ideen om mobil scene er kreativ. Når det gjeld kven som skal ta ansvar for dette, og korleis det bør organiserast, er det naturleg å trekkje opp nokre prinsipp rundt kva som er kommunalt og privat ansvar for ulike oppgåver. Kommunen kan delta i samskaping med lag og organisasjonar på måtar der ein ikkje kommunaliserer private tenester, som t.d gjennom tilskotsordningar mv.

Asfaltering Reset

Volda skisenter søker om å få dekt kostnader knytt til opparbeiding, masseutskifting og førebuing for asfaltering av p-plassen på Reset.

Administrasjonen har måtte prioritere strengt for å få plass til dei mest prioriterte tiltaka i budsjettarbeidet.

Dette tiltaket er ikkje eit må-tiltak og er derfor ikkje prioritert i administrativt framlegg.

3 INVESTERINGAR

Eit mål for administrasjonen er å få til eit realistisk investeringsbudsjett, der vi veit at i klarer ressursmessig å gjennomføre dei prosjekta som vert vedtatt.

Inn mot 2018 vart talet på prosjekt redusert og vi har også inn mot 2019 heile tida vurdert ressursbruk inn mot forslag som vert lagt fram. Ser vi på status i 2018 og gjennomføring av prosjekt ser vi at det berre er 50 % av planlagt ramme som er gjennomført. Fleire områder og prosjekt vil ha restrammer som må overførast til 2019.

I denne økonomiplanperioden er der fleire store prosjekt som vil krevje høg ressursoppfølging frå teknisk sektor. Som følgje av dette er det ikkje opna for så mange nye investeringsprosjekt. Dei prosjekta som ligg som framlegg er vidareføring av prosjekt som allereie er i gang.

I skjema 2A ser vi investeringsrammer og finansiering samla for åra i økonomiplanperioden.

Detaljert oversikt over investeringsprosjekta kjem frå kapittel 3.1 og utover.

Dei større investeringane i økonomiplanperioden er:

- Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule
- Kino og kultursal
- Idrettshall (infrastruktur Volda Campus Arena)
- Svømmehall
- Sentrumsbarnehage
- IKT og digitalisering (digitalisering i skulen og velferdsteknologi)
- Bustadfeltet Urbakkfoten med tilhøyrande veginfrastruktur
- Opparbeiding av Rotset næringsområde
- Flaumførebygging i Volda sentrum

Dei store prosjekta som ungdomsskule, kino- og kultursal, svømmehall og barnehage har slik planlagt oppstart og ferdigstilling:

	Ramme utan mva	Oppstart	Ferdigstilling
Volda ungdomsskule	160 800 000	2019	2021
Kultur- og kinosal	169 000 000	2019	2021
Symjeanlegg	80 000 000	2020	2022
Barnehage	40 000 000	2021	2022

SKJEMA 2A INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019						
Tekst	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Investeringer i anleggsmidler	198 912 756	276 378 262	254 708 000	251 283 000	202 108 000	51 750 000
Utlån og forskutteringer	3 555 000		0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	2 757 961		0	0	0	0
Avdrag på lån	2 293 875		0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket			0	0	0	0
Avsetninger	10 457 119		800 000	0	0	0
Årets finansierungsbehov	217 976 711	276 378 262	255 508 000	251 283 000	202 108 000	51 750 000
Bruk av lånemidler	-161 409 955	-210 054 470	-187 084 400	-204 734 400	-166 756 400	-41 400 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-2 270 392		0	0	0	0
Tilskudd til investeringer	-5 000		0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-34 521 960	-40 556 688	-44 311 600	-40 116 600	-35 351 600	-10 350 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-8 162 742	-971 000	-1 552 000	-832 000	0	0
Andre inntekter	-1 512 837		0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-207 882 886	-251 582 158	-232 948 000	-245 683 000	-202 108 000	-51 750 000
Overført fra driftsregnskapet	-6 567		0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	-3 625 277		0	0	0	0
Bruk av avsetninger	-6 461 980	-24 796 104	-22 560 000	-5 600 000	0	0
Sum finansiering	-217 976 711	-276 378 262	-255 508 000	-251 283 000	-202 108 000	-51 750 000
Udekket/udisponert	0	0	0	0	0	0

3.1 IKT, DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI

SKJEMA 2A INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
(Brutto investeringsramme)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
IKT, DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI:				
IKT Volda kommune	600 000	600 000		
IKT investeringar nye Volda	8 400 000			
IKT-satsing oppvekst	750 000	750 000	750 000	
Investering velferdsteknologi, Helse og omsorg	1 250 000	1 250 000	1 250 000	
Robotreinhold	1 000 000			

Ikt Volda kommune, velferdsteknologi Helse og omsorg og IKT satsing oppvekst er alle investeringsprosjekt som er vidareført frå økonomiplan 2018-2021.

Robotreinhold er ny og er eit tiltak frå eigedom si side for å effektiviser reinholdet. I samband med etablering av nye Volda er det viktig å få på plass infrastruktur i og mellom kommunane, samt tilpasning av programvare. Dette er investeringar som vi ønskjer skal finansierast med låneopptak. Ei av kommunane må gjere vedtak om låneopptak og det er naturleg å legge dette til Volda sitt kommunestyrevedtak.

3.2 EIGEDOM

SKJEMA 2b INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
(Brutto investeringsramme)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
EIGEDOM:				
Volda u-skule	50 250 000	100 500 000	50 250 000	
Symjeanlegg		25 000 000	50 000 000	25000000
Kultur- og kinosal	46 475 000	92 950 000	46 475 000	
Ny barnehage sentrum		500 000	25 000 000	25000000
Branndepot Straumshamn		800 000		
Legesenteret	5 000 000			
Omsorgsenteret, oppgradering kjøkken	7 700 000			
Oppdgradering kommunale bygg	4 700 000	5 200 000		
4. etasje omsorgsenteret, omgjerung til kontor	10 000 000			
Oppgradering Smalebakken 3	7 500 000			
Folkestadtun – oppgradering	1 800 000			
Ferdigstilling Brannstasjon etter krav frå Arbeidstilsynet	2 800 000			
Myrtun - nytt tak	1 500 000			

Dei største investeringane på eigedom er omtalt tidlegare. Fleire av dei andre tiltaka er også vidareføring frå vedtak i førre økonomiplan, eller prosjekt som er vilt lagt fram som eigne saker.

3.3 INFRASTRUKTUR OG NÆRINGSUTVIKLING

SKJEMA 2b INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
(Brutto investeringsramme)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
NÆRINGSUTVIKLING OG INFRASTRUKTUR:				
Utbetring kommunale vegar	6 000 000	4 000 000		
Opprusting Raudemyrvegen til Samleveg		1 500 000	8 500 000	
Opprusting Kleppevegen til Samleveg				500000
Levetidsforlenging for bruer		800 000	800 000	
Friluftstiltak m.m. (aaa)	333 000	333 000	333 000	
Næringsområde Øvre Rotset	22 500 000	5 000 000		
Kommunal del sentrumsutvikling	5 500 000	2 000 000		
Flomførebygging	26 000 000			
Sansehagen oppgradering av hagen	500 000			
Samleveg Urbakkfoten		8 100 000	15 000 000	
Opprusting Engesetvegen forbi Omsorgsenteret til Samleveg	4 500 000			
Infrastruktur Volda Campus Arena	30 000 000			

Rammene for utbetring kommunale vegar er auka samanlikna med vedtaket frå i fjor, med 6 mill kr i 2019 og med 2 mill kr ekstra i 2020. Næringsområdet Øvre Rotset er auka etter anbudsprosess, jf. Eige saksframlegg. Når det gjeld flomførebygging er også her lagt inn ei auke.

3.4 MASKINER OG KØYRETØY

SKJEMA 2b INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
(Brutto investeringsramme)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
MASKINER OG KØYRETØY M.M				
Maskiner, verktoy og køyretøy til Egedomsdrift	500 000	500 000		500000
Maskiner og køyretøy til parkdrift	300 000	150 000	150 000	
Maskiner og køyretøy til vegdrift	1 250 000	750 000	2 500 000	750000
Brann - Beredskapsmateriell og køyretøy	600 000	600 000	600 000	
Feiing			500 000	

Alle desse tiltaka er vidareføring frå økonomiplanvedtaket i fjor.

4 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR

Vi skal i dette kapitlet sjå på faktorar som er avgjerande for den økonomiske handlefridomen:

- Finansområdet
- Statsbudsjettet for 2019, frie inntekter, utgiftsutjamning og andre statstilskot
- Folketalsutvikling
- Eigedomsskatt
- Næringsutvikling
- Kommunereforma

Vi skal i tillegg sjå på Volda kommune i høve til andre kommunar (KOSTRA).

Tabellen under viser budsjettskjema 1 A for komande økonomiplanperiode. Budsjettskjema 1A viser kor mykje som kan fordelast til drift etter at det er teke omsyn til netto finans-kostnader og netto avsetningar. I resten av kapittel 2 er det gjort grundig greie for føresetnadane som ligg til grunn utrekning av budsjettskjema 1A.

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019						
	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	-209 347 312	-208 400 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000
Ordinært rammetilskudd	-300 215 814	-279 200 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000
Sum frie inntekter	-509 563 126	-487 600 000	-519 644 000	-519 644 000	-519 644 000	-519 644 000
Eigedomsskatt	-16 903 265	-17 500 000	-19 300 000	-19 600 000	-29 350 000	-29 350 000
Andre direkteog indirekte skatter	-753 804	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-38 965 199	-34 558 300	-39 092 525	-44 092 525	-44 092 525	-44 092 525
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-566 185 394	-540 358 300	-578 736 525	-584 036 525	-593 786 525	-593 786 525
Renteinntekter og utbytte	-7 037 353	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000
Avkastning plasseringar	-2 270 627	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	20 441 986	22 670 468	27 624 466	28 979 902	41 238 158	44 834 408
Avdrag på lån	25 305 001	28 656 128	31 221 448	32 100 768	40 730 088	44 326 338
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	36 439 007	42 886 596	50 405 914	52 640 670	73 528 246	80 720 746
Dekn av tidl års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsteningar	21 489 982	0	0	0	0	29 000 000
Til bundne avsteningar	26 339 969	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot	-21 489 982	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-19 656 898	-18 326 734	-67 558 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
Bruk av bundne avsetningar	-275 000	0	0	0	0	0
NETTO AVSETNINGER	6 408 071	-17 626 734	-66 858 908	-12 884 834	-22 655 410	-847 910
Overført til investeringsbudsjettet	6 567	0	0	0	0	0
TIL FORDELING DRIFT	-523 331 749	-515 098 438	-595 189 519	-544 280 689	-542 913 689	-513 913 689
Sum fordelt drift fra skjema 1B	523 331 749	515 098 438	595 189 519	544 280 689	542 913 689	513 913 689
Merforbruk Mindreforbruk	0	0	0	0	0	0

4.1 FINANSOMRÅDET


I 2018 har Volda kommune hatt fram sak og vedteke nytt finansreglement. I tråd med nytt reglement vert det no arbeid med å tilpasse pporteføljen både på gjelds- og plasseringssida med våre forvaltarar.

Volda kommune nyttar Bergen Capital Mangement som forvaltar på gjeldssida og Storebrand på aktiva sida. I tillegg plasserer vi ledig likviditet med vår hovudbank Sparebank1 Søre Sunnmøre.

Dei siste åra har Volda kommune si gjeld auka. Det vil den også gjere i komande økonomiplanperiode. Tabellen under viser planlagde låneopptak i komande økonomiplanperiode:

	2018	2019	2020	2021	2022
Lånegjeld 01.01	932 105 809	1 187 563 834	1 336 426 786	1 509 060 418	1 635 086 730
Låneopptak	284 114 153	180 084 400	204 734 400	166 756 400	41 400 000
Avdrag	28 656 128	31 221 448	32 100 768	40 730 088	44 326 338
Lånegjeld 31.12	1 187 563 834	1 336 426 786	1 509 060 418	1 635 086 730	1 632 160 392

Under er utvikling av langsiktig gjeld i økonomiplaperioden illustrert grafisk:



Finansutgifter

Tabellen under viser prognose for finansutgifter i komande økonomiplanperiode:

	2018	2019	2020	2021	2022
Rente utgifter	22 670 468	27 624 466	28 979 902	41 238 158	44 834 408
Sum renter	22 670 468	27 624 466	28 979 902	41 238 158	44 834 408
Avdrag	28 656 128	31 221 448	32 100 768	40 730 088	44 326 338
Sum finansutgifter	51 326 596	58 845 914	61 080 670	81 968 246	89 160 746

Volda kommune har i 2018 (oktober) ei gjennomsnittrente på 1,79 %.

I økonomiplanperioden er det venta at renta kjem til å auke. Renteauken på eksisterande gjeld er lagt inn som eige tiltak. Nye investeringar er lagt inn med ei rente på 2,5 %.

Avdrag

Volda kommune budsjetterer med minimumsavdrag på sine langsiktige lån. Verdien av anleggsmidlane (bygningar, transportmidlar etc.) og levetida til desse, er avgjerande for kor mykje vi må betale i årlege avdrag. Minimumsavdrag kan bli rekna ut ved 2 ulike metodar, forenkla metode eller avansert metode. Volda kommune nyttar metoden som gir den lågaste avdragsbelastninga pr år (avansert metode).

Forslag til ny kommunelov er sendt på høyring. I forslaget til ny kommunelov vert det lagt opp til at det ikkje lenger er lov å nytte denne modellen. Dette vil føre til 2,1 mill kr i auka årlege avdrag for Volda kommune, men vil ikkje få effekt før ny kommunelov trer i kraft i 2020. auken er lagt inn i budsjettet

Lånegjeld og renteksponering

Det er ikkje all gjeld som belastar kommune sin økonomi. Vi har mellom anna lån knytt til investeringar på sjølvkostområdet (vatn og avlaup). Innbyggjarane betalar renter og avdrag knytt til desse låna. Investeringar på omsorgsområdet (som sjukeheim og omsorgsbustader) der staten finansierer delar av investeringane er eit anna døma. Tabellen under viser kommunen si lånegjeld pr 31.12.2017 delt inn i disse kategoriene:

	31.12.2017
Lånegjeld	932 105 809
Herav:	
Lån til vidare utlån	56 407 959
Sjølvkost	85 146 052
Lån med rentekompensasjon	81 425 045
Renteeksponert gjeld	709 126 753


I løpet av 2018 har vi tatt opp nye lån, og refinansiert andre lån. Dette endrar på gjennomsnittleg rente, rentebindingstid og kapitalbinding:

Nøkkeltal låneportefølje 31.10.2018		
	31.10.2018	01.01.2018
Total lånegjeld	1 216 219 962	932 024 236
Rentebindingstid	1,72 år	2,38 år
Vekta gj.snittsrente	1,79 %	2,09 %
Kapitalbinding	5,67 år	


Rentebindingstid viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid og viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fast. Om ei låneportefølje er utan avdrag og årlege rentebetalningar har ei rentebindingstid på 1, betyr det at porteføljen i gjennomsnitt harei rentebinding på 12 månader.

Kapitalbinding viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding, og viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Dess høgare tal, dess mindre refinansieringsrisiko.

Diagrammet under viser kor del av porteføljen som har rentebinding over og under ett år, og kor mykje som ligg med p.t rente:



Rentebindingsintervall i NOK



Finansinntekter

Tabellen under viser dei budsjetterte finansinntektene for dei neste 4 åra:

	2019	2020	2021	2022
Renteinntekter	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
Utbytte Tussa	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000
Avkastning plassert portefølje	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Sum	-8 440 000	-8 440 000	-8 440 000	-8 440 000

Utbytte Tussa

Volda kommune har 484 aksjar i Tussa (15,96 %). Dette er såkalla B-aksjar som ikkje er fritt omsettelege og berre kan eigast av kommune eller fylkeskommune. Volda kommune har saman med dei andre eigarane inngått ein aksjonæravtale som skal gjelde i 6 år. Kommunen har hatt eit langsiktig siktemål med eigarskapen i Tussa. Kommunen har også finansielt motiv for å vere eigar i Tussa, og det er viktig å signalisere overfor selskapet at kommunen har forventning om at Tussa Kraft AS driv så godt at dei også leverer økonomiske resultat som gjer at Volda kommune får ei tilfredsstillande avkastning av den kapitalen som er stilt til rådighet for selskapet.

Tussa signaliserer at det i økonomiplanperioden er behov for redusert utbytte, og vi kan risikere at dette vert redusert frå 60 % til 30 % av resultatet etter skatt (med ei nedtrapping via 50 % , 40 % og så 30 %). I og med at det ikkje er vedtak på dette er ein eventuell reduksjon ikkje teke høgde for i budsjettet.

Avkastning plassert portefølje

Det er budsjettert med ei avkastning på ca 1,5 mill kr pr år. Her er ikkje lagt inn auke eller reduksjon samanlikna med budsjettet for 2018. I og med at finansreglementet no er endra må vi endre samansetjinga i porteføljen. Mellom anna har vi no opna for plassering i aksjefond. Administrasjonen har møte med Storebrand som er vår forvalter før årsskifte. Dersom her no er grunnlag for å auke avkastning vil dette bli lagt fram gjennom økonomirapportering i 2019.

4.2 FONDSMIDLAR

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

Volda kommune hadde ved inngangen til 2018 omlag 174,4 mill kr på ulike fond. Både i 2018 og dei komande åra i økonomiplanperioden er det budsjettert med bruk av fond, spesielt disposisjonsfond. Tabellen under viser korleis saldoen på fonda vil endre seg om budsjettala i perioden vil halde seg:

Saldo 31.12	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Disposisjonsfond	59 893 744	112 732 025	45 173 117	31 588 283	8 232 873	6 684 963
Bundne driftsfond	45 038 402	45 577 232	43 871 046	42 164 860	40 458 674	38 752 488
Ubundne investeringsfond	60 454 883	38 658 779	16 098 779	10 498 779	10 498 779	10 498 779
Bundne investeringsfond	8 968 000	8 968 000	8 968 000	8 968 000	8 968 000	8 968 000
Sum	174 355 029	205 936 036	114 110 942	93 219 922	68 158 326	64 904 230

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Pr. 31.12.2017 hadde Volda kommune i overkant av 45 mill kr i bundne driftsfond, fordelt på 111 ulike fond. Under her ligg midlar avsett til prosjektet kommunesamanslåing. Hensikta med bundne fond er at desse skal nyttast til det bestemte føremålet innan ei tidsperiode. Ved rekneskapsavslutning kvart år vert det gjort eit arbeid med å hente inn midlar, slik at desse ikkje vert ståande over år.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både investering og driftsbudsjettet. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

- Renteauke
- Lønsoppgjeret vert dyrare enn forventa
- Auke i talet på ressurskrevjande brukarar

All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret.

Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investeringsprosjekt. Fonda utgjer samla 60,4 mill kr ved 31.12.2017.

Sal av tomter vert tilbakeført til dette fondet. I investeringsbudsjettet er ikkje denne inntekta tatt med då det er vanskeleg å sei når tid ei slik inntekt vil kome.

Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen, og er på om lag 9 mill kroner ved utgangen av 2017.

4.3 FRIE INNTEKTER

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskotet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjør saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstilskot for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunnjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune kan vente å få i frie inntekter i 2018-2022 (utdrag frå KS sin prognosemodell):

VOLDA	2018	2019	2020	2021	2022
1000 kr					
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	215 266	226 242	227 139	227 479	227 503
Utgiftsutjevningen	10 609	14 535	14 559	14 568	14 568
Overgangsordning - INGAR	-648	-487	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)	1 720	1 942	1 942	1 528	1 528
Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen (skjønn i 2017)	640	4 275			
Regionsentertilskudd	3 392	3 404	3 411	3 411	3 411
Veksttilskudd	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	1 360	1 850	-	-	-
Budsjettvedtak 2018 Stortinget - endringer ekskl skjønn	1 260				
Budsjettvedtak 2018 Stortinget-skjønn overgangsordning sammenslåing	2 490				
RNB 2018 - endringer i rammetilskudd	22				
Sum rammetilsk uten inntektsutj	236 112	251 760	247 051	246 986	247 010
Netto inntektsutjevning	43 148	44 120	44 120	44 120	44 120
Sum rammetilskudd	279 260	295 880	291 171	291 106	291 130
Rammetilskudd - endring i %	1,2	6,0	-1,6	-0,0	0,0
Skatt på formue og inntekt	218 850	223 764	223 764	223 764	223 764
Skatteinntekter - endring i %	4,54	2,25	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	498 100	519 600	514 900	514 900	514 900

Under følger nærmare omtale av dei mest sentrale elementa:

Brutto innbyggjartilskot

I utgangspunktet vert innbyggjartilskotet fordelt med likt beløp pr innbyggjar for alle kommunane. Innbyggjartilskotet var kr 24 808 per innbyggjar i budsjettframlegg for 2019, og utgjør 226,2 mill kr. for Volda kommune. Dette talet er endeleg fordi det er innbyggjartalet per 01.07.2018 som er grunnlaget for innbyggjartilskotet.

Det samla innbyggjartilskottet vert fordelt mellom kommunane ved at det vert teke omsyn til utgiftsutjamning, inntektsutjamning, samt ein del andre forhold.

Inntektsutjamning

Utjamning av skatteinntekter skjer løpande gjennom året. Dette medfører at kommunane 7 gonger i året får utjamna skatteinntekter sine. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.
- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.
- Kommunar som har skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Ordninga blir finansiert ved at alle kommunar får eit trekk tilsvarande det tilleggskompensasjonen kostar.

I budsjettet for 2019 har vi budsjettert med ei skatteinntekt på 78,7 % av landsgjennomsnittet. Noko som inneber at vi får ei inntektsutjamning på vel 44,1 mill kr.

Utgiftsutjamning

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølv ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein prosent lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er sju prosent høgare enn landsgjennomsnittet.

Volda kommune er i 2019 1,92 % dyrare å drifte enn landsgjennomsnittet, og blir dermed kompensert for dette med 14,5 mill kr, 3,9 mill meir enn i 2018:

VOLDA

Beregning av utgiftsbehov - tillegg/trekk i kroner for år **2018**
(utgiftsutjevnedet tilskudd) prisnivå år 2018

	HELE LANDET		VOLDA			Bruk av folketall 1.7.2017	
	Vekt	Antall	Antall	Utgifts- behovs- indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj	
						kr per innb	1000 kr
0-1 år	0,0054	118 267	196	0,9640	-0,02 %	-10	-88
2-5 år	0,1414	246 598	362	0,8539	-2,07 %	-1 036	-9 401
6-15 år	0,2646	634 798	1 153	1,0566	1,50 %	751	6 813
16-22 år	0,0225	465 492	965	1,2059	0,46 %	232	2 109
23-66 år	0,1033	3 035 065	4 902	0,9395	-0,62 %	-313	-2 843
67-79 år	0,0551	555 836	1 039	1,0874	0,48 %	241	2 191
80-89 år	0,0758	177 201	347	1,1391	1,05 %	529	4 800
over 90 år	0,0382	44 561	109	1,4229	1,62 %	810	7 353
Basistillegg	0,0189	325	0,6138	1,0985	0,19 %	93	847
Sone	0,0101	20 473 409	57 719	1,6400	0,65 %	324	2 942
Nabo	0,0101	9 385 627	23 585	1,4618	0,47 %	234	2 123
Landbrukskrite	0,0021	1	0,0027	1,5519	0,12 %	58	528
Innvandrere 6- Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand	0,0071	49 464	63	0,7409	-0,18 %	-92	-837
Flyktninger ut	0,0084	147 902	147	0,5782	-0,35 %	-178	-1 613
Dødlighet	0,0451	41 160	60	0,8480	-0,69 %	-344	-3 121
Barn 0-15 med	0,0164	122 673	177	0,8393	-0,26 %	-132	-1 199
Lavinntekt	0,0103	260 937	336	0,7490	-0,26 %	-130	-1 177
Uføre 18-49 år	0,0065	94 623	113	0,6947	-0,20 %	-100	-903
Opphopningsi Urbanitetskriterium	0,0096	224	0	0,3987	-0,58 %	-290	-2 628
Aleneboende	0,0194	449 127	598	0,7745	-0,44 %	-219	-1 991
PU over 16 år	0,0483	19 487	38	1,1343	0,65 %	326	2 953
Ikke-gifte 67 år	0,0451	342 622	577	0,9796	-0,09 %	-46	-418
Barn 1 år uten	0,0173	40 654	76	1,0827	0,14 %	72	651
Innbyggere me	0,0190	1 321 033	2 704	1,1907	0,36 %	182	1 649
1 Kostnadsind	1,0000			1,01920	1,92 %	963	8 738

(Tillegg/trekk kr pr innb.)

Alle tall i 1000 kr

2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr

8 738

3 Nto.virkn. statl/priv. skoler

1 871

4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)

10 609

Gjennomsnittlig beregnet utgiftsbehov i kr pr innbygger:

50 167

Ser vi nærare på utgiftsutjamninga ser vi at det er i aldersgruppa 67 og oppover som gir store kommunen får kompensert for. Samtidig ser vi at vi får eit ganske så stort trekk i aldersgruppa 2-5 år, heile 9 mill kroner. Utgiftsutjamninga gir oss eit bilete på kvar utfordringane (samanlikna med andre kommunar) ligg.

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet med inntektsgarantiordninga er å gje kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berekninga blir talet på innbyggjarar per 1. juli 2018 brukt. Volda kommune blir i 2019 trekt med 0,5 mill kr gjennom ordninga.

4.4 GENERELLE STATSTILSKOT

Reduksjon i tilskot knytt til flyktning held fram i 2019. Dette er ei stor utfordring då dt tar tid å redusere tenesteproduksjonen.

Under følgjer ei oversikt over integreringstilskota (prognose) 2018-2022.

Generelle statstilskot	2018 (prognose)	2019	2020	2021	2022
Integreringstilskot	32 129 800	22 865 900	22 865 900	22 865 900	22 865 900
EM-tilskot	16 248 575	12 504 375	12 504 375	12 504 375	12 504 375
Vertskommunetilskot	1 246 631	1 069 921	1 069 921	1 069 921	1 069 921
Samla SUM tilskot	49 625 006	36 440 196	36 440 196	36 440 196	36 440 196


Integreringstilskottet er budsjettert slik i komande økonomiplanperiode:

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	B 2019
År 1 (2019)	237 000,00	4	948 000,00
År 1 (2019)	187 000,00	16	2 992 000,00
År 2 (2018)	239 000,00	25	5 975 000,00
År 3 (2017)	171 000,00	40	6 840 000,00
År 4 (2016)	85 500,00	43	3 676 500,00
År 5 (2015)	71 600,00	34	2 434 400,00
SUM		162	22 865 900,00

4.5 FOLKETALSUTVIKLING

Folketalet i Volda har dei siste åra hatt ei positiv utvikling og pr. 01.01.2017 var det 9102 innbyggjarar i kommunen.

Tabell folketalsutvikling i Volda 2006–2018. Alle tal pr. 01.01. kvart år.



Statistisk sentralbyrå (SSB) har publisert framskrivingar av folketalet basert på tal for 2016.

Framskrivning av folketalet fram mot 2040, basert på middels nasjonal vekst (MMMM):

	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040	Auke i %
0 år	88	103	109	114	118	123	120	117	115	30,7
1-5 år	472	465	489	524	546	658	664	652	640	35,6
6-12 år	824	830	812	789	792	794	952	981	968	17,5
13-15 år	326	337	343	362	363	354	342	424	434	33,2
16-19 år	512	489	482	462	473	516	475	532	598	16,8
20-44 år	2968	3047	3113	3170	3181	3308	3427	3415	3398	14,5
45-66 år	2416	2436	2452	2459	2477	2462	2502	2642	2820	16,7
67-79 år	975	1008	1039	1062	1091	1205	1251	1276	1348	38,2
80-89 år	340	341	341	352	346	430	560	631	668	96,5
>90 år	116	117	115	111	119	108	112	146	199	71,5
Totalt	9037	9173	9295	9407	9506	9958	10405	10816	11188	23,8


Tabellen ovanfor er basert på SSB sitt MMMM-alternativ (middels nasjonal vekst), som føreset at fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og nettoinnvandring held seg på eit

mellomnivå. Etter MMMM-alternativet vil vi få ein relativt stor auke i folketalet fram mot 2040. Samla sett vil folketalet auke med 23,8 prosent (2151 innbyggjarar). Vi ser ein dramatisk auke i gruppa 67–79 år, 80–89 år og > 90 fram mot 2040, noko som i åra framover vil gi oss store utfordringar i pleie- og omsorgssektoren. Det er positivt at talet på barn i alderen 0–12 år aukar med i gjennomsnitt om lag 27,9 prosent og at vi har ei rimeleg stabil

Demografi





Folketalet utvikling, 2000 til 2017 og framskriving til 2030



Kjelde: SSB, Panda 8



utvikling i aldersgruppene 20–66 år. Dette er imidlertid utviklinga i eit langt perspektiv og situasjonen vil variere i perioden.

Barn og ungdom, 1986 til 2017 og framskriving til 2030


 Volda kommune


Kjelde: SSB 10

Tal personar 67 år og eldre


 Volda kommune

Kjelde: SSB 16

Forsørgarbyrde for eldre, 1986 til 2040




Volda kommune

Definisjon av forsørgarbyrde for eldre:

Forholdet mellom tal personar i aldersgruppa 20 til 66 år (yrkesaktive) og tal eldre personar 67 år og eldre (yrkespassive).

Kjelde: SSB 17

Relativ del 80 år og eldre av befolkninga, 2017 og 2030



Volda kommune

Kjelde: SSB 18

4.6 EIGEDOMSSKATT

Første året med eigedomsskatt var i 2014, med ein sats på 2 promille. Denne satsen er ført vidare ut 2019. I økonomiplanen er det lagt til grunn at satsen vert heldt på 2 promille i perioden 2018-2020, med auking til 3 promille i 2021. Grunnen til at satsen er 3 promille frå 2021 er at regjeringa foreslår at eigedomsskatten kan bare aukes med maksimalt 1 promille i året.

Det er dermed budsjettert med 19,3 mill kr i inntekter frå eigedomsskatten i 2019 med ei auke på 0,5 mill for kvart år fram til 2020 grunna nybygging og prisauke på bustadar. Samstundes så har regjeringa i forslag til statsbudsjett fjerna den såkalla maskinskatten frå og med 2019. For Volda sin del vil det totalt utgjere totalt omtrent 0,4 mill mindre i eigedomsskatt. Dette skal gradvis reduserast over 7 år slik at reduksjonen vert i underkant av 60 000 kr i 2019 og med tilsvarende reduksjon for kvart år fram til og med 2025. For eigedomsskatten i 2021 er det lagt inn ein eigen auke på ca 9,5 mill høve til utskreven eigedomsskatt i 2020 grunna auke av satsen til 3 promille.

Kommunestyret har i vedtaket om innføring av eigedomsskatt føresett at den skal søkjast avvikla i 2019. Store investeringar som ungdomsskule, kultur- og kinosal, symjeanlegg og barnehage med påfølgjande auka gjeldsbelastning og kapitalutgifter gjer at Volda kommune må pårekne eigedomsskatt i svært lang tid framover. Det er likevel svært viktig å ha kritisk fokus på drifta for å unngå auke i eigedomsskatten utover nivået som er foreslått, og heller gjere tiltak for ev nedtrapping. Dette vil vere naturleg å sjå i samanheng med tenestestruktur på skule og barnehage der Volda kommune driv vesentleg dyrare enn statleg normert nivå. Dette er også i samsvar med konklusjonen til den politiske arbeidsgruppa som har førebudd eit grunnlagsdokument til budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Når ein skal vurdere belastninga eigedomsskatten inneber for innbyggjarane, så bør ein sjå dei samla avgiftene på eigedom i kommunen. Avgiftene på vatn, avløp og renovasjon er låge i Volda kommune samanlikna med kommunane i regionen, landet og i kommunegruppa. Dette inneber at sjølv med eigedomsskatt, så vil Volda kommune kome relativt godt ut på samla avgiftsnivå samanlikna med mange andre kommunar.

4.7 NÆRINGSUTVIKLING

Kraftfond og næringsfond

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er no på kr. 735 000, med tillegg av renter . Reknar ein rund sum er det til disp **kr. 750 000 pr. år.**

Kommunestyret hadde på slutten av 2016 opp eiga sak om næringsfond-kraft og vidareførte prinsippa for løyving. Fordelinga vert då slik:

- | | |
|--|-------------------|
| • Løyving til Sunnmøre Kulturnæringshage AS (Hoppid) | kr. 150 000 |
| • Tilskot Volda Næringsforum | kr. 360 000 |
| • Dei Nynorske Festspela | kr. 75 000 |
| • Veka | kr. 20 000 |
| • X2 | kr. 50 000 |
| • Kammermusikkfestivalen | kr. 20 000 |
| • DokFilm | kr. 20 000 |
| • Animasjonsfestivalen | kr. 20 000 |
| • Naturfestivalen | kr. 10 000 |
| • Uforutsett | <u>kr. 25 000</u> |

SUM

kr. 750 000

Pr. dato er det ingen unytta løyving på fondet bortsett frå det som ennå ikkje er utbetalt for 2018.

Kommunen har framleis til disp. omlag kr. 240 000 på næringsfond-stat/kommune; midlar som skal nyttast etter retningsliner derifrå.

Kulturnæringshagen – nyetableringar

Kommunestyret vedtok i sak 139/13 å fornye avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om drift av lokalt hoppid.no-kontor for åra 2013-2016. Den avtalen er forlenga og blir automatisk fornya med eit år om gangen om den ikkje er sagt opp av ein av partane innan 1.oktober i avtaleåret. I samsvar med kst.vedtak i sak 59/12 driftar Sunnmøre Kulturnæringshage AS det lokale hoppid.no-kontoret for kommunen (sjå <http://www.sknh.no/ressursar/hoppid-no-kurs-og-nettverk>).

I følge Fylkesstatistikken for 2018 (nett publisert) vart det i 2017 registrert 78 nyetableringar i Volda (2016 – 70). Dette gir ei etableringsgrad på 13, med 8 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar. Tilsvarende for Ørsta var 96 (2016 – 80) , etableringsgrad 13, med 9 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal var ei etableringsgrad på 12, med 8 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar.

Volda næringsforum fekk i 2017 overført ei rammeløyving på kr. 360 000.

Næringsforumet har eit budsjett på om lag 1 mill kr. Drifta er avhengig av kommunalt tilskot i tillegg til medlems-/serviceavgift, andre tilskot og sal av tenester. I 2018 har Volda næringsforum selt prosjektbistand til Volda kommune i samband med sentrumsprosjektet, reiseliv og ulike prosjekt gjeldande flyktningar og innvandrarar. Dette er vesentleg redusert i høve til tidlegare år. Kommunen har vidare varsla om at for 2019 vil vurdere desse ordningane på nytt.

I samband med nye Volda vert det også ein gjennomgang av organisering av næringsapparatet. Næringslivet i Volda, Hornindal og Bjørke må i samråd med Volda kommune finne ut av korleis dette skal vere.

Rådmannen foreslår at Volda kommune også for 2019 går inn med eit driftstilskot over kraftfondet på kr 360 000, og eit tilskot frå driftsbudsjettet kr 10 000. Tilskotet til Volda Næringsforum vert styrka med løns- og prisstigning, dvs 2,6 % avrunda oppover til kr 370 000.

Når det gjeld dei statlege næringsfondsmidlane vil det ut frå signala i forslaget til statsbudsjett heller ikkje i 2019 verte noko påfyll til Volda kommune. Dette resulterer i at kommune ikkje har midlar utover ubrukt løyving (sjå framanfor) til å gi tilskot til nyetablerarar og til bedriftsutvikling.

Tilrettelegging for bustadbygging

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, men for å kome inn under vekstkommunekategorien og få vekstkommunetilskot, så må innbyggjarveksten kome over 1,6 % over ein 3-årsperiode. Volda ligg sentralt geografisk i høve eit akseptabelt pendlingsomland på om lag 60 000 innbyggjarar. Volda har sentrale regionfunksjonar, og bør ha grunnlag for folketalsvekst. I budsjett- og økonomiplanen er det foreslått infrastruktur som kan utløyse bustadutbygging for å stimulere folketalsvekst.

Det er behov for å utvikle ein heilskapleg bustadpolitikk i samarbeid med Husbanken og utbyggjarar med basis i den nasjonale målsettinga om at alle bør ha sin eigen bustad. Det er ei generell problemstilling i kommunane at bustadbygginga vert styrt av marknaden, og at det er manglande tilrettelegging for at dei med bustadsosiale behov og lågtinntektsfamiliar kan skaffe eigen bustad. Dette er svært viktig sett i høve barneperspektivet og folkehelseperspektivet. Dette bør ein gå nærare inn med sikte på å etablere gode tiltak i nye Volda.

Tilrettelegging for næringsetablering

Arbeidsmarknaden i Volda er tufta på kompetansmiljøet i dei offentlege institusjonane. Det er viktig at kommunen er tilretteleggjar og er tydelege overfor myndighetene om viktigheita av å ha desse institusjonane i regionen vår også i framtida, jfr. det som no er signalisert når det gjeld t.d. Tingretten.

Parallelt med dette er det viktig at Volda har strategiar for å stimulere til arbeidsplassar i det private næringslivet. Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage er rådgjevingsorgan som er sentrale for å hjelpe bedrifter i gang, kople offentlege og private interesser i partnerskap, og vere talerøyr for næringslivet sine interesser.

Det er sikra grunn for Rotset næringsområde, og det er gjort vedtak om å opparbeide delar av området. Det er sett av midlar til vidare sentrumsutvikling. Planlagt investering i «Elvadalsprosjektet» er gjennomført i 2018 og vi ser allereie at dette området har medført auka tilgjengelighet og ein auka bruk. M.a. nyleg gjennomførte prosjektet «Elvalangs» med truleg bort i mot 2000 besøkjande syner at dette området har stort potensial.

Oppdelt eigedomsstruktur er ei utfordring med tanke på heilskapleg sentrumsutvikling. Dersom ei gruppe grunneigarar samlar seg om felles interesser for å utløyse utbygging på sine område, ev i samarbeid med eksterne investorar, så bør kommunen vere aktiv med sikte på tilretteleggingstiltak.

Reiseliv

Pr. dato er Volda kommune ikkje medlem av nokon reiselivsdestinasjon.

Kommunestyret gjorde i møte 16.06.16, PS-sak 82/16 vedtak om å omdisponere midlane som tidlegare var avsett til medlemskap i Desinasjon Ålesund og Sunnmøre til *prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda*.

Før ein gjer endeleg vedtak er det ynskjeleg å sjå den i samanheng med kommunesamanslåinga og prosjektet «Nye næringar på gamle tufter».

Rådmannen meiner at reiselivsnæringa i Volda kommune har eit potensial for utvikling. Føresetnaden for dette er at det er aktørar innanfor næringa som har ambisjonar, og at desse definerer sine behov for tilrettelegging og støtte og er i dialog med kommunen, næringsapparatet i kommunen og regionalt. Ein ynskjer også å drøfte reiselivssamarbeid med nabokommunane og forsøke å få til ein felles strategi gjennom eit samarbeid om masterplan for reiselivsutvikling i regionen.

I prosessen med nye Volda må ein ta stilling til tilknytning til destinasjonsselskap, Ålesund og Sunnmøre, Visit Nordfjord eller ev begge.

Volda kunnskapspark

Kulturnæringshagen har prosjektleiinga på forprosjektet Kunnskapspark på Campusområdet. Dette vil etter kvart gå over i eit hovudprosjekt der ein får eit prospekt på innhald, organisering, kostnader og finansiering.

Parkeringsordning på Campusområdet

Høgskulen har teke initiativ til å utgreie parkeringsordning på høgskuleområdet. Dei har invitert med Volda kommune og Volda Campus Arena. I tillegg er det også dialog med Helseforetaket. Føresetnaden for å få til ei slik ordning er at ein ser samla parkeringsområde

på Campusområdet under eitt og får ei felles organisering som forvaltar og utviklar samla parkeringsplassar. Dette føreset at ein også får ein skiltplan for omkringliggjande område for å hindre villparkering.

4.8 KOMMUNEREFORMA

Volda og Hornindal har gjort vedtak om å slå seg saman og ny kommune trer i kraft frå 1.januar 2020. I tillegg har regjeringa vedteke grensejustering der Bjørke og Viddal også vert lagt til Volda kommune.

Prosjektarbeidet med kommunesamanslåinga er no godt i gang med Fellesnemnda som overordna styringsorgan og med eiga styringsgruppe med rådmannen i Volda som prosjektleiar.

Det er gjort vedtak om overordna organisering og leiargruppa for nye Volda er etablert. Den siste av leiarane Jarl Martin Møller vil ta til i si stilling som kommunalsjef for samfunnsutvikling 1.januar 2019.

Ny politisk organisering vart vedteken 6. september. Utanom kommunestyret og formannskapet vil det verte tre tenesteutval: Helse- og omsorg, Oppvekst og kultur og Forvaltning og utvikling.

Det er vedteke at det skal vere 33 medlemmer i kommunestyret, samt at det skal vere ni medlemmer i formannskapet og dei tre tenesteutvala. I tenesteutvala skal også minst 5 av medlemmene vere kommunestyremedlemmer.

Økonomiske rammer og budsjett for kommunesamanslåinga er det Fellesnemnda som gjer vedtak om , og det vert lagt fram eiga sak til Fellesnemnda om det. Fellesnemnda skal elles gje fråsegn til dei to kommunane sine budsjett.

Det er viktig at dei politiske organa i gamle Volda i løpet av 2019 innstiller seg på at dette er eit år i avvikling, og at det parallelt pågår ein svært omfattande prosess på å lande prosjektet for å setje nye Volda i drift i 2020. Dette vil binde opp kapasitet i adminstrasjonen, og ein må derfor vere budd på strenge prioriteringar, og der prosjektarbeidet må gå framfor annan aktivitet. Både i driftsorganisasjonen gamle Volda og i prosjektorganisasjonen nye Volda må ein skilje mellom MÅ, BØR og KAN-oppgåver.

4.9 KOSTRA tal Volda kommune

I år vert det i tillegg til økonomiplan 2019 – 2022/Budsjett 2019 lagt fram eit eige skyggebudsjett for perioden for Nye Volda.

I og med at vi ikkje har felles organisasjon å legge fram budsjett på vil vi lage eit skyggebudsjett som baserer seg på Kostra funksjonar.

Eigne Kostra-tal for Volda kommune vert difor ikkje med i dette dokumentet.

VEDLEGG

HOVUDOVERSIKTER

Budsjettskjema 1A

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019						
	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	-209 347 312	-208 400 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000
Ordinært rammetilskudd	-300 215 814	-279 200 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000
Sum frie inntekter	-509 563 126	-487 600 000	-519 644 000	-519 644 000	-519 644 000	-519 644 000
Eigedomsskatt	-16 903 265	-17 500 000	-19 300 000	-19 600 000	-29 350 000	-29 350 000
Andre direkteog indirekte skatter	-753 804	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-38 965 199	-34 558 300	-39 092 525	-44 092 525	-44 092 525	-44 092 525
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-566 185 394	-540 358 300	-578 736 525	-584 036 525	-593 786 525	-593 786 525
Renteinntekter og utbytte	-7 037 353	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000
Avkastning plasseringar	-2 270 627	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	20 441 986	22 670 468	27 624 466	28 979 902	41 238 158	44 834 408
Avdrag på lån	25 305 001	28 656 128	31 221 448	32 100 768	40 730 088	44 326 338
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	36 439 007	42 886 596	50 405 914	52 640 670	73 528 246	80 720 746
Dekn av tidl års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsteneringer	21 489 982	0	0	0	0	29 000 000
Til bundne avsteneringer	26 339 969	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot	-21 489 982	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-19 656 898	-18 326 734	-67 558 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
Bruk av bundne avsetninger	-275 000	0	0	0	0	0
NETTO AVSETNINGER	6 408 071	-17 626 734	-66 858 908	-12 884 834	-22 655 410	-847 910
Overført til investeringsbudsjettet	6 567	0	0	0	0	0
TIL FORDELING DRIFT	-523 331 749	-515 098 438	-595 189 519	-544 280 689	-542 913 689	-513 913 689
Sum fordelt drift fra skjema 1B	523 331 749	515 098 438	595 189 519	544 280 689	542 913 689	513 913 689
Merforbruk Mindreforbruk	0	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 1B

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	1 948 074	2 234 642	2 155 426	2 155 426	2 155 426	2 155 426
Inntekter	-9 911	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984
Rådmann	1 938 003	2 168 658	2 089 442	2 089 442	2 089 442	2 089 442
Utgifter	3 660 879	2 135 979	2 087 448	2 087 448	2 087 448	2 087 448
Inntekter	-2 179 827	-876 705	-876 705	-876 705	-876 705	-876 705
Samfunn og rådgjeving	1 480 331	1 259 274	1 210 743	1 210 743	1 210 743	1 210 743
Utgifter	29 089 831	20 450 768	20 416 075	20 416 075	20 416 075	20 416 075
Inntekter	-14 492 288	-1 677 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424
Personal og organisasjon	14 595 832	18 773 344	18 938 651	18 938 651	18 938 651	18 938 651
Utgifter	8 413 735	8 198 573	7 506 952	7 506 952	7 506 952	7 506 952
Inntekter	-2 504 906	-1 773 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757
Økonomi	5 907 721	6 424 816	5 483 195	5 483 195	5 483 195	5 483 195
Utgifter	9 759 050	9 767 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312
Inntekter	-486 153	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	9 272 897	9 467 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312
Utgifter	267 213 894	255 808 741	255 484 970	255 284 970	255 284 970	255 284 970
Inntekter	-60 391 362	-47 594 109	-35 124 648	-35 124 648	-35 124 648	-35 124 648
Opplæring og oppvekst	206 802 041	208 214 632	220 360 322	220 160 322	220 160 322	220 160 322
Utgifter	269 186 453	247 067 416	263 788 977	263 627 977	263 627 977	263 627 977
Inntekter	-78 835 996	-59 571 203	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032
Helse og omsorg	190 331 155	187 496 213	201 451 945	201 290 945	201 290 945	201 290 945
Utgifter	14 605 536	13 712 550	13 409 623	15 209 623	14 742 623	14 742 623
Inntekter	-4 173 621	-2 260 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395
Kultur og service	10 429 987	11 452 155	11 219 228	13 019 228	12 552 228	12 552 228
Utgifter	3 343 460	3 057 822	3 227 001	3 227 001	3 227 001	3 227 001
Inntekter	-149 076	0	0	0	0	0
Politisk verksemd	3 190 789	3 057 822	3 227 001	3 227 001	3 227 001	3 227 001
Utgifter	78 310 274	75 441 086	74 724 285	74 724 285	74 724 285	74 724 285
Inntekter	-39 755 185	-39 217 269	-35 840 175	-35 840 175	-34 840 175	-34 840 175
Teknisk	38 555 089	36 223 817	38 884 110	38 884 110	39 884 110	39 884 110
Utgifter	27 210 512	23 923 469	21 817 733	21 817 733	21 817 733	21 817 733
Inntekter	-27 210 504	-23 923 469	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733
Sjølvkosttenester	-401	0	0	0	0	0
Utgifter	10 151 721	9 990 485	10 216 548	10 216 548	10 216 548	10 216 548
Inntekter	-4 185 950	-2 984 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704
Utvikling	5 964 217	7 005 781	7 081 844	7 081 844	7 081 844	7 081 844
Utgifter	100 768 046	97 254 857	99 859 528	99 859 528	99 859 528	99 859 528
Inntekter	-100 768 045	-97 254 857	-99 859 528	-99 859 528	-99 859 528	-99 859 528
Barneverntenesta (vertsk.)	-42 667	0	0	0	0	0
Utgifter	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	69 552 195	42 024 750	97 255 797	44 907 967	43 007 967	43 007 967
Inntekter	-58 076 764	-45 930 280	-48 618 831	-48 618 831	-48 618 831	-77 618 831
Fellestenester	11 475 431	-3 905 530	48 636 966	-3 710 864	-5 610 864	-34 610 864

Budsjettskjema 2A

SKJEMA 2A INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019						
Tekst	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Investeringer i anleggsmidler	198 912 756	276 378 262	254 708 000	251 283 000	202 108 000	51 750 000
Utlån og forskutteringer	3 555 000		0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	2 757 961		0	0	0	0
Avdrag på lån	2 293 875		0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket			0	0	0	0
Avsetninger	10 457 119		800 000	0	0	0
Årets finansieringsbehov	217 976 711	276 378 262	255 508 000	251 283 000	202 108 000	51 750 000
Bruk av lånemidler	-161 409 955	-210 054 470	-187 084 400	-204 734 400	-166 756 400	-41 400 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-2 270 392		0	0	0	0
Tilskudd til investeringer	-5 000		0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-34 521 960	-40 556 688	-44 311 600	-40 116 600	-35 351 600	-10 350 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-8 162 742	-971 000	-1 552 000	-832 000	0	0
Andre inntekter	-1 512 837		0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-207 882 886	-251 582 158	-232 948 000	-245 683 000	-202 108 000	-51 750 000
Overført fra driftsregnskapet	-6 567		0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	-3 625 277		0	0	0	0
Bruk av avsetninger	-6 461 980	-24 796 104	-22 560 000	-5 600 000	0	0
Sum finansiering	-217 976 711	-276 378 262	-255 508 000	-251 283 000	-202 108 000	-51 750 000
Udekket/udisponert	0	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 2B

SKJEMA 2B INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
Beskrivelse	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
IKT, DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI:				
Kjøp av IKT-utstyr	480 000	480 000	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	120 000	120 000	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-120 000	-120 000	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-480 000	-480 000	0	0
IKT Volda kommune				

SKJEMA 2B INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
Beskrivelse	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Kjøp av IKT-utstyr	6 720 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 680 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 680 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-6 720 000	0	0	0
IKT investeringar nye Volda				
Kjøp av IKT-utstyr	600 000	600 000	600 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	150 000	150 000	150 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-150 000	-150 000	-150 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-600 000	-600 000	-600 000	0
IKT-satsing oppvekst				
Kjøp av IKT-utstyr	1 000 000	1 000 000	1 000 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	250 000	250 000	250 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-250 000	-250 000	-250 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	0
Investering velferdsteknologi, Helse og omsorg				
Kjøp av IKT-utstyr	800 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	200 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-200 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-800 000	0	0	0
Robotreinhold				
EIGEDOM:				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	40 200 000	80 400 000	40 200 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	10 050 000	20 100 000	10 050 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-10 050 000	-20 100 000	-10 050 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-40 200 000	-80 400 000	-40 200 000	0
Volda ungdomsskule				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	0	20 000 000	40 000 000	20 000 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	0	5 000 000	10 000 000	5 000 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	-5 000 000	-10 000 000	-5 000 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	-20 000 000	-40 000 000	-20 000 000
Symjeanlegg				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	42 250 000	84 500 000	42 250 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	4 225 000	8 450 000	4 225 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-4 225 000	-8 450 000	-4 225 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-42 250 000	-84 500 000	-42 250 000	0
Kultur- og kinosal				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	0	400 000	20 000 000	20 000 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	0	100 000	5 000 000	5 000 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	-100 000	-5 000 000	-5 000 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	-400 000	-20 000 000	-20 000 000
Ny barnehage sentrum				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	0	640 000	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	0	160 000	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	-160 000	0	0

SKJEMA 2B INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
Beskrivelse	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	-640 000	0	0
Branndepot Straumshamn				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	4 000 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 000 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 000 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-4 000 000	0	0	0
Legesenteret				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	6 160 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 540 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 540 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-6 160 000	0	0	0
Omsorgsenteret, oppgradering kjøkken				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	3 760 000	4 160 000	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	940 000	1 040 000	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-940 000	-1 040 000	0	0
Refusjon frå andre (private)	-752 000	-832 000	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-3 008 000	-3 328 000	0	0
Oppgradering kommunale bygg				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	8 000 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	2 000 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-2 000 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-8 000 000	0	0	0
4. etasje omsorgsenteret, omgjerung til kontor				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	6 000 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 500 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 500 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-6 000 000	0	0	0
Oppgradering Smalebakken 3				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 440 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	360 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-360 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 440 000	0	0	0
Folkestadtun - oppgradering				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	2 240 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	560 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-560 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 240 000	0	0	0
Ferdigstilling Brannstasjon etter krav frå Arbeidstilsynet				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 200 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 200 000	0	0	0
Myrtun - nytt tak				

SKJEMA 2B INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
Beskrivelse	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
VEGAR, NÆRINGSUTVIKLING OG INFRASTRUKTUR:				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	4 800 000	3 200 000	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 200 000	800 000	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 200 000	-800 000	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-4 800 000	-3 200 000	0	0
utbetring kommunale vegar				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	0	1 200 000	6 800 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	0	300 000	1 700 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	-300 000	-1 700 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	-1 200 000	-6 800 000	0
Opprusting Raudemyrvegen til Samleveg				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	0	0	0	400 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	0	0	0	100 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	0	0	-100 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	0	0	-400 000
Opprusting Kleppevegen til Samleveg				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	0	640 000	640 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	0	160 000	160 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	-160 000	-160 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	-640 000	-640 000	0
Levetidsforlenging for bruer				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	266 400	266 400	266 400	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	66 600	66 600	66 600	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-66 600	-66 600	-66 600	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-266 400	-266 400	-266 400	0
Friluftstiltak m.m. (aaa)				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	18 160 000	4 000 000	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	4 340 000	1 000 000	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-4 340 000	-1 000 000	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-18 160 000	-4 000 000	0	0
Næringsområde Øvre Rotset				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	4 400 000	1 600 000	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 100 000	400 000	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	800 000	0	0	0
Refusjonar frå staten	-800 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 100 000	-400 000	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-4 400 000	-1 600 000	0	0
Kommunal del sentrumsutvikling				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	20 800 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	5 200 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-5 200 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-20 800 000	0	0	0
Flomførebygging				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	400 000	0	0	0

SKJEMA 2B INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
Beskrivelse	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Moms-utgift investering med kompensasjon	100 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-100 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-400 000	0	0	0
Sansehagen oppgradering av hagen				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	0	6 480 000	12 000 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	0	1 620 000	3 000 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	-1 620 000	-3 000 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	-6 480 000	-12 000 000	0
Samleveg Urbakkfoten				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	3 600 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	900 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-900 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-3 600 000	0	0	0
Opprusting Engesetvegen forbi Omsorgsenteret til Samleveg				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	24 000 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	6 000 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-6 000 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-24 000 000	0	0	0
Infrastruktur Volda Campus Arena				
MASKINER OG KØYRETØY M.M				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	400 000	400 000	0	400 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	100 000	100 000	0	100 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-100 000	-100 000	0	-100 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-400 000	-400 000	0	-400 000
Maskiner, verktyg og køyretøy til Egedomsdrift				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	240 000	120 000	120 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	60 000	30 000	30 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-60 000	-30 000	-30 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-240 000	-120 000	-120 000	0
Maskiner og køyretøy til parkdrift				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 000 000	600 000	2 000 000	600 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	250 000	150 000	500 000	150 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-250 000	-150 000	-500 000	-150 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 000 000	-600 000	-2 000 000	-600 000
Maskiner og køyretøy til vegdrift				
Kjøp av transportmiddel	480 000	480 000	480 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	120 000	120 000	120 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-120 000	-120 000	-120 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-480 000	-480 000	-480 000	0
Brann - Beredskapsmateriell og køyretøy				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	0	0	400 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	0	0	100 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	0	-100 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	0	-400 000	0

SKJEMA 2B INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019

Beskrivelse	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
-------------	---------------	---------------	---------------	---------------

Feiing				
--------	--	--	--	--

Budsjettskjema 4

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Brukerbetalinger	-27 071 192	-27 289 411	-28 112 662	-28 112 662	-28 112 662	-28 112 662
Andre salgs- og leieinntekter	-53 891 791	-49 575 827	-52 280 318	-52 280 318	-51 280 318	-51 280 318
Overføringer med krav til motytelse	-206 566 266	-161 292 838	-137 013 806	-137 013 806	-137 013 806	-166 013 806
Rammetilskudd	-300 215 814	-279 200 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000
Andre statlige overføringer	-45 198 685	-34 894 300	-43 941 150	-48 941 150	-48 941 150	-48 941 150
Andre overføringer	-1 286 997	-1 410 500	-869 500	-869 500	-869 500	-869 500
Skatt på inntekt og formue	-209 347 312	-208 400 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000
Eiendomsskatt	-16 903 265	-17 500 000	-19 300 000	-19 600 000	-29 350 000	-29 350 000
Andre direkte og indirekte skatter	-753 804	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	-861 235 126	-780 262 876	-801 861 436	-807 161 436	-815 911 436	-844 911 436
Lønnsutgifter	472 132 245	463 949 788	467 451 561	467 131 561	467 131 561	467 131 561
Sosiale utgifter	118 355 415	133 678 273	118 670 225	132 781 395	132 781 395	132 781 395
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	96 286 945	85 065 516	83 352 673	83 352 673	83 352 673	83 352 673
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	90 350 130	80 193 355	91 555 608	91 555 608	91 555 608	91 555 608
Overføringer	45 928 984	45 792 304	102 352 488	37 652 488	35 285 488	35 285 488
Avskrivninger	38 355 624	28 530 000	45 343 880	45 343 880	45 343 880	45 343 880
Fordelte utgifter	-41 834 341	-51 883 379	-42 561 939	-42 561 939	-42 561 939	-42 561 939
SUM DRIFTSUTGIFTER	819 575 002	785 325 857	866 164 496	815 255 666	812 888 666	812 888 666
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-41 660 124	5 062 981	64 303 060	8 094 230	-3 022 770	-32 022 770
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-7 037 353	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000
Gevinst på finansielle instrumenter	-4 047 865	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Mottatte avdrag på utlån	-183 329	-230 000	-230 000	-230 000	-230 000	-230 000
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-11 268 547	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	20 441 985	22 670 468	27 624 466	28 979 902	41 238 158	44 834 408
Tap på finansielle instrumenter	1 777 238	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	25 305 001	28 656 128	31 221 448	32 100 768	40 730 088	44 326 338
Utlån	152 720	130 000	130 000	130 000	130 000	130 000
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	47 676 944	51 456 596	58 975 914	61 210 670	82 098 246	89 290 746
RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	36 408 397	42 786 596	50 305 914	52 540 670	73 428 246	80 620 746
Motpost avskrivninger	-38 355 625	-28 530 000	-45 343 880	-45 343 880	-45 343 880	-45 343 880
NETTO DRIFTSRESULTAT	-43 607 352	19 319 577	69 265 094	15 291 020	25 061 596	3 254 096
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-21 489 982	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-20 836 898	-18 326 734	-67 558 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
Bruk av bundne fond	-16 997 861	-2 882 201	-2 406 186	-2 406 186	-2 406 186	-2 406 186
SUM BRUK AV AVSETNINGER	-59 324 741	-21 208 935	-69 965 094	-15 991 020	-25 761 596	-32 954 096
Overført til investeringsregnskapet	6 567	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	21 489 982	0	0	0	0	29 000 000
Avsetninger til bundne fond	40 035 813	1 889 357	700 000	700 000	700 000	700 000
SUM AVSETNINGER	61 532 362	1 889 357	700 000	700 000	700 000	29 700 000

REGNSKAPSMESSIG MER- MINDREFORBRUK	-41 399 731	0	0	0	0	0
---------------------------------------	-------------	---	---	---	---	---

Budsjettskjema 5

ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-2 270 392		0	0	0	0
Andre salgsinntekter	-543 946		0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-2 656 106	-971 000	-1 552 000	-832 000	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-34 521 960	-40 556 688	-44 311 600	-40 116 600	-35 351 600	-10 350 000
Statlige overføringer			0	0	0	0
Andre overføringer	-5 000		0	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eieruttak			0	0	0	0
SUM INNTEKTER	-39 997 404	-41 527 688	-45 863 600	-40 948 600	-35 351 600	-10 350 000
Lønnsutgifter			0	0	0	0
Sosiale utgifter			0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i kommunal tj.prod.	162 841 541	236 490 657	210 396 400	211 166 400	166 756 400	41 400 000
Kjøp av varer og tj som erstatter kommunal tj.prod	1 428 245	944 293	0	0	0	0
Overføringer	35 057 205	38 943 312	44 311 600	40 116 600	35 351 600	10 350 000
Renteutg, provisjoner og andre finansutg			0	0	0	0
Fordelte utgifter			0	0	0	0
SUM UTGIFTER	199 326 991	276 378 262	254 708 000	251 283 000	202 108 000	51 750 000
Avdragsutgifter	2 293 875		0	0	0	0
Utlån	3 555 000		0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	2 757 961		0	0	0	0
Dekning tidligere års udekket			0	0	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	3 625 277		800 000	0	0	0
Avsetninger til bundne fond	6 831 841		0	0	0	0
SUM FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	19 063 954	0	800 000	0	0	0
FINANSIERINGSBEHOV	178 393 541	234 850 574	209 644 400	210 334 400	166 756 400	41 400 000
Bruk av lån	-161 409 955	-210 054 470	-187 084 400	-204 734 400	-166 756 400	-41 400 000
Salg av aksjer og andeler			0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-6 889 762		0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	-6 567		0	0	0	0
Bruk av tidligere års overskudd	-3 625 277		0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond		-2 000 000	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-802 672		0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-5 659 308	-22 796 104	-22 560 000	-5 600 000	0	0
Bruk av bundne investeringsfond			0	0	0	0
SUM FINANSIERING	-178 393 541	-234 850 574	-209 644 400	-210 334 400	-166 756 400	-41 400 000
UDEKKET/UDISPONERT	0	0	0	0	0	0



Formannskapet

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/1099	16154/2018	151	SVK/ SONHAV	21.11.2018

MELDING OM POLITISK VEDTAK - FORVALTNINGSUTVALET, ELDRERÅDET, KOMMUNALT RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE OG UNGDOMSRÅDET UTTALE TIL ÅRSBUDSJETT 2019 - ØKONOMIPLAN 2019-2022

Tilråding i Forvaltningsutvalet - 20.11.2018 til kommunestyret:

Forvaltningsutvalet etterlyser midlar til gatelys, vedlikehald av vegar og arbeid knytt til skiltplanen i sentrum, som er saker utvalet har hatt oppe.

Tilråding i Eldrerådet - 19.11.2018 til kommunestyret:

Eldrerådet tek framlegget til budsjett til vitande. Eldrerådet vil likevel utrykke ei viss uro over at store invisteringar i kommunen vil svekke framtidig drift, som t. d. helse og omsorgssektoren.

Eldrerådet vil likevel oppmode om at Eldrerådet vert gjeven eigen post i budsjettet, slik at arbeidet deira vert synleggjort. Likeeins at sekretærstillinga vert synleggjort, t.d. med ein stillingsbrøk.

Tilråding i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne - 19.11.2018 til kommunestyret:

FUNK vil be om å verte involvert i høve dei planane som ligg føre for invisteringar i skule, kulturhus, legekontor osv i god tid slik at ein får mulighet til å påvirke og sikre universiell utforming.

I samband med deltaking i den nye PP-tenesta vart det sett inn ein tidsavgrensa ekstraressurs. FUNK vil be om at den vedtekne evalueringa av tenesta vert gjennomført før ressursen vert teken vekk.

FUNK ser svært positivt på at ein aktiv og meiningsfull kvardag er sett som eit teneste og utviklingsmål innanfor helse og omsorg.

- *Vi vil påpeike at brukarane har ulike behov og at eit likt tilbod ikkje gir eit likeverdig tilbod.*
- *Vi ønsker difor at ein legg vekt på at ein fleksibel organisering og internt samarbeid slik at tilboda vert funksjonelle for den enkelte brukar.*

FUNK vil påpeike at Hamna må få tilført resurssar i samsvar med auka tal brukarar. Vi vil oppmode om at ein ser på muligheten for prosjektmidlar og tilskotsordningar.

Vedtak i Ungdomsrådet - 20.11.2018:

Sett frå eit ungdommeleg perspektiv viser vi til side 69 i saksdokumentet, dei fire første punkta:

- * Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule*
- * Kino og kultursal*
- * Idrettshall*
- * Svømmehall*

Tek ein med lokale til ungdomsklubben i kulturhuset er dette dei viktigaste område for ungdomen.

Elles tek ungdomsrådet saka til vitande



LPP Søre Sunnmøre

Verdighet - Omsorg - Løsninger

ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN FOR KOMMUNANE

Framlegg til VKF-møte 25.10.2018

			Sum tiltak Inventar		-	
2021	Sum tiltak investering og drift			700 000	1 500 000	

2022	Bygg	Bygningsdel	Tiltak		Kapital	Merknad
	Volda kyrkje	Innervegger/tak	Innvendig måling av tak og veggar	500 000		
	Volda kyrkje	Vindu	Skraping, måling og reperasjon	250 000		
	Kilsfjord kyrkje	Ombygging	Ombygging av bærerom til F-toalett		1 000 000	
			Sum tiltak bygg	750 000	1 000 000	

2022	Inventar	Tiltak			Kapital	Merknad
			Sum tiltak Inventar		-	
2022	Sum tiltak investering og drift			750 000	1 000 000	

Samla behov 2017 -2021 Investering og drift

2 950 000

7 700 000

Plan for nyanlegg, vedlikehold og fornying

Prioritering/fordeling kjende tiltak i perioden 2019 - 2022

Gravplassar

Framlegg etter VKF- møtet 21.09.2017

Beløp under kapital er inkl. mva

2019	Kyrkjegard	Element	Tiltak	Kapital	Merknadar
	Leirshaugen gravplass	Planar	Planlegging utviding Leirshaugen gravplass	500 000	
	Leirshaugen gravplass	Gravfelt	Omregulering av gamle felt	350 000	
	Lid gravplass	Parkering og utvidig	Kjøp av grunn og etablering av parkeringsplass	150 000	
	Austefjord kyrkjegard	Gjerde/portar	Nytt gjerde	250 000	
	Kilsfjord kyrkjegard	Gjerde/portar	Nytt gjerde mot aust og sør	250 000	
			Sum tiltak kyrkjegard	1 500 000	

2020	Kyrkjegard	Element	Tiltak	Kapital	300000
	Leirshaugen gravplass	Nyanlegg	Utviding steg 1	3 000 000	Stipulert
			Sum tiltak kyrkjegard	3 000 000	

2021	Kyrkjegard	Element	Tiltak	Kapital	Merknadar
	Leirshaugen gravplass	Nyanlegg	Utviding steg 2	3 000 000	Stipulert
			Sum tiltak kyrkjegard	3 000 000	

2022	Kyrkjegard	Element	Tiltak	Kapital	Merknadar
	Volda kyrkjegard	Fleire	Oppgradering jf. Detaljplan Asplan Viak - steg 1	3 000 000	Stipulert
			Sum tiltak kyrkjegard	3 000 000	

Samla behov 2018 -2021 Investering og drift

10 500 000



NOTAT

Sak: Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1099	16443/2018	151	ØKO/KARISUN	27.11.2018

UTFYLLANDE KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSPROSJEKT

I administrativt framlegg til økonomiplan 2019-2022 ligg der fleire investeringsprosjekt i ulike størrelse og omfang. Dei fem største investeringane krev stor ressursbruk og er prioritert. Dette gjer at andre prosjekt er skjøve fram i tid samanlikna med tidlegare intensjon. Dette gjeld mellom anna innafor bustadfelt og infrastruktur kring dette. Sjølv om prosjekta er flytta noko ut i tid betyr det framleis at desse er tenkt gjennomført, men noko seinare enn tidlegare signalisert.

Opprusting av Raudemyrvegen til samleveg, som i utgangspunktet var planlagt oppstart i 2019 er flytta til år 2021.

Kleppevegen som var planlagt prosjektert i 2021 er flytta til 2022.

Bustadfelt og samleveg Urbakkfoten (Håmyra) startar opp i 2020 og ikkje 2019 som tidlegare planlagt.

Kapasiteten på tilgjengelege prosjektleiarressursar er fordelt på dei prioriterte investeringsprosjekta. Dersom ein gjer endringar i prioriteringane på investeringane, må ein også sjå det i samanheng med ny fordeling av prosjektleiarkapasiteten.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2014/2184

Arkivkode: 205

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
34/18	Tenesteutval for helse og omsorg	21.11.2018
184/18	Formannskapet	27.11.2018
138/18	Kommunestyret	13.12.2018

ENDRING AV BETALINGSSATSAR FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2019 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 96.883,-	Inntektsgrunnlag	2018	2019 pr. mnd
<2G	Inntekt<193.883,-	205,-	210,-*
2 – 3G	193.884,- - 290.649,-	1.240,-	1.300,-**
3 – 4G	290.650,- - 387.532,-	1.550,-	1.600,-**
4 – 5G	387.533,- - 484.415,-	1.850,-	1.900,-**
>5G	484.416,->	2.160,-	2.200,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		370,-	380,-**

Sal av mat:

	Kommentar	2018	2019
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		90	100**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		50	55**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		50	55**
Varm mat levert i privat heim		100	100**
Kald mat levert i privat heim		85	90
Fullkost pr. døgn		170	170**

Tenester:

	Kommentar	2018	2019
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	160	160*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	330	350**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	200	220**
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	350	400
Overnatting for pårørende	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	300	330
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.350	1.400
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.440	1.500
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	650
	Konfirmasjonar mm	1.440	1.500
Utlevering og innhenting av hjelpemiddel	Hjelpemiddel som er stort og tungt, treng varebil og to pers. Pris pr tur.	0,-	150,-**

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2018	2019
Tilbod på dagsenteret,(tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	160	160
Dagtilbod utan middag		65	65
*** Transport, aktivisering og middag			

Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2018	2019
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingssats	2.676,-	2.895,-

Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm.	25,-	Pr.dag

*Alle satsar merka med ei stjerne vert fastsett i sentral forskrift, summene er ikkje sentralt vedtekne endå, abonnementspris >2G er lagt inn som kvalifisert gjetning, andre prisar merka * vert korrigererte i tråd med nytt rundskriv, som vert sendt ut etter statsbudsjettet er vedteke.
 ** Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjernekommunane. Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2019.

Handsaming:

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteval for helse og omsorg - 21.11.2018 til kommunestyret:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2019 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 96.883,-	Inntektsgrunnlag	2018	2019 pr. mnd
<2G	Inntekt<193.883,-	205,-	210,-*
2 – 3G	193.884,- - 290.649,-	1.240,-	1.300,-**
3 – 4G	290.650,- - 387.532,-	1.550,-	1.600,-**
4 – 5G	387.533,- - 484.415,-	1.850,-	1.900,-**
>5G	484.416,->	2.160,-	2.200,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		370,-	380,-**

Sal av mat:

	Kommentar	2018	2019
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		90	100**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		50	55**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		50	55**
Varm mat levert i privat heim		100	100**
Kald mat levert i privat heim		85	90
Fullkost pr. døgn		170	170**

Tenester:

	Kommentar	2018	2019
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	160	160*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	330	350**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	200	220**
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	350	400
Overnatting for pårørande	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	300	330
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.350	1.400
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.440	1.500
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	650
	Konfirmasjonar mm	1.440	1.500
Utlevering og innhenting av hjelpemiddel	Hjelpemiddel som er stort og tungt, treng varebil og to pers. Pris pr tur.	0,-	150,-**

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2018	2019
Tilbod på dagsenteret,(tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	160	160
Dagtilbod utan middag		65	65

*** Transport, aktivisering og middag			
---------------------------------------	--	--	--

Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2018	2019
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingsatts	2.676,-	2.895,-

Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm.	25,-	Pr.dag

*Alle satsar merka med ei stjerne vert fastsett i sentral forskrift, summene er ikkje sentralt vedtekne endå, abonnementspris >2G er lagt inn som kvalifisert gjetning, andre prisar merka * vert korrigererte i tråd med nytt rundskriv, som vert sendt ut etter statsbudsjettet er vedteke.
** Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjernekommunane. Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2019.

Administrasjonen si tilråding:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2019 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 96.883,-	Inntektsgrunnlag	2018	2019 pr. mnd
<2G	Inntekt<193.883,-	205,-	210,-*
2 – 3G	193.884,- - 290.649,-	1.240,-	1.300,-**
3 – 4G	290.650,- - 387.532,-	1.550,-	1.600,-**
4 – 5G	387.533,- - 484.415,-	1.850,-	1.900,-**
>5G	484.416,->	2.160,-	2.200,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		370,-	380,-**

Sal av mat:

	Kommentar	2018	2019
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		90	100**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		50	55**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		50	55**
Varm mat levert i privat heim		100	100**
Kald mat levert i privat heim		85	90
Fullkost pr. døgn		170	170**

Tenester:

	Kommentar	2018	2019
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	160	160*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	330	350**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	200	220**
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	350	400

Overnatting for pårørende	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	300	330
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.350	1.400
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.440	1.500
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	650
	Konfirmasjonar mm	1.440	1.500
Utlevering og innhenting av hjelpemiddel	Hjelpemiddel som er stort og tungt, treng varebil og to pers. Pris pr tur.	0,-	150,-**

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2018	2019
Tilbod på dagsenteret,(tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	160	160
Dagtilbod utan middag		65	65
*** Transport, aktivisering og middag			

Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2018	2019
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingssats	2.676,-	2.895,-

Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm.	25,-	Pr.dag

*Alle satsar merka med ei stjerne vert fastsett i sentral forskrift, summene er ikkje sentralt vedteke endå, abonnementspris >2G er lagt inn som kvalifisert gjetning, andre prisar merka * vert korrigerte i tråd med nytt rundskriv, som vert sendt ut etter statsbudsjettet er vedteke.
** Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjernekommunane. Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2019.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1349>

Rundskriv I-1/2017 om endring av fribeløp og egenandeler for kommunale helse- og omsorgstenester

Samandrag av saka:

Lover og forskrifter regulerer mykje av det kommunen kan ta betalt for når det gjeld helse- og omsorgstenester. Kommunane i sjustjerna Søre Sunnmøre har for tredje år samarbeidd om utarbeiding av prisnivå for mange av tenestene innanfor helse- og omsorg. Endringane frå

2018 til 2019 skil seg stort sett på generell prisauke med nokre unntak. Eit viktig moment for prissamarbeid mellom kommunane, er felles bruk av elektronisk fakturering gjennom Gerica. Når prisane er like, kan desse lett hentast fram elektronisk når tenestene skal fakturerast. Kvar kommune får brukt merkantile ressursar meir effektivt på denne måten.

Saksopplysningar/fakta:

Storleiken på fastsetting av eigendel for tenester i både institusjon og utanfor institusjon vert regulert i ”*forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester*”. Forskrifta fortel også om kommunen sitt høve til å fastsette eigendel og betalingssatsar. Bebuarane på institusjon betaler etter inntekt med ulike fråtrekksrettar. Dette er heilt regelstyrt og har såleis ikkje relevans i denne saka, med unntak av at kommunens vedtekte kurdøgnpris er maksimalbeløpet kommunen kan krevje pr døgn av bebuarar på institusjonen. Ingen i Volda er i nærleiken av å bli krevd eit så stort beløp for opphald her.

Inntekta til den einskilde styrer også kva ein må betale for praktisk bistand, folkeleg kalla ”heimhjelp”. Sentral forskrift regulerer satsen for inntekter opp til 2G, som ved endring pr. 01.05.2018 vart kr. 193.883,-. For inntekter over 2G står kommunane meir fritt til prisfastsetjing. I årets framlegg er forslaget frå kommunesamarbeidet lagt til grunn. Den sentrale forskrifta som fastsetter 2019- satsane, er ikkje vedteken endå, men framlegg til nye satsar er gjort kjend. I framlegg til vedtak er desse tala brukt. Tidlegare år er desse tala først blitt kjende når ny forskrift har blitt sendt ut på nyåret. Her er satsar frå sjustjernekommunane slik dei var i 2018.

	Abonnement og timesats for praktisk bistand pr. mnd. 2018					
	<2G	2-3G	3-4G	4-5G	>5G	Timesats
Volda 2018	205	1240	1550	1850	2160	370
Ørsta 2018	205	1240	1550	1850	2160	370
Ulstein 2018	205	1240	1550	1850	2160	370
Hareid 2018	205	1240	1550	1850	2160	370
Vanylven 2018	205	1240	1550	1850	2160	370
Herøy 2018	205	1400	1750	2100	2450	370
Sande 2018	205	1240	1550	1850	2160	370

Tryggleiksalarm, abonnementskostnad pr. mnd. i 2018							
	Volda	Ørsta	Herøy	Ulstein	Sande	Hareid	Vanylven
Mot alarmsentral	330	395	330	330	330	330	330
I bufellesskap	200	200			200		

Det er skilnad på det forskrift kallar ”dagopphald på institusjon” og det som er dagsenteret for eldre. Dagsenteret for eldre legg vinn på å gi eit fagleg godt tilbod med aktivisering, trening, kulturelle opplevingar, turar, matlaging og mykje meir. Det er sterkt fokus på førebyggjande helsearbeid ved å legge til rette for at folk skal kunne bu heime så lenge som råd. ”Dagopphald på institusjon” er lite brukt hjå oss, men då blir tilbodet gitt i institusjonsavdeling og innhaldet skil seg frå det dagsenteret kan gi. Dette er forklaring på kvifor det er forskjell på statleg fastsett sats for institusjonsopphald og våre dagsenterprisar.

Fleire tenester kan tildelast etter ulikt lovverk. Til dømes helse- og omsorgstenestelova §3-2, pasient- og brukarrettighetslova §2-1a, eller heimling i forvaltningslova og ikkje i helselov. Fastsetjing av betaling for mat har danna grunnlag for diskusjonar både i sjustjerneområdet og andre plassar. Ei kommune i sjustjerneområdet har endra sine retningslinjer for korleis dette vert gjort, mellom anna ved å berekne meir omfattande tildeling av praktisk bistand mot rimelegare matpris. Dette gir store individuelle skilnader på kostnader til mat.

Kommunalsjefane i sjustjerneområdet har diskutert dette, ikkje minst også i samband med stadig meir utnytting av velferdsteknologi, der spørsmålet om berekning av betalingsattsar er stort, men har potensial til å bli langt meir innfløkt enn slik praksis er no. Sidan ein opplever forskrifta ikkje tilstrekkeleg klargjerande på korleis kommunal praksis skal handtere denne nye elektroniske kvardagen, har ein valt å oppretthalde tidlegare praksis til dette området er betre utgreidd.

Hamna dagsenter har bygd opp fleire sanserom og kompetanse på berøring. For mange er bruk av desse romma viktige stimuli for ei positiv utvikling. Prisane gjeld for dei som ikkje er tildelt plass på Hamna dagsenter, men treng berøringsterapeut frå Hamna dagsenter for å nytte seg av tilbodet.

Forslaget om å senke kostnad ved å nytte dagsenteret for eldre vart gjort i 2018 for å sjå om fleire då vil nytte seg av det. Det er viktig at heimebuande nyttar dette, det er eit viktig supplement i strategien med å la folk bu heime så lenge som råd. Her får ein både sosial, fysisk og mental stimulering, alt tilrettelagt for den einskilde. Erfaringane gjennom 2018 er at fleire no nyttar tilbodet.

Å krevje betaling for utlevering og innhenting av hjelpemiddel er nytt for 2019. I sjustjerna har ein sett at mange kommunar som Ålesund, Molde, Bærum, Oslo, Bergen m.fl, tek betalt for denne tenesta. Volda har ein geografi som gjer at levering av ein tung motorisert stol kan medføre arbeidsinnsats for to personar inntil 2- 3 timar. Kommunen brukar store summer på denne tenesta årleg.

Vurdering og konklusjon:

Dei ulike betalingsattsane for omsorgstenester blir endra årleg. Dei fleste endringane vert justerte på grunn av generell prisauke. Prissamarbeidet kommunane imellom på mange av desse tenestene er fornuftig. Ein fordel er at prisane kan leggest inn i fagsystemet Gerica og fakturerast utifrå tenestene brukarane er tildelt. Dette sparer merkantil innsats. Nokre prisar er uendra frå 2018, andre har fått påslag. Det er ei ny tenester det vert krevd betaling for i 2019.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje konkret utrekna då statlege sattsar ikkje vedtekne før ny forskrift er vedtatt sentralt. Litt usikker på kva utslaget med å senke pris på dagtilbodet vil medføre. Ein kan likevel grovt kalkulere samla inntektsauke på ca. 65.000,- om desse endringane vert ståande.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Rådmann

Helse- og omsorgssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret

Tildelingskontoret

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kjell Magne Rindal Arkivsak nr.: 2014/2077
Arkivkode: 614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
193/18	Formannskapet	04.12.2018
139/18	Kommunestyret	13.12.2018

LEIGEREGULATIV FOR KOMMUNALE BYGG FRÅ 2019 →

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 04.12.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 28.11.2018. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2019.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 28.11.2018. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2019.

Saksopplysningar/fakta:

Vedlagt ligg sist vedtatt regulativ for leige, datert 18.11.2016. Dette regulativet er utgangspunkt for nytt regulativ. Nytt regulativ har tatt inn utleige ved Øyra skule på lik måte med Samfunnshuset, i tillegg til ordinære utleigeareal. Leigeregulativet har justerte satsar.

Vurdering og konklusjon:

Alle kostnader skal synleggjerast, og kommunen bør ha eit system der leigetakar av kommunale lokale betaler noko for å få dekt opp av kostnader med bruken. I regulativet er det lagt opp til ei differensiering for å ivareta omsyn til ideelle interesser. Aktivitet for barn og unge betalar ikkje leige fram til 18 år.

I samband med arbeid kring ny Voldahall er det ikkje lagt til grunn regulering av leige til lag/organisasjonar. MRFK har fast index justering på leige. Det er eit ynskje frå idretten at det blir utført reinhald på laurdagar framover. Kommunen kan utføre dette, men vil då måtte fakturere lag/organisasjonar som har arrangement. Det blir likt fordelt på den som har laurdag og den som har søndag. Satsar for dette er innarbeida i leigeregulativ.

I høve KOSTRA og korrekt synleggjering av kostnader med lokale til lag og organisasjonar mv., så vil alternativ til leige vere at ev gratis bruk skal dekkjast opp ved løyving på kommunebudsjettet som internhusleige som synleggjer kostnadene med bruken av lokala til ulike lagsaktivitetar.

Rådmannen rår til at vedlagte forslag til leigeregulativ vert godkjent.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef



LEIGEREGULATIV KOMMUNALE BYGG FRÅ 2019 →

Samfunnshuset og Øyra skule:

Kinosal og storamfi Øyra:

Utleige utan billettsal (møter, konferansar og liknande)	Kr 1.700
Utleige inntektsgjevande tilstellingar	Kr 3.300
Bryllaup, slektstreff, konfirmasjon og liknande (Samfunnshuset)	Kr 4.200
Teateret Vårt	Kr 3.700
Utleige til ikkje lokale aktørar (profesjonelle)	Kr 4.300 + 10% av inntekter
Avlysing av kinoframvising (Samfunnshuset)	Kr 4.500

Salong m/anretning/miniamfi Øyra:

Utleige kvardagar	Kr 900
-------------------	--------

Sal 1 et./kantine Øyra:

Konfirmasjon, barnedåpar, bryllaup, o.l. (inntil 2 dagar)	Kr 3.200
Utleige kvardagar utan kjøkken	Kr 1.200
Alle kommunale møter/konferansar og liknande	Kr 0
Omførselhandel (berre sal 1 et. Samfunnshuset)	Kr 5.800

Kjøkken:

Leige av kjøkken, aleine eller tilknytning til andre leigeforhold	Kr 1000
---	---------

Lokale i skular/barnehage/andre kommunale bygg:

		Timepris:
Kategori A	Klasserom/grupperom/møterom o.l. inntil 150m ²	Kr 250
Kategori B	Gymsalar, bruk av vaksne. Alle grupper (over 18 år)**	Kr 250
Kategori C	Spesialrom (enkeltrom som t.d. sløydsal)	Kr 300
Kategori D	Svømmebasseng	Kr 400

** Kommersielle aktørar betalar for alle aldersgrupper.

Aktivitet for born og unge skal fremjast, slik aktivitet knytt til registrerte frivillige idrettslag/organisasjonar betalar ikkje leige for rom i skular/barnehagar fram til 18 år. Dette med unntak av symjebasseng. All anna aktivitet betalar for bruk av kommunale lokale etter gjeldande satsar i leigeregulativ. Øvingar på vekedagar i storamfi Øyra, følgjer satsar for lokale kategori C, tilstellingar/arrangement følgjer elles det normale leigeregulativ.

Reinhold laurdag Voldahallen:

Ekstra reinhold laurdagar i Voldahallen

Kr 2.500

Satsar for utrykking av byggvakt:

Dersom byggvakt på grunn av leigetakers forhold må tilkallast, fakturerast leigetakar for oppmøte. Det same gjelder dersom leigeforholdet medfører auka reinholdskostnadar (manglande rydding, fjerning av boss, etc).

Pris for frammøte byggvakt pr. gong	Kvardagar	Helg
	Kr 1000	Kr 1.200
Pris reinhold pr. starta time	Kr 600	Kr 900

Volda 28.11.2018

Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef



LEIGEREGULATIV KOMMUNALE BYGG FOR 2017

Samfunnshuset:

Kinosal/Storsal:

Utleige utan billettsal (møter, konferansar og liknande)	Kr 1.600
Utleige inntektsgjevande tilstellingar	Kr 3.200
Bryllaup, slektstreff, konfirmasjon og liknande utan kjøkken	Kr 4.100
Teateret Vårt	Kr 3.600
Utleige til ikkje lokale aktørar (profesjonelle) av inntekter	Kr 4.200 + 10%
Avlysing av kinoframvising	Kr 4.200

Salong m/anretning:

Utleige kvardagar (ungdomsklubb har forrang)	Kr 800
--	--------

Sal 1 et.:

Konfirmasjon, barnedåpar, bryllaup, o.l. (inntil 2 dagar)	Kr 3.000
Utleige kvardagar utan kjøkken	Kr 1.100
Alle kommunale møter/konferansar og liknande	Kr 0
Omførselhandel (berre sal 1 et.)	Kr 5.500

Kjøkken:

Leige av kjøkken, aleine eller tilknytning til andre leigeforhold	Kr 900
---	--------

Lokale i skular/barnehage/andre kommunale bygg:

		Timepris:
Kategori A	Klasserom/grupperom/møterom o.l. inntil 150m ²	Kr 200
Kategori B	Gymsalar, bruk av vaksne. Alle grupper (over 18 år)**	Kr 200
Kategori C	Spesialrom (kjøkken, SFO, Aula, handarbeidsrom)	Kr 250
Kategori D	Svømmebasseng	Kr 350

** Kommersielle aktørar betalar for alle aldersgrupper.

Fysisk aktivitet for born skal fremjast, slik aktivitet knytt til registrerte frivillige idrettslag/organisasjonar betalar ikkje leige for rom i skular/barnehagar fram til 18 år. Dette med unntak av symjebasseng.

Reinhold laurdag Voldahallen:

Ekstra reinhold laurdagar i Voldahallen

Kr 2.500

Satsar for utrykking av personell:

Dersom driftsteknikar på grunn av leigetakers forhold må tilkallast, fakturerast leigetakar for oppmøte. Det same gjelder dersom leigeforholdet medfører auka reinholdskostnadar (manglande rydding, fjerning av boss, e.t.c).

Pris for frammøte driftsteknikar pr. gong	Kvardagar Kr 900	Helg Kr 1.200
Pris reinhold pr. påstarta time	Kr 600	Kr 900

Volda 18.11.2015
Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jørgen Vestgarden	Arkivsak nr.:	2013/2124
		Arkivkode:	106

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
188/18	Formannskapet	27.11.2018
140/18	Kommunestyret	13.12.2018

GEBYRSATSER FOR TENESTER ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, MATRIKKELLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:

Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2019, utviklingssektoren".

Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.

Gebysatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Administrasjonen si tilråding:

Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2019, utviklingssektoren".

Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.

Gebysatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Vedleggsliste;

Prisar på tenester for 2019, utviklingssektoren.

Samandrag av saka:

Årleg justering av gebyrsatsane for tenester ved utviklingssektoren.

Saksopplysningar/fakta:

Gebyrsatsane er generelt auka med 3,0 % og foreslått med ei fornuftig avrunding.

Gebyrsatsane for konsesjonshandsaming og deling etter jordlova er satt til høgaste sats som forskrift tillet. Desse vil verte handsama og fakturert av Ørsta kommune grunna felles landsbrukskontor.

Vurdering og konklusjon:

Tabellen under viser storleiken på nokre av dei mest brukte gebyra frå 2018 i nokon samanliknbare kommunar her på søre Sunnmøre.

	Byggesak (einebustad på 200 m ²)	Dispensasjon (politisk handsaming)	Privat regulering (inntil 5000 m ²)	Oppmålings- forretning (750 m ²)
Volda	13 700	17 000	42 600	17 800
Ørsta	13 800	13 000	45 900	15 606
Herøy	10 362	11 773	34 713	17 613
Ulstein	14 300	11 800	35 100	18 369

(Kjelde: Heimesidene til dei respektive kommunane unntatt Herøy der det er KOSTRA-tal frå 2017)

Som ein ser så ligg vi ganske likt som kommunane rundt oss. På regulering så ligg vi i øvste sjiktet. Vi har hatt ein betydeleg auke i storleiken gebyra (utover den ordinære prisstigninga) dei siste åra grunna kutt i budsjettamma. Oppmålingsgebyret har vi auka med 10 % frå 2015 til 2016 sidan vi ser at dette er tidkrevjande saker og for å nærme oss dei kommunane som har høgare gebyr enn oss. Vi har også hatt ein kraftig auke i gebyret for dispensasjonssaker dei siste åra da dette har vore lågt i forhold til arbeidsmengd og andre kommunar sine gebyr i tilsvarande saker.

Når det kor stor del av utgiftene som vert dekt inn av gebyra låg dekningsgraden i 2017 for bygge- og delesaker på 69 %, plansakhandsaming på 6,5 % og oppmålingssaker på 59 %. Førebelse tal for 2018 så ligg vi an til ein generell nedgang i dekningsgrad på alle tre tenestoområda. Noko av bakgrunnen for den låge dekningsgraden for plansakhandsaming er at dei siste åra har vore jobba med revisjon av kommuneplanen som da ikkje gir nokon gebyrinntekter. Viss vi ikkje skal ligge på eit altfor høgt gebyrnivå i forhold til våre nabokommunar, kan ein ikkje ha ein kraftig auke i gebyrnivået sjølv om dekningsgraden viser at vi har noko å gå på. Det er derfor det berre er lagt inn ei auke på 3,0 % no.

Dei nye gebyrsatsane ligg uansett godt innafor prinsippet om sjølvkost. Rådmannen rår til at nye gebyrsatsane som er foreslått vert godkjent.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Reduksjon i høve framlegget vil medføre reduserte inntekter og tilsvarande auka balanseutfordring i budsjettet for 2019.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Utviklingssektoren
Servicekontoret for utlegging på heimesida

B Tenester, attestar og liknande som skal betalast etter medgått tid:

B.1 Attestar o.l.:

For attestar og lignende som kommunen kan krevje gebyr for i medhald av plan- og bygningslova, og som ikkje er spesifisert i regulativet for den einskilde lova kan kommunen krevje gebyr etter medgått tid etter dei satsar som kjem fram av pkt. B.2.

B.2 Timepris:

Timepris vanleg arbeid	eks mva	1 000	1 050
Timepris, arbeid med bruk av måleutstyr	eks mva	1 400	1 450

C Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (§109)

C.1 Kart og eigedomsoppgåver (§ 5) Kart til plan-, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid:

For utskrift på papir:	FKB (fylt fargeflate)	Format A4	0	0
	FKB (strekkart)	Format A4	0	0
	FKB (fylt fargeflate)	Format A3	0	0
	FKB (strekkart)	Format A3	0	0
	FKB (fylt fargeflate)	Format A2	350	360
	FKB (strekkart)	Format A2	300	310
	FKB (fylt fargeflate)	Format A1	450	460
	FKB (strekkart)	Format A1	350	360
	FKB (fylt fargeflate)	Format A0	540	560
	FKB (strekkart)	Format A0	450	460

Der grunnlaget blir supplert med informasjon om nedgravne leidningar, skal det betalast 10% tillegg for kvart av tema: V/A, nedgravne el-kablar og signalkablar (tele/TV).

For kopi av digital kartbase levert på digital form skal det reknast gebyr i samsvar med kommunen

sin "Geovekstavtale"	minimum kr	1 050	1 100
Tillegg til ordinært gebyr for kartbase i anna format enn sosi		500	550

C.3 Tiltakssaker (Bygge-og anleggssaker)

C.3.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom som krevjer søknad og løyve etter PBL §20-4:

C.3.1.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom (jfr PBL §20-2a og byggesaksforskrifta § 3-1):

a) Tilbygg		4 300	4 400
b) Oppføring, endring, riving mv av mindre frittliggande bygning		4 300	4 400
c) Riving av mindre frittliggande bygning		2 900	3 000
d) Terrasse (inkl. utviding/endring)		3 500	3 600
e) Støttemur		3 500	3 600
f) Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel innanfor ein buening		3 500	3 600
g) Skilt- og reklameinnretning		3 500	3 600
h) Antennesystem		3 500	3 600

C.3.1.2 Alminnelige driftsbygninger i landbruket (jf PBL § 20-2b og Byggesaksforskrifta § 3-2):		
a) Oppføring, endring, riving m.v - bruksareal inntil 1.000 m2	4 600	4 700
b) Tilbygg- bygningens totale bruksareal inkl tilbygg < 1.000 m2	4 600	4 700
C.3.1.3 Mellombels bygninger, konstruksjonar eller anlegg (jf PBL § 20-1 j og § 20-2 c):		
Oppføring av mellombels bygninger, konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for eit lengre tidsrom enn 2 år	4 300	4 400
C.3.1.4 Andre mindre tiltak (PBL § 20-2 d)	3 500	3 600
C.3.2 Tiltak som krever søknad og løyve etter PBL § 20-1 og § 20-3:		
Saksgebyr for konstruksjon, anlegg og vesentlege terrengendrinar, som er ein integrert del av ein byggesøknad, er medrekna i saksbebyret.		
C.3.2.1 Oppføring av bygning (PBL § 20-1 a)		
a) Bustad og fritidsbygning (bygningstypekode 111-172 og 193-199)	13 700	14 100
b) Bueining nr 2 til og med nr 5 i same bygning:	6 800	7 000
c) Frå og med nr 6 i same bygning:	3 400	3 500
d) Garasje, uthus, naust, (bygningstypekode 181-182) inntil 100 m2	6 400	6 600
e) Garasje, uthus, naust, (bygningstypekode 181-182) > 100 m2	9 500	9 800
f) Industri- og energiforsyningsbygning, (bygningstypekode 211-229 og 241-249)	19 200	19 800
g) Lagerbygning (bygningstypekode 231-239)	9 700	10 000
h) Fiskeri- og landbruksbygning (bygningstypekode 241-249)	6 300	6 500
i) Kontor- og forretningsbygg (bygningstypekode 311-330)	47 500	48 900
j) Samferdsel og kommunikasjon (bygningstypekode 411-449)	41 500	42 700
k) Hotellbygning (bygningstypekode 511-519)	51 900	53 500
l) Bygning for overnatting (bygningstypekode 521-529)	24 100	24 800
m) Restaurantbygning (bygningstypekode 531-539)	18 000	18 500
n) Skulebygning (bygningstypekode 611-629)	45 300	46 700
p) Museums- og bibliotekbygning (bygningstypekode 641-649)	24 100	24 800
q) Idrettsbygning (bygningstypekode 651-659)	40 400	41 600
r) Kulturhus (bygningstypekode 661-669)	51 900	53 500
s) Bygning for religiøse aktiviteter (bygningstypekode 671-679)	35 000	36 100
t) Sjukehus (bygningstypekode 719)	51 900	53 500
u) Sjukeheim og primærhelsebygning (bygningstypekode 721-739)	35 000	36 100
v) Fengsel, beredskap o.a. (bygningstypekode 819-840)	51 900	53 500
C.3.2.2 Tilbygg, påbygg, underbygg og plassering (PBL § 20-1):		
a) Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal < 100 m2	5 800	6 000
b) Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal 101 - 200 m2	7 900	8 100
c) Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal > 200 m2	13 700	14 100
d) Tilbygg, påbygg eller underbygg til rein lagerbygning	5 800	6 000
For tilbygging av ny/nye bueining(ar) eller tilbygg, påbygg eller underbygg som avgjerande endrar eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det betalast gebyr som for nybygg.		

C.3.2.3 Fasadeendring, bruksendring og ombygging (PBL § 20-1 c-d og g):

a) Fasadeendring/ombygging	4 700	4 800
b) Bruksendring - gebyr per nye bueining	6 800	7 000
c) For andre bruksendringar vert det rekna gebyr tilsvarande 30% av opphavleg fastsett gebyr. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve regulativet jf pkt A4.		

For søknad som samstundes føreset endringar av eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det i tillegg til gebyr, betalast aktuelt gebyr for endringane.

C.3.2.4 Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (PBL § 20-1 e):

a) Riving av bygning < 100 m ²	3 500	3 600
b) Riving av bygning > 100 m ²	4 100	4 200

C.3.2.5 Arealuavhengige tiltak (PBL § 20-1 b, f, h-i og k-l):

a) Heis, installasjon eller rehabilitering	3 500	3 600
b) Skorstein, nyoppføring eller rehabilitering, inkl. ildstad	3 500	3 600
c) Gjerde og innhegning	3 500	3 600
d) Skilt eller reklameinnretning	3 500	3 600
e) Mindre terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygger, basseng, brønn, røranlegg o.l	3 500	3 600
f) Vesentlege terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygge, basseng, brønn, røranlegg o.l	8 400	8 700

C.3.3 Godkjenning av person som sjølvbygger (SAK10 § 6-8):

a) Handsaming av søknad om sjølvbygger	1 050	1 100
--	-------	-------

C.3.4 Dispensasjon (PBL kapittel 19):

a) For kvart tilhøve av dispensasjon som ikkje krev politisk handsaming	5 400	5 600
b) For kvart tilhøve av dispensasjon som berre krev intern høyring	13 800	14 200
c) For kvart tilhøve av dispensasjon som krev full høyring	17 000	17 500

C.3.5 Innhenting av løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde (PBL §21-5)

Løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde, eit gebyr per innhenting	2 000	2 100
--	-------	-------

C.3.6 Delingsøknad (PBL § 20-1 m):

a) Søknad i regulert område, der grenser er i samsvar med godkjent regulerings- eller utbyggingsplan.	4 200	4 300
b) Søknad i regulert område, der det er andre grenser enn fasset i gjeldande plan eller der desse ikkje er fastlagde.	5 200	5 400
c) Søknad i uregulert strøk. Byggetomt og andre formål.	7 100	7 300

C.3.7 Endringar i høve til gitt løyve:

Der det vert gitt lokal godkjenning må det gis gebyr også i samsvar med C.3.3.

a)	mindre endringar i saker etter pbl §20-4	1 650	1 700
b)	mindre endringar i saker etter pbl §20-3	2 900	3 000
b)	Større endringar; For sakshandsaming av større endringar i høve gjeve løyve vert det rekna gebyr tilsvarande 30% av opphavelig fastsett gebyr. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve regulativet jf pkt A4		

C.3.8 Mangelfull søknad eller melding:

a)	Etterlysing av manglande dokumentasjon i søknad (gjeld berre for ansvarlege føretak)	1 150	1 200
b)	Gjennomgang og retur av søknad som ikkje er korrekt eller inneheld den minimumsdokumentasjon som er kravd i forskrift.	1 150	1 200

C.3.9 Igangsettingsløyve:

	Igangsettingsløyve, eit gebyr per løyve.	3 000	3 100
--	--	-------	-------

C.3.10 Ulovlege byggearbeid:

	Dersom meldings- eller søknadspliktige arbeid vert sett i gang eller teke i bruk utan løyve, vert det gitt eit tilleggsgebyr på 50% av fullt handsamingsgebyr minimum	3 000	3 100
	Det kan i tillegg vert gitt eit overtredingsgebyr jf byggesaksforskrifta §16		

Private reguleringsplanar og dispensasjonar

Pris 2018 Pris 2019

1.1 Handsamingsgebyr:		
Handsamingsgebyr	17 000	17 500
Før saka vert teken opp til adm handsaming		
1.2 Arealgebyr for reguleringsplanar:		
Viss planutvalget avviser planen, skal det betalast 50% av arealgebyret. Sjå under.		
Viss saka vert krevd lagt fram for kommunestyre, skal det betalast fullt gebyr uavhening av utfallet av saka.		
2.1 Arealgebyr:		
a)	Fast gebyr inntil 5000m2	25 600 26 400
b)	For kvar påbyrja 1000m2 for areal mlm 5001-30000m2	1 650 1 700
c)	For kvar påbyrja 10 000m2 ut over 30 000m2	3 300 3 400
2.2 Konsekvensutgreiing:		
Der kommuna er ansvarleg godkjenningssmynde	25 600	26 400
evt utgifter til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg		
2.3 Dispensasjonar:		
Dispensasjonssaker med full høyring	17 000	17 500
Dispensasjonssaker med berre intern høyring	13 800	14 200
Dispensasjonssaker som kan takast administrativt	5 400	5 600
I tillegg må tiltakshavar koste granskingar som følgje av Kulturminnelova, plan- og bygningslova, og evt andre særskilde utgreiingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang eller lokalisering		

Kart, oppmåling og byggesak

Satsar iflg Matrikkellova

Pris 2018 **Pris 2019**

§ 5.1.1 Oppretting av matrikkeleining og festegrunn:

Areal frå 0 - 2.000 m2		17 800	18 300
Areal frå 2.001 - 20.000 m2	auke pr påbegynt da	750	800
Areal over 20.001 m2	etter medgått tid - minstegebyr	30 200	31 100

Ved samstundes frådeling av tomter som grensar til kvarandre, er gebyret 80% av ovanstående gebyr frå og med tomt nr. 6.

§ 5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn:

Areal frå 0 - 2.000 m2		3 300	3 400
Areal frå 2.001 - 20.000 m2	auke pr påbegynt da	450	500
Areal over 20.001 m2	minstegebyr	10 600	10 900

§ 5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon:

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon		13 100	13 500
Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, pr seksjon		3 500	3 600

§ 5.1.4 Oppretting av anleggseigedom:

Gebyr vert fastsett etter medgått tid - minstegebyr		6 900	7 100
---	--	-------	--------------

§ 5.1.5 Registrering av jordsameige:

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid. Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten.

§ 5.1.6 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn:		
Areal frå 0 - 100 m2	15 000	15 500
Areal frå 101 - 500 m2	18 500	19 100
Areal frå 501 - 5.000 m2	23 600	24 300
Areal frå 5.001 - 20.000 m2	31 900	32 900
Areal over 20.001 m2 etter medgått tid - minstegebyr	31 900	32 900
Der tilleggsarealet kjem frå fleire eigedomseiningar, skal det reknast gebyr for kvar frådelt parsell.		
§ 5.1.7 Oppretting av punktfeste:		
Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste	8 400	8 700
Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste der punktfestet er planlagt og koordinatbestemt i jordskiftesak.	3 500	3 600
§ 5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning:		
Satsar etter §§ 5.1.1, 5.1.2, 5.1.4, og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning.	4 800	4 900
§ 5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering:		
Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre pga endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsane sett til 1/3 etter § 5.1 og § 5.2		
§ 5.3.1 grensejustering: Grunneigedom, festegrunn og jordsameige:		
Areal frå 0 - 500 m2	9 500	9 800
Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5% av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m2). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20% av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til vegformål kan andre arealklasser gjelde.		
§ 5.3.2 Anleggseigedom:		
Volum frå 0 - 1.000 m3	9 500	9 800
For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5% av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1.000 m3.		
§ 5.4.1 Arealoverføring: Grunneigedom, festegrunn og jordsameige		
Areal frå 0 - 2.000 m2	27 300	28 100
Areal over 2.001 m2	750	800
auke pr påbegynt da		
Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegfremål.		

§ 5.4.2 Anleggseigedom

Areal frå 0 - 2.000 m ³		27 300	28 100
Areal over 2.001 m ³	auke pr påbegynt da	750	800

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

§ 5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning:

For inntil 2 punkt		3 300	3 400
For overskytande grensepunkter	pr punkt	950	1 000

§ 5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt/ eller klarlegging av rettigheter.

For inntil 2 punkt		6 900	7 100
For overskytande grensepunkter	pr punkt	1 350	1 400

Gebyr for kartlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. Dersom alle grensene kring egedomen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter § 5.1.

§ 5.7 Privat grenseavtale:

Gebyr vert fastsett etter medgått tid.

§ 5.8. Andre oppmålingstekniske arbeid.

Timepris, vanleg arbeid		1 000	1 050
Timepris, arbeid med bruk av måleutstyr		1 400	1 450

For gebyr som skal reknast etter medgått tid, jf. Regulativet for oppmålingstekniske arbeid som ikkje vert dekt av dei satsane som nemnde ovanfor, skal det nyttast følgande timesatsar. Meirverdiavgift skal eventuelt leggjast til etter gjeldande reglar.

§ 5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka:

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

§ 5.10 Utferde matrikkelbrev:

Matrikkelbrev	inntil 10 sider	175	175
Matrikkelbrev	over 10 sider	350	350

Maksimalisatsar fastsatt av Statens kartverk

Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker

<i>Fast sats</i>	Pris 2018	Pris 2019
§ 2 "For behandling av konsesjonssøknader som nevnt i § 1a) kan det kreves eit gebyr på inntil kr 5.000,-"	5 000	5 000
§ 2 "For behandling av søknader om delingssamtykke som nevnt i § 1b) kan det kreves eit gebyr på inntil kr 2.000,-."	2 000	2 000
"Kommunen kan fastsette en lavere gebyrsats. Det kan fastsettes en generell sats, eller satser for enkle/kurante saker og for vanlige saker. Dersom kommunen ikke har fastsatt lavere sats, betales gebyr som nevnt i første og andre ledd"		



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Anne-Margrethe Mo Arkivsak nr.: 2018/2118
Arkivkode: 231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
187/18	Formannskapet	27.11.2018
141/18	Kommunestyret	13.12.2018

GEBYR FOR MEKLARPAKKAR/EIGEDOMSOPPLYSNINGAR 2019

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsoopplysningar gjeldande frå 01.01.2019:

<u>Leveringstid – arbeidsdagar</u>	<u>Pris inkl mva</u>
<i>1-7 dagar</i>	<i>kr. 2 115,-</i>
<i>8-10 dagar</i>	<i>kr. 1 496,-</i>
<i>11 dagar eller meir</i>	<i>kr. 556,-</i>

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsoopplysningar gjeldande frå 01.01.2019:

<u>Leveringstid – arbeidsdagar</u>	<u>Pris inkl mva</u>
<i>1-7 dagar</i>	<i>kr. 2 115,-</i>
<i>8-10 dagar</i>	<i>kr. 1 496,-</i>
<i>11 dagar eller meir</i>	<i>kr. 556,-</i>

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Eigedomsmeklarar vender seg jamnleg til Volda kommune med førespurnad om eigedomssopplysningar. Det vert då vist til Eiendomsmevlerloven § 3-6 (1) pkt. 8. Opplysningane vert nytta til å sette opp prospekt over eigedomar for sal til potensielle kjøparar. Servicekontoret formidlar opplysningar som til ei kvar tid finnast i kommunalt arkiv, etter eige skjema.

Vi ynskjer å yte god service og sikre inntekter, derfor er målet å ekspedere opplysningane så raskt det er praktisk mogleg.

Saksopplysningar/fakta:

Eigedomsmeklarar vender seg jamnleg til Volda kommune med førespurnad om eigedomssopplysningar. Det vert då vist til Eiendomsmevlerloven § 3-6 (1) pkt. 8. Opplysningane vert nytta til å sette opp prospekt over eigedomar for sal til potensielle kjøparar. Servicekontoret formidlar opplysningar som til ei kvar tid finnast i kommunalt arkiv, etter eige skjema.

Vi ynskjer å yte god service og sikre inntekter, derfor er målet å ekspedere opplysningane så raskt det er praktisk mogleg.

Opplysningar som vere gjeve:

- Godkjende teikningar
- Byggeløyve
- Bruksløyve/ferdigattest evnt mellombels bruksløyve
- Matrikelopplysningar/målebrev/skylddeling
- Situasjonkart
- Tomtehistorikk
- Reguleringsplan med vedtekter
- Kommunale avgifter, herunder også eigedomsskatt
- Eventuell restansar (ubetalte krav)
- Opplysningar om tilknytning offentleg eller privat vatn og kloakk
- Opplysningar om vegtilkomst
- Opplysningar om eigedomen har vassmålar/ikkje vassmålar

Satsane for 2018 har vore:

<u>Leveringstid – arbeidsdagar</u>	<u>Pris inkl mva</u>
1-7 dagar	kr. 2 065,-
8-10 dagar	kr. 1 460,-
11 dagar eller meir	kr. 543,-

Den føreslegne auken er på om lag 2,5%.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at betalingsatsen for meklarpakkar/eigedomsopplysningar blir auka i tråd med den forventa løns- og prisauken.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen.

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

Gebyrauken vil kompensere for forventa løns- og prisvekst.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret for vidare arbeid.

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Eli Øye Vassbotn

Arkivsak nr.: 2014/2066

Arkivkode: 221

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
186/18	Formannskapet	27.11.2018
142/18	Kommunestyret	13.12.2018

AVFALLSGEBYR 2019

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2019 i samsvar med vedlagt gebyrregulativ, datert 10.09.2018.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2019 i samsvar med vedlagt gebyrregulativ, datert 10.09.2018.

Vedleggsliste:

Særutskrift av rep.skap sak 08-18 den 09.10.18 om budsjett og avfallsgebyr for 2019.

Saksopplysningar/fakta:

Representantskapet i VØR vedtok i 2015 ein fireårs plan for å auke materialgjenvinninga frå 39 % i 2015 til 60 % innan 2020 og auke mengda innsamla farleg avfall med 10 %.

Disse måla støtta kommunestyra i desember 2017, ved å endre forskriftene slik at våtorganisk avfall vert sortert ut og samla inn for seg. Styret i VØR har fastsett startdato til andre januar 2019.

Representantskapet sin plan er følgt opp. I 2016 starta VØR med innsamling av glas og metall emballasje. I 2017 innførte ein sjeldnare henting av restavfallet. Våren 2018 vart raud boks for farleg avfall utlevert til alle abonnentar og på hausten i -18 vart boksane samla inn første gangen.

Alle tiltaka har gitt svært positive miljøresultat. Glas- og metallmengdene har auka med meir enn 60 %, mengdene plastemballasje har meir enn dobla seg frå 2015, og er no på 11,4 kg pr innbyggjar. Og vi får inn langt meir av mindre typar farleg avfall som vi har sett lite av tidligare. Restavfallet har minka i perioden.

Uavhengig undersøking utført av Energidata AS, syner at vi nådde 45 % materialgjenvinning i 2017.

2 januar 2019 startar vi å samle inn matavfall / våtorganisk avfall i eigen behaldar. Det våtorganiske avfallet vert levert til biogass anlegg på Lillehammer og blir til fornybar gass som erstattar diesel i bussar og renovasjonsbilar, og biorest som erstattar kunstgjødsel.

Det våtorganiske avfallet er tungt. Røynsler frå andre selskap, tyder på det står for halvparten av vekta i restavfallet.

Vi budsjetterer med å få inn 50 kg våtorganisk avfall pr. innbyggjar første året. Med tilsvarende reduksjon i mengda restavfall, er det realistisk å nå godt over 50 % materialgjenvinning i 2019.

Romsdal Interkommunale avfallselskap(RIR) og Nordfjord Interkommunale avfallselskap (NOMIL) har helde på med innsamling av våtorganisk avfall i mellom 10 og 20 år, og opererer med opp mot 80 kg pr. innbyggjar pr. år. Det er realistisk at vi og vil nå same mengdene etter kvart.

VØR har frå 2019 eit innsamlings tilbod relativt likt med kommunane nær oss. For hovudfraksjonane mat-, rest-, plast- og papiravfall vert det lik hentefrekvensen med Nordfjord og Ytre Søre. VØR har i tillegg henteordning av Farleg Avfall i raud boks, noko dei andre ikkje har. Likeeins har Nordfjord og VØR innsamling av glas og metall emballasje i eigen behaldar, noko Ytre Søre Sunnmøre ikkje har innført enno.

Ein del av Stortinget sin vedtekte miljøpolitikk.

Vi som innbyggjarar må sortere meir for å få til auka materialgjenvinning. Dette er vedteke av eit samla Storting.

Under handsaminga av Nasjonal avfall strategi i februar 2018, høgda Stortinget dei norske ambisjonane. For innbyggjarane inneber det nye og meir ambisiøse mål som må nåast etter 2020.

Om gebyra og økonomien til selskapet i 2019.

Meir sortering aukar kostnadane med renovasjon. I 2015 hadde vi to oppsamlingseiningar med 13.000 behaldarar ute hos abonnentane, pluss returplastsekkar for plastemballasje.

I 2019 skal omlag same mengd avfall fordelast på seks oppsamlingseiningar inklusiv returplastsekken, og i alt 34000 behaldarar.

Mykje av kostnadsauken frå 2015 og fram til 2019 har ikkje abonnentane merka, då den for det meste er finansiert via sjølvkostfond renovasjon, som var på topp i starten av omlegginga.

I 2019 brukar vi siste rest av fondet, noko som også er eit krav frå kommunerevisjonen som følgje av at Hornindal kommune skal gå inn som del av Nye Volda Kommune frå 2020.

Abonnentar i Volda og Ørsta som har betalt inn i ordninga, skal ha nytte av det som er for mykje innbetalt. Revisjonen krev at fonda for renovasjon og slam skal vere lik kr 0,- ved utgangen av 2019.

Renovasjonsgebyra aukar denne gangen med 34,8 %, etter å ha stått relativt stille frå tusenårsskiftet og fram til no. Slamgebyra vert redusert med 8 % for slamavskiljar og tette tankar grunna tilbakebetaling av slamfondet.

Budsjettprosessen har vore krevjande, med fleire ukjende variablar enn vanleg. Store logistikk operasjonar står no framfor oss, der det er knytt risiko til kostnadsbruken. Og dermed kor mykje som vert att av sjølvkostfond renovasjon ved årsskiftet.

I haust skal vi samle inn farleg avfall frå raudboksar og vi skal levere ut 8000 matavfallsbeholdarar, 8000 korgar for matavfall og posar for matavfall. Alle husstandar får tre rullar med posar kvar å 50 stk.

Frå januar 2019 skal vi vere i gang med å samle inn matavfall for seg. Korleis fordelinga vert mellom restavfall og matavfall er og eit risikoelement som påverkar økonomien. Ser vi til andre selskap, varierer mengdene med matavfall frå 35-80 kg pr. innbyggjar. Vi budsjetterer med 50 kg. Matavfallet er meir kostbart å slutthandsame på grunn av krava i samband med omlasting og borttransport.

Då anlegget på Melsgjerdet ikkje er klart til å ta imot matavfall, leverar vi i ei overgangsperiode til Ulsteinvik, for felles vidaretransport til Mjøsanlegget og biogass produksjon der.

Inntektene.

Vi ventar reell auke i abonnementinntektene utover den prisstigninga frå bustader i 2018 som er lagt inn. Nasjonaløkonomien er i oppgang, og Volda og Ørsta er eit attraktivt område å busetje seg i. Inntektene elles på renovasjonsområdet vil vere uendra i høve 2018. For slammet vil reduksjonen i inntekter, vere lik med gebyrreduksjonen, då talet av tankar er relativt stabilt frå år til år

Kostnadane

Driftsbudsjettet er justert med endringar som følgje av matavfall innsamlinga og tilrådingar frå SSB og KLP.

Vi har ikkje lagt inn driftskostnader frå nytt mottaksanlegg på Melsgjerdet. Vi kalkulerer at dette anlegget er klart til drift først i 2020.

Andre kostnadsfaktorar i budsjettet er individuelt vurderte i høve kontraktar og behov. **Investeringar – nye tiltak.**

Vi får to prosjekt i 2019. Hornindal skal innlemmast i Nye Volda Kommune frå første januar 2020. Dette arbeidet vert mest intensivt på slutten av 2019.

Utbygging av omlastingsanlegget på Melsgjerdet er det andre prosjektet. Det startar i 2019, med opening i 2020. Arbeidet vert aktivert i rekneskapen, og tatt med i 2020 budsjettet. Finansieringa er vedteken i 2018 budsjettet.

Investeringane elles i 2019 gjeld utskifting av gammalt utstyr og etablering av nokre nedgravne anlegg. Planane om eit eventuelt biogass anlegg saman med samarbeidspartar, vert vidareført i 2019. Vi er inne i ei periode der oppdatert reguleringsplan må på plass og løyvesøknad vert førebudd. Vi har eit realistisk håp om å kome nær investeringsavgjerd i 2019.

Samanlikning standardgebyr 2018 mot tilrådd gebyr hos VØR i 2019.

Heimesidene til kommunane rundt oss, syner slike standardgebyr, eks .mva.

VØR 2019:	kr 2513,60
Stranda 2018	kr 3504,-
Stryn 2018	kr 3010,10
Sula 2018	kr 2776,00
Hareid 2018	kr 3141,60

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at avfallsgebyra vet vedtekne med dei satsane representantskapen har vedtek i sak 08-18, den 09.10.15.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, Torvmyrvegen 29,6160 Hovdebygda

Ørsta kommune, Dalevegen 6,6150 Ørsta

Servicekontoret, her for oppdatering av heimesida

Lysing i «Møre» om utlegging til offentleg ettersyn om gebyrsatsane, då dei er vedtekne.

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Budsjettert resultatrekneskap	2 019	Resultat 2 017
Driftsinntekter		
Salsinntekter	32 941 240	26 946 790
Annan driftsinntekt	-	134 820
Fra fond hushaldning og slam	-	
	<u>32 941 240</u>	<u>27 081 610</u>
Driftskostnader		
Varekostnad	-52 000	7 570
Lønskostnad	-11 983 260	-10 498 495
Avskrivning	-4 194 004	-3 112 854
Annan driftskostnad	-16 612 134	-14 051 330
Sum driftskostnader	<u>-32 841 398</u>	<u>-27 655 109</u>
Driftsresultat	<u>99 843</u>	<u>-573 499</u>
Finansinntekter og finanskostnader		
Annen renteinntekt	200 000	220 109
Nedskrivning av finansiell anleggsmiddel		-150 000
Annen rentekostnad	-582 687	-368 549
Annen finanskostnad		-
Netto finanspostar	<u>-382 687</u>	<u>-298 440</u>
Ordinært resultat før skattekostnad	-282 844	-871 939
Skattekostnad		282 958
Årsresultat	<u>-282 844</u>	<u>-1 154 897</u>
Arsoppgjerdsposisjonar		
Frå fond slambehandling	393 977	393 977
Frå fond hushaldning	1 190 812	1 554 598
Annan egenkapital		-793 678
Sum disponeringer	<u>1 584 789</u>	<u>1 154 897</u>

Gebyr hos våre naboar,

Gebyrtype. Prisar eks. mva. VØR pris 2019. Andre kommuner pris 2018.

	VØR -19	Hareid-18	Stryn-18	Sula-18	Stranda-18
Renovasjon standard	2 513,60	3 141,60	3 010,10	2 776,00	3 504,00
Renovasjon fritidshus	1 131,20	780,00	1142,60 *	1 110,00	1 751,20
Slamtøming intil 4,5 m3	1 183,20	Ikkje opplyst	1 231,00	1 188,00	1 416,25

* Nordfjord har differensierte gebyr utifrå standard på og tilgjenge til fritidseigedomen.

Høg sats kr 1891,- (Straum og vatn innlagt. Heilårsveg fram til eigedomen)

Middel sats kr 1142,60. (Eit av vilkåra til stade: Straum og vatn innlagt. Heilårsveg)

Låg sats 374,20 (Fr.huset større enn 20 kvm og utan innl.straum, vatn og veg fram til eigedomen)

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Budsjettert resultatrekneskap	2 019	Resultat 2 017
Driftsinntekter		
Salsinntekter	32 941 240	26 946 790
Annan driftsinntekt	-	134 820
Fra fond hushaldning og slam	-	-
	<u>32 941 240</u>	<u>27 081 610</u>
Driftskostnader		
Varekostnad	-52 000	7 570
Lønskostnad	-11 983 260	-10 498 495
Avskrivning	-4 194 004	-3 112 854
Annan driftskostnad	-16 612 134	-14 051 330
Sum driftskostnader	<u>-32 841 398</u>	<u>-27 655 109</u>
Driftsresultat	<u>99 843</u>	<u>-573 499</u>
Finansinntekter og finanskostnader		
Annen renteinntekt	200 000	220 109
Nedskrivning av finansiell anleggsmiddel	-	-150 000
Annen rentekostnad	-582 687	-368 549
Annen finanskostnad	-	-
Netto finansposter	<u>-382 687</u>	<u>-298 440</u>
Ordinært resultat før skattekostnad	-282 844	-871 939
Skattekostnad	-	282 958
Årsresultat	<u>-282 844</u>	<u>-1 154 897</u>
Arsoppgjerdsposisjonar		
Frå fond slambehandling	393 977	393 977
Frå fond hushaldning	1 190 812	1 554 598
Annan egenkapital	-	-793 678
Sum disponeringer	<u>1 584 789</u>	<u>1 154 897</u>

Gebyr hos våre naboar,

Gebyrtype. Prisar eks. mva. VØR pris 2019. Andre kommuner pris 2018.

	VØR -19	Hareid-18	Stryn-18	Sula-18	Stranda-18
Renovasjon standard	2 513,60	3 141,60	3 010,10	2 776,00	3 504,00
Renovasjon fritidshus	1 131,20	780,00	1142,60 *	1 110,00	1 751,20
Slamtøming intil 4,5 m3	1 183,20	Ikkje opplyst	1 231,00	1 188,00	1 416,25

* Nordfjord har differensierte gebyr utifrå standard på og tilgjenge til fritidseigedomen.

Høg sats kr 1891,- (Straum og vatn innlagt. Heilårsveg fram til eigedomen)

Middel sats kr 1142,60. (Eit av vilkåra til stade: Straum og vatn innlagt. Heilårsveg)

Låg sats 374,20 (Fr.huset større enn 20 kvm og utan innl.straum, vatn og veg fram til eigedomen)



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ivar Kongsvik

Arkivsak nr.: 2018/2101

Arkivkode: 221

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
183/18	Formannskapet	27.11.2018
143/18	Kommunestyret	13.12.2018

BETALINGSSATSAR I BARNEHAGAR, SFO OG KULTURSKULEN 2019

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2019:

Sentrum: pr måned i 11 månader : 1-3 dagar pr. veke : kr 1 819,-

: 4 dagar pr. veke : kr 2 373,-

: 5 dagar pr. veke : kr 2 927,-

Matpengar pr måned : 1-3 dagar pr. veke : kr 114,-

: 4 dagar pr. veke : kr 167,-

: 5 dagar pr. veke : kr 210,-

Dei andre krinsane: pr måned i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 2 175,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 135,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2019:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1881,-

Pr semester for instrumentleige : kr 271,-

Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 271,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Det vert gitt 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehaga:

Frå 01.01.2019 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 2 990,-

Frå 01.08.2019 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 3 040,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar

Frå 01.01.2019 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 2 990,-

Pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke : kr 2 785,-

Frå 01.08.2019 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 3 040,-

Pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke : kr 2 830,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 290,-

Syskenrabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og privat barnehage.

Administrasjonen si tilråding:

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2019:

Sentrum: pr måned i 11 månader : 1-3 dagar pr. veke : kr 1 819,-

: 4 dagar pr. veke : kr 2 373,-

: 5 dagar pr. veke : kr 2 927,-

Matpengar pr måned : 1-3 dagar pr. veke : kr 114,-
: 4 dagar pr. veke : kr 167,-
: 5 dagar pr. veke : kr 210,-

Dei andre krinsane: pr måned i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 2 175,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 135,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2019:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1881,-

Pr semester for instrumentleige : kr 271,-

Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 271,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Det vert gitt 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehaga:

Frå 01.01.2019 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 2 990,-

Frå 01.08.2019 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 3 040,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar

Frå 01.01.2019 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 2 990,-

Pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke : kr 2 785,-

Frå 01.08.2019 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 3 040,-

Pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke : kr 2 830,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 290,-

Syskenrabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både

Saksopplysningar/fakta:

Skulefritidsordning

Jfr. opplæringslova § 13-7, skal kommunen ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. årssteg og for born med særskilde behov på 1. – 7. årssteg. I lova heiter det at kommunen kan krevje utgiftene dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

Volda kommune har gode skulefritidsordningar, og kommunen tilbyr tenesta ved alle barneskulane. Volda kommune har også differensierte tilbod dei føresette kan velje mellom, noko som også er kostnadsdrivande. Dette i sum gjer at det er langt frå at foreldrebetalinga dekker kommunen sine utgifter til drift av ordningane.

Ei samanlikning av netto driftsutgifter i 2016 og 2017 til skulefritidstilbod mellom kommunane på Søre-Sunnmøre og kostragruppe 11 viser følgjande:

	2016	2017
Volda	8738	7269
Ørsta	-9	476
Vanylven	4842	6426
Hareid	2284	2743
Herøy	2675	2841
Ulstein	3231	4042
Sande	5270	5131
Kostragruppe 11	4322	4354

Som tiltak for å redusere netto driftsutgifter, vart foreldrebetalinga auka med 15 % med verknad frå 01.08.2017, og dette har kome til syne gjennom reduserte netto driftsutgifter. Når Volda, samanlikna med andre kommunar, framleis har høge kostnader, kan dette skuldast føring at utgifter knytt til elevar med særlege behov i SFO. Volda fører framleis desse utgiftene på teneste 215 (skulefritidsordning), medan det kan vere at andre kommunar gjer vedtak om særskilt støtte etter lovverk som gjer at utgifta vert ført på ei anna teneste. Det er difor knytt usikkerheit til direkte samanlikning av kostratala.

Ei samanlikning av satsen for foreldrebetaling hausten 2018 mellom nokre av dei same kommunane viser:

Volda	2856
Ulstein	2700
Herøy	2625
Ørsta	2905

Som tabellen viser, ligg Volda i øvre sjikt når det gjeld foreldrebetalinga. Administrasjonen rår til at satsen difor ikkje vert auka meir enn berekne løns- og prisvekt på 2,5 %. Det same gjeld auken i matpengane.

Kulturskulen

Musikk- og kulturskuletilbod er heimla i opplæringslova § 13-6 der det heiter at alle kommunar åleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge. Ein føreset at tilbodet delvis vert finansiert gjennom foreldrebetaling.

Satsen for foreldrebetaling ligg noko over satsen i andre kommunar på Søre-Sunnmøre. Herøy og Ørsta tek kr 3490,- for ein elevplass, medan Herøy oppgir at ein elevplass kostar kr 3500,-. Det er før desse kommunane har fastsett ny sats gjeldande frå hausten 2019.

Administrasjonen ser det som viktig at kulturskulen skal vere tilgjengeleg for alle barn i kommunen. Høge avgifter kan vere med på å støyte elevar vekk. Sjølv om Volda kommune no ligg over nokre andre omliggande kommunar, rår administrasjonen til at elevbetalinga vert auka for å halde tritt med løns- og prisveksten.

Barnehagane

Regjeringa foreslår ein auke i maksimalprisen for ein barnehageplass med kr 80,- per måned frå 01.01.2019, og vidare auke med kr 50,- per måned frå 01.08.2019. Maksimalpris for ein heiltidsplass blir då kr 2 990,- per måned / kr 32 010 per år frp 01.01.2019 og kr 3040,- per måned / kr 33 440 per år frå 01.08.2019.

Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Volda kommune krev foreldrebetaling i barnehage tilsvarande maksimal pris på nasjonalt nivå. Foreldrebetaling vert fastsett i tråd med *Forskrift om foreldrebetaling i barnehager*.

Det står i §1 i *Merknad til Forskrift om foreldrebetaling i barnehager*, at foreldrebetaling for eit deltidstilbod skal settast lågare enn foreldrebetaling for eit heildagstilbod. Deltidstilbod er avtalt opphaldstid under 41 timer per veke. Barnehageeigar står fritt til å bestemme kor mykje lågare prisen for eit deltidstilbod skal vere.

Administrasjonen rår til at matpengane vert uendra.

Syskenrabatt

Kommunen skal syte for at føresette med meir enn eitt barn i barnehage, får reduksjon i foreldrebetalinga. Dette gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal og privat barnehage. Syskenrabatt omfattar sysken som bur fast saman.

Det vert gitt 30 % syskenrabatt for barn nr 2 og 50 % syskenrabatt for barn nr 3 og fleire.

Reduksjon i foreldrebetaling (*behov for å revidere teksten her?*)

Ordninga med 20 t gratis tid i barnehage for alle 3-, 4- og 5-åringar frå familiar med låg inntekt blir vidareført. Frå 1. august 2019 er inntektsgrensa av regjeringa foreslått auka til kr 548 500.

Regjeringa foreslår vidare å utvide ordninga til også å gjelde 2-åringar frå 01.08.2019.

Ordninga med rimelegare barnehageplass for familiar med låg inntekt vert også vidareført. Denne ordninga inneber at ingen familiar betalar meir enn 6 % av samla inntekt for ein barnehageplass. Gjeldande frå 01.08.2019 vil hushaldningar med inntekt under kr 548 500 etter søknad ha rett til redusert foreldrebetaling.

Økonomiske konsekvensar:

Dei føreslegne aukene i foreldrebetaling skal ta høgde for ein forventa løns- og prisvekst, og slik sikre balanse mellom auka utgifter og inntekter.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune har ei desentralisert skulefritidsordning som er fleksibel for brukarane. Dette gjer at ordninga er kostnadskrevjande, og det har vore naudsynt å auke inntektene for å kome nærare balanse i drifta. Samstundes ser ein det som viktig at prisen for tilbodet ikkje hindrar born i å få vere ein del av ein viktig leik- og læringsarena.

Med verknad frå 01.08.2019, rår administrasjonen at foreldrebetalinga i skulefritidsordninga ikkje vert auka meir enn ein forventa løns- og prisvekt på 2,5 %.

Matpengane i skulefritidsordninga vert rådd til å vere uendra i 2019.

I tidsromet 2013 til 2016 vart elevkontingenten i Kulturskulen halde uendra. Med verknad frå 01.08.2016 vart kontingenten auka. Volda kommune er mellom dei kommunane på Søre-Sunnmøre som har høgast elevkontingent, og for 2019 vert det rådd til at prisen berre vert justert for ein forventa løns- og prisvekst på 2,5 %.

Administrasjonen rår til at det vert kravd foreldrebetalinga i barnehage tilsvarande maksimal pris på nasjonalt nivå.

Økonomiske konsekvensar:

Framlegget til betalingsattsar for 2019 tek høgde for ein forventa løns- og prisvekst på 2,5 % i 2019.

Rune Sjørgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Opplæring og oppvekst
Kommunale barnehagar
Private barnehagar
Skular med skulefritidsordning
Økonomisjefen

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Lars Fjærvold

Arkivsak nr.: 2018/2108

Arkivkode: M00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
185/18	Formannskapet	27.11.2018
144/18	Kommunestyret	13.12.2018

GEBYR FOR FEIING, VATN OG KLOAKK 2019

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:

- 1. Gebyr for vatn vert auka med 9% i abonnementsgebyr og forbruksgebyr i høve satsane for 2018.*
- 2. Gebyr for avløp vert auka med 25% i abonnementsgebyr og forbruksgebyr i høve satsane for 2018.*
- 3. Tilleggsgebyr for avlesing av vassmålar, dersom kommunen må på staden og lese av målar, vert vidareført med sats frå 2018.*
- 4. Målarleige for vassmålar vert vidareført med satsar frå 2018.*
- 5. Satsane for eingongsgebyr for tilknytning til kommunalt vatn og avløp er uendra utover satsane for 2018.*
- 6. Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.*
- 7. Gebyr for feiing vert vedteke etter gjeldande satsar i vedlegg «Gebyrregulativ feiing og bustadtilsyn 2019»*

Administrasjonen si tilråding:

- 8. Gebyr for vatn vert auka med 9% i abonnementsgebyr og forbruksgebyr i høve satsane for 2018.**
- 9. Gebyr for avløp vert auka med 25% i abonnementsgebyr og forbruksgebyr i høve satsane for 2018.**

10. Tilleggsgebyr for avlesing av vassmålar, dersom kommunen må på staden og lese av målar, vert vidareført med sats frå 2018.
11. Målarleige for vassmålar vert vidareført med satsar frå 2018.
12. Satsane for eingongsgebyr for tilknytning til kommunalt vatn og avløp er uendra utover satsane for 2018.
13. Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.
14. Gebyr for feiing vert vedteke etter gjeldande satsar i vedlegg «Gebyrregulativ feiing og bustadtilsyn 2019»

Vedleggsliste:

1. Gebyrregulativ for vatn og avløp 2019
2. Gebyrregulativ for feiing og bustadtilsyn 2019
3. Gebyrsimulering og budsjettnotat frå Envidan Momentum As

Samandrag av saka:

Volda kommune har leigd inn Envidan Momentum(EM) for å hjelpe til med å rekne på gebyrutvikling fram til og med kommunesamanslåinga. EM har frå 2020 slått saman tala frå Hornindal og Volda slik at ein kan sjå korleis gebyra for vatn og avløp vil utvikle seg også etter 2020.

Ein ser at gebyra vil auke i Volda og minke i Hornindal for så å stige vidare i den samanslåtte kommunen.

For å hindre ei for brå auke i gebyr i Volda i 2020 vil administrasjonen tilrå og følgje råda EM har gitt i sin rapport og auke gebyret i 2 steg inn mot 2020.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune skal i 2020 slå seg saman med Hornindal kommune. I Hornindal er vatn og avløpsgebyret vesentleg høgare enn i Volda. Dette betyr at når kommunane slår seg saman i 2020 vil avgiftsnivået i Volda auke, medan avgiftsnivået i Hornindal vil minke.

En normalabonnet i Volda kommune betalar i 2018 ca. 4.000,- kr for vasstjenester og ca. 2.400,- kr for avløpstjenester (inkl. Mva). I Hornindal kommune betalar en normalabonnet i 2018 ca. 5.800,- kr for vasstjenester og 6.100,- for avløpstjenester. Dette illustrera at det er særleg stor forskjell når det kjem til avløpsgebyret i dei to kommunene.

Volda kommune har for 2019 nytta same selskap som ein nyttar i Hornindal til å kalkulere avgiftsnivået i åra som kjem. Dette har gitt administrasjonen eit nytt verktøy og ei betre føresetnad til å berekne abonnementsutvikling i fleire år framover enn ein hadde frå før. Ein har i programmet Envidan Momentum(EM) nyttar lagt i saman budsjett og fond frå og med 2020 for Volda og Hornindal for å sjå på verknaden av samanslåinga og felles gebyrutvikling.

EM føreslår etter møte med Volda kommune og auke vassgebyret med 9% og avløpsgebyret med 25%. Dette utgjer likevel ikkje ei auke i avløpsgebyret til ein normalhushaldning på meir enn kr. 610,- i avløpsgebyr og kr. 369,- i vassgebyr. Dette for å hindre eit særst stort sprang i gebyrutvikling etter samanslåinga. Ved å gjere det slik vil ein ved samanslåinga få ein auke tilsvarande inn mot 2020 og ende opp med ca. kr. 3800,- i avløpsgebyr og kr. 4900,- i vassgebyr i den nye kommunen.

Noko av grunnen til at avgiftsnivået i Hornindal er so mykje høgare enn i Volda skyldast at dei at eit mykje nyare leidningsnett og har nettopp bygd eit nytt avløpsreinseanlegg og vassbehandlingsanlegg. Monge av dei investeringane som ligg føre i Volda er allereie gjennomført i Hornindal. Dette betyr at avgiftsnivået etter samanslåing fortsatt kjem til å auke grunna vidare oppgradering og nybygg i Volda.

Vassgebyrutvikling, frå og med 2020 er Hornindal inkludert. Alle tal er inkl. mva:

Vanngebyrsatser	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Abonnementsgebyr (kr/abonnet)	kr 1 647	kr 1 647	kr 1 794	kr 1 943	kr 2 065	kr 2 079
<i>Årlig endring</i>		0 %	9 %	8 %	6 %	1 %
Forbruksgebyr (kr/m³)	kr 13,44	kr 13,44	kr 14,68	kr 16,53	kr 17,58	kr 17,70
<i>Årlig endring</i>		0 %	9 %	13 %	6 %	1 %
Arsgebyr inklusiv mva.	kr 4 066	kr 4 066	kr 4 435	kr 4 917	kr 5 229	kr 5 265
<i>Årlig endring</i>		0 %	9 %	11 %	6 %	1 %

Avløpsgebyrutvikling, frå og med 2020 er Hornindal inkludert. Alle tal er inkl. mva.:

Avløpsgebyrsatser	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Abonnementsgebyr (kr/abonnet)	kr 853	kr 874	kr 1 089	kr 1 360	kr 1 595	kr 1 785
<i>Årlig endring</i>		2 %	25 %	25 %	17 %	12 %
Forbruksgebyr (kr/m³)	kr 8,13	kr 8,31	kr 10,51	kr 13,36	kr 15,68	kr 17,55
<i>Årlig endring</i>		2 %	26 %	27 %	17 %	12 %
Arsgebyr inklusiv mva.	kr 2 316	kr 2 371	kr 2 981	kr 3 765	kr 4 417	kr 4 944
<i>Årlig endring</i>		2 %	26 %	26 %	17 %	12 %

Eit meir detaljert gebyrnotat for utviklinga av vatn og avløpsgebyr i Volda og Hornindal ligg vedlagt.

Det er viktig å påpeike at ein i 2019 må arbeide vidare med Enivdan Momentum og legge inn hovudplanen både til Hornindal og Volda, slik at ein får ein endå meir nøyaktig gebyrutvikling. For 2019 tala og vidare har ein nytta estimat henta frå Hovudplanen for vatn og avløp utan at dei eksakte tala er lagt inn.

Andre vass- og avløpsgebyr nemnd i Gebyrregulativ for vatn og avløp 2019 held ein uforandre frå 2018. Disse må også justerast inn mot 2020 slik at ein får like tilknytingsgebyr og leigegebyr for vassmålarar.

Feiing og bustadtilsyn

Satsane for feiing og bustadtilsyn må hevast med 6% då fondet for feiing snart er brukt opp. Feiing og bustadtilsynsgebyret har vert heldt uendra dei siste tre åra då ein har hatt eit stort fond. Når fondet no går mot null må ein allereie i 2019 starte å sette opp gebyra for å hindre ei brå auke i gebyr.

Ein vil også på feiing og bustadtilsyn til neste år nytte EM sitt program for å rekne ut gebyrutvikling for 2020 og vidare. Dette må ein gjere for å finne felles gebyrsats når kommunane slår seg saman. Ein har ikkje kunne gjere dette i år då ein ulik oppbygging av tilsyns og feiegebyr i Volda og Hornindal. So ein må også få ei felles forskrift på feiing og bustadtilsyn i løpet av 2019.

Vurdering og konklusjon:

Auken i avgiftsgebyret for avløp er vesentleg. Samtidig har avgiftsnivået i Volda vore relativt låg samanlikna med andre kommunar. Det har vore venta at avgiftsnivået vil auke både for vatn og avløp i samband med harmonisering med Hornindal og i samband med gjennomføring av tiltaka i rammeplan for vatn og avløp.

Administrasjonen tilrår og følgje vurderinga frå Envidan Momentum om å auke vatn og avløpsgebyra i Volda med høvesvis 9% og 25% for å få ein mjuk overgang til satsane i Nye Volda kommune.

For feiing auka ein gebyret med 6% for å unngå brå auke i gebyr når fondet er tomt.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:



VOLDA KOMMUNE
BRANNAVDELINGA

Gebyrregulativ feiing og bustadtilsyn 2019

Med heimel i brann og eksplosjonsvernlova §28, 2.ledd vert det kravd gebyr for feiing og tilsyn av bustadhus i Volda kommune. Frekvens på feiing og tilsyn skal vere behovsprøvd.

		Eks mva	inkl. mva
1. Feiing og tilsyn av bustadhus	1 pipeløp	kr. 450,-	562,50
	2 pipeløp	kr. 601,-	751,25
	3 pipeløp	kr. 739,-	923,75

Same avgifta nyttast for fritidsbustadar som har feiing og tilsyn. Frekvens på feiing og tilsyn skal vere behovsprøvd.

2. Fresing av beksot:		Eks.mva	inkl.mva
		kr. 2000,-	2500,-
3. Timesats:	pr.time	Eks.mva	inkl.mva
		kr. 835,-	1043,75

Timesats nyttast ved arbeid utanom lovpålagt feiing og tilsyn.

Til dømes kontroll av piper etter pipebrann, fabrikkpiper, ekstra feiing og andre ting som ikkje er dekkja av den ordinære feieavgifta.



Volda, 15.11.2018

Gebyrregulativ vatn og avløp 2019

Gebyrutrekning er basert på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.05.1974 og nasjonale/ kommunale forskrifter om vass- og avlaupsgebyr.

Alle prisar skal leggest til 25% mva.

1. Årsgebyr

1.1 Abonnementsgebyr

Kommunen sine totale årsinntekter frå abonnementsgebyra skal dekke fylgjande del av kommunen sine samla kostnader for høvesvis vass- eller avlaupstenestene.

Alle abonnentar i same kategori betalar likt abonnementsgebyr. Abonnementsgebyret vert fastsett med ein sum pr. år for fylgjande kategoriar:

Abonnementsgebyr	Vatn	Avlaup
Hytte/ fritidsbustad	Kr. 820,50 pr. år	Kr. 496,00 pr. år
Bustad	Kr. 1437,50 pr. år	Kr. 874,50 pr. år
Næringseigedom	Kr. 2054,50 pr. år	Kr. 1482,50 pr. år

1.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på einingspris nedanfor:

Einingspris

Einingspris for vatn	Einingspris for avlaup
Kr. 11,75 pr. m3	Kr. 8,35 ,- pr. m3

Målt forbruk

Forbruksgebyret vert basert på faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris pr. m3. Avlaupsmengda vert rekna lik brukt vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmålar:

- Vatn: Einingspris (kr/m3) x målt forbruk(m3).
- Avlaup: Einingspris (kr/m3) x Målt forbruk(m3)

Stipulert forbruk

Forbruksgebyret vert utrekna etter stipulert forbruk og pris pr. m3.

Stipulert forbruk (m3) vert utrekna slik:

Bruksareal BRA x spesifikt forbruk (m3/m2) der:

- Arealet vert utrekna etter bruksareal BRA (m2) etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,9 m3/m2

Forbruksgebyr; *bustadar*:

- Vatn: Einingspris (kr/m3) x stipulert forbruk (m3)
- Avlaup: Einingspris (kr/m3) x stipulert forbruk (m3)

Forbruksgebyr; *hytter/ fritidshus*:

- Vatn: Einingspris (kr/m3) x stipulert forbruk (m3) x venta brukstid
- Avlaup: Einingspris (kr/m3) x Stipulert forbruk (m3) x venta brukstid

1) Venta brukstid vert sett som andel av året etter fylgjande modell:

- Utleiehytter: venta brukstid = 6 mnd. (50% av året) dvs. faktor 0,5
- Andre hytter/ fritidshus: Venta brukstid = 6 mnd (50% av året) dvs. faktor 0,5

2. Eingongsgebyr for tilknytning

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknytning til offentleg vass- og eller avlaupsnett

	Vatn	Avlaup
Eingongsgebyr for tilknytning av hytte/ fritidshus, einingar/ seksjonar og bustad	50 kr/ m2 BRA	100,00 kr/m2 BRA
Eingongsgebyr for tilknytning av næringseigedom	Kr. 25.000	Kr. 40.000

3. Årleg vassmålarleige

Kommunen eig vassmålaren for bustad, gardsbruk i drift, næringsbygg, hytte/ fritidsbustader. Desse abonnentane betalar alle kostnader knytt til installering av målar. Vedlikehald av målaren m.m. vert dekkja av vassverket. Det skal betalast ein årleg leige for å dekke desse kostnadane, som varierer med målaren sin storleik etter fylgjande modell:

- 1/2", 3/4" og 1" : kr. **289,00** pr. år
- 1 1/4", 1 1/2" : kr. **495,50** pr. år
- 2" : kr. **1164,50** pr. år
- 3" og 4" : kr. **1575,00** pr. år
- 6" : kr. **1849,00** pr. år

Målarleige forfell til betaling på 1. termin.

Andre abonnentar kjøper og kostar sjølv sin(e) vassmålar(ar), som skal installerast og vedlikehaldast etter kommunen sin tilvising.

4. Tilleggsgebyr

Avlesingsgebyr for vassmålar kr. 640,- dersom kommunen må lese av.

5. Midlertidig bruk av vatn og avlaup

Eigar/ festar av eigedom som midlertidig vert knytt til kommunen sitt vatn og avlaupsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, sjå pkt. 1.1 og 1.2.

Gebyrsimulering og budsjettnotat

Volda kommune beregner kommunale gebyrer i tråd med Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalings-tjenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Selvkost innebærer at kommunens kostnader med å frembringe tjenestene skal dekkes av gebyrene som brukerne av tjenestene betaler. Kommunen har ikke anledning til å tjene penger på tjenestene. En annen sentral begrensning i kommunens handlingsrom er at overskudd fra det enkelte år skal tilbakeføres til abonnentene eller brukerne i form av lavere gebyrer innen de neste fem årene. Dette betyr at hvis kommunen har avsatt overskudd som er eldre enn fire år, må overskuddet brukes til å redusere gebyrene i det kommende budsjettåret. Eksempelvis må et overskudd som stammer fra 2014 i sin helhet være disponert innen 2019.

Utfordringer med selvkostbudsjettet

Det er en rekke faktorer som Volda kommune ikke rår over i forhold til hva selvkostresultatet for det enkelte år vil bli. De viktigste faktorene er budsjettårets forventede kalkylerente (5-årig SWAP-rente + 1/2 %-poeng), gjennomføringsevne på planlagte prosjekter (kapasitetsbegrensninger internt og eksternt), samt (uventede) inntekter fra nye abonnenter eller brukere. I sum fører dette til at det er utfordrende å treffe med budsjettet.

Generelle forutsetninger

Kalkylerenten er for 2019 anslått å være 2,57 %. Lønnsvekst fra 2018 til 2019 er satt til 2,50 % mens generell prisvekst er satt til 2,50 %. Budsjettet er utarbeidet den 30. oktober 2018. Tallene for 2017 er etterkalkyle, tallene for 2018 er prognostiserte verdier og ikke tall fra budsjettet. Tallene for 2019 til 2022 er budsjett/økonomiplan. Ved behov for ytterligere grunnlagstall og beregningsmetoder henvises det til kommunens selvkostmodell Momentum Selvkost Kommune.

Spesielle forutsetninger

Fra 1.1.2020 skal Volda kommune og Hornindal kommune sammenslås til én kommune. I den anledning har EnviDan Momentum (EDM) utarbeidet en sammenslått selvkostmodell for de to kommunene med hensikt å simulere de fremtidige gebyrene for den sammenslåtte kommunen. Simuleringen sammenligner utelukkende selvkostområdene vann og avløp. De resterende selvkostområdene; feiing, slamtømming, renovasjon, plan- og byggesak, oppmåling og eierseksjonering er ikke hensyntatt i denne gebyrsimuleringen. Dette notatet bygger på beregningene og grunnlagsdataene fra den sammenslåtte selvkostmodellen som ble utarbeidet i møte mellom EDM og Volda kommune den 30. Oktober.

I 2020 skal kommunenes selvkostfond sammenslås. Pr. 2018 har Volda kommune positive selvkostfond på både vann og avløp med henholdsvis 2.078.577,- og 404.826,- kr. Hornindal har pr. 2018 et negativt selvkostfond (fremførbart underskudd) på vannområdet pålydende 266.648,- kr og et positivt selvkostfond tilknyttet avløp på kr 913.439,-. Det er pr. 30.10.2018 usikkert hvordan kommunenes selvkostfond skal harmoniseres i forkant av kommunesammenslåingen.


Ved å sammenligne dagens gebyrnivå i de to kommunene finner vi store forskjeller. En normalabonnt i Volda kommune betaler i 2018 ca. 4.000,- kr for vann tjenester og ca. 2.400,- kr for avløpstjenester (inkl. Mva). I Hornindal kommune betaler en normalabonnt i 2018 ca. 5.800,- kr for vann tjenester og 6.100,- for avløpstjenester. Dette illustrerer at det er særlig stor forskjell når det kommer til avløpsgebyret i de to kommunene.

Beregningene fra selvkostmodellen indikerer at abonnentene i Volda kommune bør forvente et høyere gebyrnivå på VA-tjenestene i 2020 enn det de betaler i 2018. Gjennom dialog med kommunen har EDM forsøkt å jevne ut gebyrutviklingen over flere år, i stedet for å øke gebyrene dramatisk i det året kommunesammenslåingen finner sted. EDM's forslag er derfor å begynne en opptrapping av gebyrnivået allerede i 2019. Det er dette forslaget som ligger til grunn i dette notatet, og som de videre beregningene bygger på.

Gebyrutvikling vann og avløp.

Fra 2018 til 2019 foreslås en samlet gebyrøkning på rundt 15 % for å dekke kommunens kostnader på VA-områdene. Gebyret for vann foreslås å øke med 9%, mens gebyret for avløp foreslås å øke med 26 %. I perioden 2017 til 2022 øker samlet gebyr med kr 3 828,-, fra kr 6 381,- i 2017 til kr 10 209,- i 2022. Fra og med 2020 er også Hornindals inntekter/kostnader inkludert i beregningene.

Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig gebyrøkning på 10 %. I stolpediagrammet under er gebyret for vann og avløp basert på et årlig målt forbruk på 180 kubikkmeter vann. Gebyrsatsene er inkl. mva.



Årlig gebyrøndring fra året før	2019	2020	2021	2022
Vann	9,1 %	10,9 %	6,3 %	0,7 %
Avløp	25,7 %	26,3 %	17,3 %	11,9 %
Total endring	15,2 %	17,1 %	11,1 %	5,8 %

Dette forslaget til gebyrsatser for 2019 er utarbeidet i samarbeid med EnviDan Momentum AS. Volda kommune benytter selvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune til for- og etterkalkulasjon av kommunale gebyrer. Modellen benyttes for tiden av flere enn 300 norske kommuner og selskap. EnviDan Momentum AS har 15 års erfaring med selvkostproblematikk og bred erfaring rundt alle problemstillinger knyttet til selvkost.

Vann - 2017 til 2022

Vanngebyrsatser

I Volda kommune er vanngebyret todelt, bestående av et fast abonnementsgebyr og et variabelt forbruksgebyr. Fastgebyret utgjør 36 % av de totale gebyrinntektene. Fra 2018 til 2019 foreslås det at vanngebyret øker med 9 % fra kr 4 066,- til kr 4 435,-. I perioden 2017 til 2022 vil årsgebyret totalt øke med kr 1 199,-, hvorav kr 370,- er endringen fra 2018 til 2019. Budsjettet legger opp til en gjennomsnittlig årlig gebyrøkning på 5 % i årene 2017 til 2022. Samlet gebyrøkning i perioden er fra kr 4 066,- i 2017 til kr 5 265,- i 2022. I tabellen under er vanngebyret basert på et årlig målt forbruk på 180 kubikkmeter vann. Gebyrsatsene er inkl. mva.

Vanngebyrsatser	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Abonnementsgebyr (kr/abonnent)	kr 1 647	kr 1 647	kr 1 794	kr 1 943	kr 2 065	kr 2 079
<i>Årlig endring</i>		0 %	9 %	8 %	6 %	1 %
Forbruksgebyr (kr/m³)	kr 13,44	kr 13,44	kr 14,68	kr 16,53	kr 17,58	kr 17,70
<i>Årlig endring</i>		0 %	9 %	13 %	6 %	1 %
Arsgebyr inklusiv mva.	kr 4 066	kr 4 066	kr 4 435	kr 4 917	kr 5 229	kr 5 265
<i>Årlig endring</i>		0 %	9 %	11 %	6 %	1 %

Driftsutgifter Vann

I perioden 2017 til 2022 forventes driftsutgiftene å øke med 3,5 millioner kr, fra 6,3 millioner kr i 2017 til 9,9 millioner kr i 2022. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 9 %. For Volda kommune er det lagt inn en ny driftsoperatør med 50/50 fordeling på vann og avløp. Det ligger inne en halvårseffekt i 2019 og helårseffekt i 2020. Fra og med 2020 er driftsutgiftene til Hornindal kommune lagt inn som en aktivitetsendring i selvkostmodellen. Lønnsutgiftene utgjør rundt 53 % av de totale driftsutgiftene.

Driftsutgifter Vann	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
10*** Lønn	1 051 958	4 600 000	4 715 000	4 832 875	4 953 697	5 077 539	53 %
11*** Varer og tjenester	1 517 210	1 591 000	1 630 775	1 671 544	1 713 333	1 756 166	21 %
12*** Varer og tjenester	4 952 859	1 786 000	1 830 650	1 876 416	1 923 327	1 971 410	30 %
13*** Tjenester som erstatter kommunal tjenest	421 357	0	0	0	0	0	1 %
14*** Overføringsutgifter	0	0	0	0	0	0	0 %
15*** Finansutgifter/Aktivitetsendring	-1 602 477	-1 743 258	-1 903 534	1 041 525	1 060 437	1 079 832	-4 %
Sum driftsutgifter	6 340 908	6 233 742	6 272 891	9 422 360	9 650 794	9 884 947	100 %
<i>Årlig endring</i>		-2 %	1 %	50 %	2 %	2 %	

Kapitalkostnader Vann

Fra 2018 til 2019 forventes kapitalkostnadene å øke med rundt 15 % fra 5,6 millioner kr til 6,4 millioner kr. I perioden 2017 til 2022 øker kapitalkostnadene med 5,0 millioner kr, fra 2,1 millioner kr i 2017 til 7,1 millioner kr i 2022. Fra 2020 er kapitalkostnadene til Hornindal kommune også hensyntatt. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 28 %. Avskrivningskostnadene utgjør ca. 62 % av de totale kapitalkostnadene.

Selvkostberegningen bygger på forutsetningen om at Volda kommune planlegger å investere totalt 9 millioner innenfor vann-området i 2019. Hornindal planlegger å investere 13,58 millioner på dette området i 2019.

Kapitalkostnader Vann	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
Avskrivningskostnad	1 122 738	3 653 847	3 626 271	3 510 675	3 486 199	3 455 271	53 %
Avskrivningskostnad fremtidige investeringer	0	0	325 000	939 250	939 250	939 250	9 %
Kalkulatorisk rente	994 512	1 756 193	1 818 915	1 854 898	1 847 532	1 801 094	28 %
Kalkulatorisk rente fremtidige investeringer	0	141 600	594 377	932 476	952 538	954 016	10 %
Sum kapitalkostnader	2 117 251	5 551 640	6 364 563	7 237 299	7 225 518	7 149 630	100 %
<i>Årlig endring</i>		162 %	15 %	14 %	0 %	-1 %	

Indirekte kostnader Vann

Fra 2018 til 2019 forventes de indirekte kostnadene å øke med rundt 2 % fra 0,44 millioner kr til 0,45 millioner kr. I perioden 2017 til 2022 øker indirekte kostnader med 0,23 millioner kr, fra 0,37 millioner kr i 2017 til 0,60 millioner kr i 2022. Fra og med 2020 er de indirekte kostnadene til Hornindal kommune også hensyntatt. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 10 %.

Indirekte kostnader Vann	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
Indirekte driftsutgifter (netto)	369 101	438 000	448 950	572 511	586 932	601 711	100 %
Sum indirekte kostnader	369 101	438 000	448 950	572 511	586 932	601 711	100 %
<i>Årlig endring</i>		19 %	2 %	28 %	3 %	3 %	

Gebyrinntekter Vann

Fra 2018 til 2019 forventes gebyrinntektene å øke med rundt 9 % fra 12,0 millioner kr til 13,1 millioner kr. I perioden 2017 til 2022 øker gebyrinntektene med 5,6 millioner kr, fra 11,7 millioner kr i 2017 til 17,3 millioner kr i 2022. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 8 %. Konto 16400 utgjør 98 % av de totale gebyrinntektene.

Gebyrinntekter Vann	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
16400 Høg mva-sats §11,1 - Avg.pl. års-gebyr	11 480 237	11 643 200	12 809 560	15 842 710	16 859 797	16 980 204	98 %
16401 Høg mva-sats §11,1 - Avg.pl. tilkop.-geb	255 800	324 765	324 765	324 765	324 765	324 765	2 %
16500 Høg mva-sats §11,1 - Sal av varer og te	13 795	43 000	0	0	0	0	0 %
Øvrige gebyrinntekter	-13 795	0	0	0	0	0	0 %
Sum gebyrinntekter	11 736 037	12 010 965	13 134 325	16 167 475	17 184 562	17 304 969	100 %
<i>Årlig endring</i>		2 %	9 %	23 %	6 %	1 %	

Øvrige inntekter Vann

Fra 2018 til 2019 forventes øvrige inntekter å øke med rundt 2 % fra 0,01 millioner kr til 0,01 millioner kr. I perioden 2017 til 2022 øker øvrige inntekter med 0,10 millioner kr, fra 0,01 millioner kr i 2017 til 0,11 millioner kr i 2022. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 41 %.

Øvrige inntekter Vann	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
17*** Refusjoner	6 059	6 210	6 365	6 524	6 687	6 855	-10 %
19*** Finansinntekter /Aktivitetsendring	0	0	0	-622 780	102 634	103 400	110 %
Sum øvrige inntekter	6 059	6 210	6 365	-616 256	109 322	110 255	100 %
Årlig endring		2 %	2 %	-9782 %	-118 %	1 %	

Selvkostoppstilling Vann

Selvkostregnskap	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Direkte driftsutgifter	6 340 908	6 233 742	6 272 891	9 422 360	9 650 794	9 884 947	10 124 965
Direkte kalkulatoriske rentekostnader	994 512	1 897 793	2 413 292	2 787 374	2 800 070	2 755 110	2 693 926
Direkte kalkulatoriske avskrivninger	1 122 738	3 653 847	3 951 271	4 449 925	4 425 449	4 394 521	4 393 650
Indirekte kostnader (drift og kapital)	369 101	438 000	448 950	572 511	586 932	601 711	616 861
- Øvrige inntekter	-6 059	-6 210	-6 365	-629 304	95 947	96 545	97 159
+/- Andre inntekter og kostnader	2 146 884	0	0	0	0	0	0
Gebyrgrunnlag	10 968 085	12 217 172	13 080 039	16 602 866	17 559 190	17 732 834	17 926 560
Gebyrinntekter	11 736 037	12 010 965	13 134 325	16 167 475	17 184 562	17 304 969	17 722 113
Selvkostresultat	767 952	-206 207	54 286	-435 391	-374 628	-427 865	-204 447
Selvkost dekningsgrad i %	107 %	98 %	100 %	97 %	98 %	98 %	99 %
Selvkostfond/fremførbart underskudd	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Inngående balanse 01.01	1 264 062	2 078 577	1 918 991	2 023 293	374 988	214 047	-3 923
+/- Selvkostresultat	781 747	-206 207	54 286	-1 680 951	-169 360	-221 065	3 923
+/- Kalkulatorisk rente fond/underskudd	32 768	46 621	50 016	32 646	8 419	3 095	-60
Utgående balanse 31.12	2 078 577	1 918 991	2 023 293	374 988	214 047	-3 923	-60
Selvkostgrad i %	100 %	100 %	100 %	108 %	99 %	99 %	99 %

Avløp - 2017 til 2022

Avløpgebyrsatser

I Volda kommune er avløpgebyret todelt, bestående av et fast abonnementsgebyr og et variabelt forbruksgebyr. Fastgebyret utgjør 38 % av de totale gebyrinntektene. Fra 2018 til 2019 foreslås det at avløpgebyret øker med 26 % fra kr 2 371,- til kr 2 981,-. I perioden 2017 til 2022 vil årsgebyret totalt øke med kr 2 628,-, hvorav kr 610,- er endringen fra 2018 til 2019. Budsjettet legger opp til en gjennomsnittlig årlig gebyrøkning på 16 % i årene 2017 til 2022. Samlet gebyrøkning i perioden er fra kr 2 316,- i 2017 til kr 4 944,- i 2022. I tabellen under er avløpgebyret basert på et årlig målt forbruk på 180 kubikkmeter vann. Gebyrsatsene er inkl. mva.

Avløpgebyrsatser	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Abonnementsgebyr (kr/abonnet)	kr 853	kr 874	kr 1 089	kr 1 360	kr 1 595	kr 1 785
Årlig endring		2 %	25 %	25 %	17 %	12 %
Forbruksgebyr (kr/m3)	kr 8,13	kr 8,31	kr 10,51	kr 13,36	kr 15,68	kr 17,55
Årlig endring		2 %	26 %	27 %	17 %	12 %
Årsgebyr inklusiv mva.	kr 2 316	kr 2 371	kr 2 981	kr 3 765	kr 4 417	kr 4 944
Årlig endring		2 %	26 %	26 %	17 %	12 %

Driftsutgifter Avløp

Fra 2018 til 2019 forventes driftsutgiftene å reduseres med rundt 9 % fra 2,2 millioner kr til 2,0 millioner kr. I perioden 2017 til 2022 øker driftsutgiftene med 3,5 millioner kr, fra 2,9 millioner kr i 2017 til 6,4 millioner kr i 2022. Her er det lagt til en ny driftsoperatør med 50/50 fordeling mellom vann og avløp. Denne stillingen har en halvårseffekt i 2019 og full effekt fra og med 2020. I tillegg er det lagt inn en ny ingeniørstilling med effekt fra og med april 2019. Fra og med 2020 er driftskostnadene til Hornindal kommune lagt til i selvkostkalkylen. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 17 %. Lønnsutgiftene utgjør rundt 43 % av de totale driftsutgiftene.

Driftsutgifter Avløp	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
10*** Lønn	1 255 543	1 876 000	1 922 900	1 970 973	2 020 247	2 070 753	43 %
11*** Varer og tjenester	751 799	661 761	678 305	695 262	712 644	730 460	16 %
12*** Varer og tjenester	1 578 218	971 759	996 053	1 020 955	1 046 479	1 072 641	26 %
13*** Tjenester som erstatter kommunal tjenest	302 718	0	0	0	0	0	1 %
15*** Finansutgifter/Aktivitetsendring	-1 004 911	-1 308 195	-1 595 521	2 541 679	2 541 679	2 541 679	14 %
Sum driftsutgifter	2 883 367	2 201 325	2 001 737	6 228 869	6 321 048	6 415 532	100 %
Årlig endring		-24 %	-9 %	211 %	1 %	1 %	

Kapitalkostnader Avløp

Fra 2018 til 2019 forventes kapitalkostnadene å øke med rundt 35 % fra 4,0 millioner kr til 5,4 millioner kr. I perioden 2017 til 2022 øker kapitalkostnadene med 7,4 millioner kr, fra 1,4 millioner kr i 2017 til 8,8 millioner kr i 2022. Fra og med 2020 er også Hornindals kapitalkostnader inkludert. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 45 %. Avskrivningskostnadene utgjør ca. 61 % av de totale kapitalkostnadene.

Selvkostberegningene bygger på forutsetningene om at Volda kommune har behov for å investere 5,5 millioner innenfor avløp i 2019, og 50 millioner tilknyttet et nytt renseanlegg i perioden 2020-2022. Hornindal planlegger å investere 13,58 millioner innenfor avløp i 2019.

Kapitalkostnader Avløp	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
Avskrivningskostnad	733 681	2 506 919	2 479 344	2 479 344	2 431 510	2 400 582	39 %
Avskrivningskostnad fremtidige investeringer	0	0	881 297	1 420 547	1 920 547	2 920 547	22 %
Kalkulatorisk rente	643 920	1 231 684	1 277 209	1 303 203	1 298 101	1 266 147	21 %
Kalkulatorisk rente fremtidige investeringer	0	233 356	742 095	1 166 497	1 612 221	2 187 881	18 %
Sum kapitalkostnader	1 377 601	3 971 959	5 379 946	6 369 592	7 262 379	8 775 157	100 %
Årlig endring		188 %	35 %	18 %	14 %	21 %	

Indirekte kostnader Avløp

Fra 2018 til 2019 forventes de indirekte kostnadene å øke med rundt 2 % fra 0,26 millioner kr til 0,27 millioner kr. I perioden 2017 til 2022 øker indirekte kostnader med 0,17 millioner kr, fra 0,25 millioner kr i 2017 til 0,43 millioner kr i 2022. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 11 %.

Indirekte kostnader Avløp	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
Indirekte driftsutgifter (netto)	254 951	260 000	266 500	405 413	415 675	426 191	100 %
Sum indirekte kostnader	254 951	260 000	266 500	405 413	415 675	426 191	100 %
<i>Årlig endring</i>		2 %	2 %	52 %	3 %	3 %	

Gebyrinntekter Avløp

Fra 2018 til 2019 forventes gebyrinntektene å øke med rundt 19 % fra 6,9 millioner kr til 8,2 millioner kr. I perioden 2017 til 2022 øker gebyrinntektene med 8,9 millioner kr, fra 6,5 millioner kr i 2017 til 15,3 millioner kr i 2022. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 19 %. Konto 16400 utgjør 97 % av de totale gebyrinntektene.

Gebyrinntekter Avløp	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
16400 Høg mva-sats §11,1 - Avg.pl. års-gebyr	6 189 815	6 400 000	7 954 452	11 496 729	13 477 251	15 090 323	97 %
16401 Høg mva-sats §11,1 - Avg.pl. tilkop.-gebyr	273 200	490 000	250 000	250 000	250 000	250 000	3 %
Sum gebyrinntekter	6 463 015	6 890 000	8 204 452	11 746 729	13 727 251	15 340 323	100 %
<i>Årlig endring</i>		7 %	19 %	43 %	17 %	12 %	

Øvrige inntekter Avløp

Fra 2018 til 2019 forventes øvrige inntekter å øke med rundt 2 % fra 2,5 tusen kr til 2,5 tusen kr. I perioden 2017 til 2022 øker øvrige inntekter med 72,3 tusen kr, fra 2,4 tusen kr i 2017 til 74,7 tusen kr i 2022. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig økning på 99 %.

Øvrige inntekter Avløp	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Fordeling 2017 - 2022
17*** Refusjoner	2 425	2 485	2 547	2 611	2 676	2 743	4 %
19*** Finansinntekter /Aktivitetsendring	0	0	0	266 565	72 000	72 000	96 %
Sum øvrige inntekter	2 425	2 485	2 547	269 176	74 676	74 743	100 %
<i>Årlig endring</i>		3 %	2 %	10467 %	-72 %	0 %	

Selvkostoppstilling Avløp

Selvkostregnskap	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Direkte driftsutgifter	2 883 367	2 201 325	2 001 737	6 228 869	6 321 048	6 415 532	6 512 379
Direkte kalkulatoriske rentekostnader	643 920	1 465 040	2 019 304	2 469 700	2 910 321	3 454 028	3 675 364
Direkte kalkulatoriske avskrivninger	733 681	2 506 919	3 360 641	3 899 891	4 352 057	5 321 129	6 280 106
Indirekte kostnader (drift og kapital)	254 951	260 000	266 500	405 413	415 675	426 191	436 972
- Øvrige inntekter	-2 425	-2 485	-2 547	263 954	69 324	69 257	69 188
+/- Andre inntekter og kostnader	1 698 256	0	0	0	0	0	0
Gebyrgrunnlag	6 211 750	6 430 799	7 645 635	13 267 827	14 068 426	15 686 137	16 974 009
Gebyrinntekter	6 463 015	6 890 000	8 204 452	11 746 729	13 727 251	15 340 323	16 704 092
Selvkostresultat	251 265	459 201	558 817	-1 521 098	-341 175	-345 814	-269 917
<i>Selvkost dekningsgrad i %</i>	104 %	107 %	107 %	89 %	98 %	98 %	98 %
Selvkostfond/fremførbart underskudd	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Inngående balanse 01.01	148 140	404 826	878 999	1 467 587	506 490	321 144	125 915
+/- Selvkostresultat	251 265	459 201	558 817	-987 968	-197 175	-201 814	-125 916
+/- Kalkulatorisk rente fond/underskudd	5 421	14 972	29 771	26 871	11 829	6 585	1 933
Utgående balanse 31.12	404 826	878 999	1 467 587	506 490	321 144	125 915	1 932
<i>Selvkostgrad i %</i>	100 %	100 %	100 %	96 %	99 %	99 %	99 %

Gebyrer for renovasjon, vann og avløp. Satser for en standard bolig på 120 m² ekskl. mva. (kr), etter region, statistikkvariabel og år

	Stipulert årsgebyr avløp, ekskl mva		Fastledd ved gebyr etter målt forbruk på avløp, ekskl mva		Stipulert årsgebyr vann, ekskl mva		Fastledd ved gebyr etter målt forbruk vann, ekskl mva		
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	
0111 Hvaler	4944	4944	4944	1784	1784	3273	3273	1144	1144
1201 Bergen	2673	2812	2812	917	965	1917	1917	655	655
1432 Førde	3478	3606	3606	580	621	2047	2047	363	363
1444 Hornindal	5951	6128	6128	1997	2064	5301	5832	1797	2002
1449 Stryn	2245	2470	2470	795	875	3361	3563	1051	1114
1519 Volda	1384	1418	1418	682	700	2478	2479	1318	1318
1520 Ørsta	2310	2310	2310	1192	640	2363	2363	1361	640
1529 Skodje	2559	2563	2563	1613	1645	2533	2772	1654	1770
1531 Sula	4479	4972	4972	2271	2500	2738	2550	1509	1408
	Sum avløp 2016	Sum avløp 2017	Sum vatn 2016	Sum vatn 2017					
0111 Hvaler	6728	6728	6728	4417	4417				
1201 Bergen	3590	3777	3777	2572	2572				
1432 Førde	4058	4227	4227	2410	2410				
1444 Hornindal	7948	8192	8192	7098	7834				
1449 Stryn	3040	3345	3345	4412	4677				
1519 Volda	2066	2118	2118	3796	3797				
1520 Ørsta	3502	2950	2950	3724	3003				
1529 Skodje	4172	4208	4208	4187	4542				
1531 Sula	6750	7472	7472	4247	3958				

KOSTRA tall skal ein være meget forsiktige med og tolke. Disse tala seier ingen ting om kvalitet på leidningsnett og anlegg, samt utvikling av fond. Dei seier heller ingen ting om talet på abonnentar per anlegg. Tala avvik frå Momentum sine beregningar då KOSTRA og Momentum nyttar ulik storleik på ein gjennomsnittleg bustad.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Håvard Strand Arkivsak 2018/1984
nr.:

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
40/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	21.11.2018
145/18	Kommunestyret	13.12.2018

UTGREIING AV EIT MOGLEG OPPVEKSTSENTER I AUSTEFJORD

Handsaming:

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vil ikkje etablere oppvekstsentre i Austefjord.

Framlegg frå FRP v/Eiliv Halkjelsvik

Kommunestyret vil etablere oppvekstsentre i Austefjord og ber administrasjonen kome attende med sak for etablering og alternative modellar, innan mars 2019.

Røysting:

Framlegget frå FRP vart samrøystes vedteke med 7 røyster. Administrasjonen si tilråding fall.

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018

Kommunestyret vil etablere oppvekstsentre i Austefjord og ber administrasjonen kome attende med sak for etablering og alternative modellar, innan mars 2019.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vil ikkje etablere oppvekstsentre i Austefjord.

Uprenta saksvedlegg:

- 1) Barnehagelova
- 2) Opplæringslova

- 3) SFS 2201 – Sentral, forbundsvis særavtale vedrørende barnehagar, skolefritidsordningar, skule og familiebarnehagar
- 4) SFS 2213 – Sentral, forbundsvis særavtale vedrørende undervisningspersonalet i grunnutdanninga

Samandrag av saka:

Kommunestyret gjorde 21.06.2018 i sak 83/18 følgande vedtak:

1. *Austefjord barnehage vert ikkje lagt ned, då ein dei siste 2 åra ser ein auke i barnefødsjar i Austefjord krins.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austefjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austefjorden eit fullverdig tilbod.*

Administrasjonen har etter dette vedtaket utgreidd saka.

Saksopplysningar/fakta:

Det vert i dag drive barnehage, skule og SFO i same bygg i Austefjord. Frå hausten 2018 vart det vedteke å leggje ned ungdomssteget ved Austefjord, slik at elevane fekk Volda ungdomsskule som sin nye ungdomsskule. Innleiingsvis vil vi peike på nokre nøkkeltal ved dagens drift i barnehagen, skulen og SFO.

Austefjord barnehage:

- 8 barn
- Styrarressurs: 35%
- 165% pedagog
- 50% assistent
- **Samla tilsetterressurs, barnehage: 250%**

Austefjord skule og SFO

- 17 elevar
- Rektorressurs: 50%
- Lærarressurs: 325%
- SFO-ressurs: 37%
- **Samla tilsetterressurs, skule og SFO: 412%**

Samla sett er dagens situasjon at både barnehage og skule driv med meir ressursar enn barne- og elevtal skulle tilseie.

Bakgrunnen for høgare ressursbruk, er at drifta skal vere forsvarleg. Administrasjonen har i tidlegare saker peika på at å drifte mindre einingar er dyrare og mindre effektivt økonomisk enn større einingar. Dei åtte borna som går i barnehagen i Austefjorden utløyser eitt årsverk meir enn om borna fekk tildelt plass i andre barnehagar.

Med grunnlag i tildelte lærartimar til ordinær undervisning og administrasjonsressurs, kostar ein elevplass ved Austefjord skule inneverande skuleår kr 120 000,- Til samanlikning kostar ein elevplass ved Øyra skule kr 48 000,-.

Det er difor naturleg i denne saka å sjå på om ei ny organisering som eit oppvekstsenter kan møte dette, og gjere drifta meir effektiv økonomisk. Det er og eit utgangspunkt for saka å

vurdere om ei slik løysing som minimum gir same effekt på det samla, faglege og pedagogiske tilbodet.

Litt om oppvekstsenter

Omgrepet oppvekstsenter vert definert ulikt. Ei arbeidsgruppe som utgreidde mogleg oppvekstsenter i Oppdal kommune, definerte oppvekstsenter som dette: «*Eit heilskapleg pedagogisk tilbod for born 0-12 år gjennom drift av skule, SFO og barnehage med same eigar og under felles leiing*». Dette er ein definisjon administrasjonen meiner er dekkande for denne aktuelle saka. Andre stader kan eit oppvekstsenter til dømes bestå av skule, SFO og vaksenopplæring. Dette er tilfelle ved t.d Gursken oppvekstsenter i Sande kommune.

Administrasjonen vel å strukturere saka i følgande punkt:

- 1) Kva vil eit oppvekstsenter bety for leiarressursen ved eininga?
- 2) Kva vil eit oppvekstsenter bety for organiseringa av det samla personalet ved eininga?
- 3) Kva følgjer vil eit oppvekstsenter gi for det faglege tilbodet i eininga?

Det er administrasjonen sitt utgangspunkt at det faglege tilbodet i eit oppvekstsenter skal vere like godt eller betre enn om barnehage og skule/SFO driv kvar for seg. Vidare legg administrasjonen til grunn at sjølv om vi definerer barnehage, skule og SFO som eit oppvekstsenter, snakkar vi uansett om ulike verksemder med ulike lovverk, planverk og føreskrifter som ein er bunde av.

Leiarressurs

Dagens totale leiarressurs er altså 85%. Leiarressursen ved skulen vil verte vurdert før neste skuleår, då elevtalet har gått ned. Dette heng nært saman med at ungdomssteget vart lagt ned frå 01.08.18, og at dei elevane som er busett i Ørsta kommune (Bjørke) frå same tid fekk elevplass i Hornindal.

Både barnehagelova (§17) og opplæringslova (§9.1) definerer kva som er naudsynt for å leie høvesvis barnehage og skule. Barnehagen skal leiast av ein dagleg leiar som har «...utdanning som barnehagelærer eller annen høgskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse.» Skulen skal leiast «...av rektor, som har pedagogisk kompetanse og naudsynte leiareigenskapar.»

Lovene gir difor både adgang til at ein rektor også kan vere leiar for barnehage, og at ein styrar kan vere leiar også for skuledelen.

Fylkesmannen i Oppland retta i 2012 eit spørsmål til UDIR om kva vilkår som måtte vere til stades for at ein og same person kan vere leiar for både barnehagedelen og skuledelen. UDIR skriv i sitt svar til fylkesmannen følgande:

«Så lenge de generelle kravene i opplæringsloven § 9-1 første ledd og andre ledd andre punktum er oppfylt, er det ikke noe i veien for at rektor leder andre virksomheter i tillegg til skolen. Det betyr at rektor også kan være leder for samlokalisert grunnskole og barnehage, for eksempel et oppvekstsenter. Forutsetningen er at lovens krav til forsvarlig ledelse er oppfylt både for skolen og barnehagen. For skolen følger kravet av opplæringsloven § 9-1 første ledd, mens tilsvarende krav gjelder for barnehagen etter barnehageloven § 17.

I merknadene til barnehageloven § 17 er det lagt til grunn at felles organisering av skole og barnehage som én mindre virksomhet kan være en løsning i områder der barnehagebarn og

skolebarn til sammen bare utgjør noen få titalls barn. Dette er et grunnvilkår for felles organisering av skole og barnehage etter barnehageloven.

Videre krever en felles organisering av skole og barnehage at lederen oppfyller barnehagelovens krav til styrer i henhold til lovens § 17 og opplæringslovens krav til skolens ledelse § 9-1.

Barnehagen skal som utgangspunkt ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen høyskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse etter § 17 andre ledd. Det er også viktig å merke seg at barnehageloven inneholder særskilte kompetansekrav for barnehagens styrer. Det følger av merknadene til barnehageloven § 17 at relevante utdanninger for styrerstillingen er utdanning som allmennlærer og utdanning som faglærer (fireårig faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag og treårig faglærerutdanning i barnehagepedagogikk som gir kompetanse for tilsetting fra 1.klassetrinn). Personer med annen treårig pedagogisk utdanning på høyskolenivå som har tatt videreutdanning i barnehagepedagogikk, og som dermed kan bli pedagogiske ledere etter § 18, bør også kunne bli styrere.

For at kravet til rektors kompetanse skal være oppfylt stilles det krav om at rektor har pedagogisk kompetanse og nødvendige lederegenskaper. Det er ikke lenger krav om formell pedagogisk kompetanse i form av lærerutdanning eller annen pedagogisk utdanning; realkompetanse er tilstrekkelig. Dette går fram av forarbeidene til lovendringen, Ot, prp, nr. 67 (2002-2003), blant annet s. 23: "Det blir dessutan foreslått at lova skal innehalde eit krav om at den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Når det gjeld kravet om pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar, er det meint realkompetanse. Dette inneber at departementet framleis foreslår at dei formelle kompetansekrava som gjeld for lærarstillingane, blir oppheva for rektorstillingane. Når ein skal vurdere kva som er tillate i det konkrete tilfellet, må det også i denne samanhengen brukast skjønn. I tillegg til det som følgjer av rektorkravet, må ein ikkje tape av syne det generelle kravet om at alle skolar skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Sjølv om forslaget byggjer på eit krav om realkompetanse, kan utdanningsbakgrunn og erfaring vere viktige moment i den heilskapsvurderinga som må gjennomførast for å ta stilling til om realkompetansekravet er oppfylt i det enkelte tilfellet. Dessutan vil det vere viktig å vurdere behovet ved den enkelte skolen når ein skal vurdere kva slags pedagogisk kompetanse som er relevant. Realkompetansen må vere dokumenterbar."

Det er også viktig å merke seg at rektor må ha tilstrekkelig tid til å følge med i den daglige virksomheten, både ved skolen og i barnehagen, herunder å videreutvikle virksomheten

På bakgrunn av kravene til daglig ledelse i både barnehageloven og opplæringsloven, mener Utdanningsdirektoratet at det kun unntaksvis vil være mulig å organisere virksomheter med felles ledelse av både skole og barnehage».

UDIR er altså av den oppfatning at det berre unntaksvis skal være felles leiing av barnehage og skule. Vidare understreker UDIR at leiing skal være forsvarleg. I vurderinga av kva som er forsvarleg, er administrasjonen oppteken av leiaren sin faglege bakgrunn, personlege eigenskapar og at det er tilstrekkeleg tid til å utføre oppgåva.

Arbeidsgivar er bunde av sentrale avtalar for kor mykje leiarressurs det skal vere ved ei eining. For barnehagesektoren seier den sentrale avtalen at det som eit minimum skal vere 35% styrarressurs. For skulen sin del seier ikkje avtalen ein eksplisitt prosent, men at dette

skal vere eit resultat av lokale forhandlingar. Avtalen har og som ordlyd at «...I utgangspunktet videreføres ledelsesressursen fra foregående skoleår som et minimum».

Ved etablering av eit oppvekstsenter vurderer administrasjonen at ein er bunde av særavtalen for styrarar i barnehage. Administrasjonen vurderer vidare at ordlyden for skulesektoren er noko rundare, og at det her er rom for tolking i retning av at leiarressursen kan takast ned ved nyorganisering i til dømes eir oppvekstsenter. Når vi likevel legg til grunn at ein einingsleiar skal leie både verksemda for barnehage og skule, ser ikkje administrasjonen føre seg at det kan takast ned nokon særleg ressurs her. Ein leiar må følgje opp to ulike lovverk, ein må følgje opp alle møte som gjeld begge sektorane og ein blir personalleiar for fleire. Ei samla vurdering er difor at leiarressursen i eit evt oppvekstsenter må vere på same nivå som om det er to separate einingar.

Det samla personalet ved einingane

Som tidlegare nemnt snakkar vi om ulike verksemdar som eventuelt skal samordnast i ei, ny eining. Spørsmålet administrasjonen har sett på, er om det er noko å hente utifrå ein effektiviseringssynstad eller frå eit fagleg perspektiv. I dette arbeidet har og dagens leiing ved Austefjord barnehage og skule vore med og vurdert sidene ved å organisere i eit mogleg, framtidig oppvekstsenter.

Gjennom denne prosessen kan ein i liten grad få auge på særlege effektar. Rett nok kan personalet ved dagens to einingar sjåast under eitt, og ein kan i større grad formalisere samarbeidet som alt er til stades. Ein kan og sjå føre seg at ein assistent/fagarbeider kan utføre arbeid på begge område, men ein kan ikkje «serve» begge områda samtidig. Det ligg difor ikkje særlege økonomiske gevinstar her. Effekten vil difor vere av meir personalpolitisk art, der tilsette moglegvis kan få høgare stilling.

Administrasjonen ser dette som noko aktuelt i SFO og barnehage, ved at ein evt kan organisere SFO som eit tilbod saman med dei eldste barna i barnehagen. Ein må i så fall på same tid ta omsyn til bemanningsnorm og pedagognorm som barnehagen er bunde av i organiseringa, noko som gjer at vi ikkje ser føre oss potensial for innsparingar.

For å drifte ei SFO-ordning er det naudsynt med ein 38% tilsettesressurs. Denne kan uansett ikkje takast heilt ned, men det kan vurderast å redusere denne noko. Uansett vurderer administrasjonen denne effekten til å vere så liten, at det ikkje vil monne utifrå eit økonomisk perspektiv. Det ligg og ei utfordring i dette å organisere tilbodet til ei aldersgruppe som då vil vere mellom 1-10 år, sett i lys av det vi tidlegare har nemnt om ulike lovverk og føreskrifter.

Dagens leiing i skule og barnehage konkluderer begge med at ein ikkje ser føre seg særleg endring i drifta ved å definere det som eit oppvekstsenter, kontra å halde fram som to einingar. Dei legg elles vekt på at det alt er eit samarbeid mellom einingane, og ser ikkje føre seg at å kalle det oppvekstsenter vil endre særleg på det.

Administrasjonen har vore i kontakt med oppvekstsjefen i Sande kommune, som har valt å etablere oppvekstsenter. Ein har i kontakten med Sande bedde om deira vurderingar i dag etter å ha gjort seg erfaringar over tid. Tilbakemeldingane vi har fått etter denne kontakten er følgjande:

- Organiseringa har ikkje gitt innsparingar økonomisk
- Fagmiljøa vart berre delvis vart styrka ettersom skilnaden på skule og barnehage er stor m.o.t. arbeidstid, lovverk etc

- Utnytting av leiarressursen lukkast eit stykke på veg, men splitta oppgåvene på større område, fleire lovverk osv. Kompetansen spesifikt mot det eine eller det andre lovområdet vart tilsvarande svekka.

Utifrå erfaringane som Sande kommune har gjort seg, ser det altså ikkje ut som det er særleg hensikt å etablere eit oppvekstsenter, og at det er lite eller ingenting å hente økonomisk, fagleg eller organisatorisk.

Fagleg tilbodet i einingane

Skulen og barnehagen ligg allereie i dag i same lokale, og samarbeidet som er der i dag sikrar ein god og trygg overgang frå barnehage til skule. Ein har og nokre felles treffpunkt gjennom m.a julefest, BLIME-aksjon kvart år og ein møtest mykje uformelt i uteleik.

Administrasjonen legg til grunn at ein allereie i dag er samlokalisert, og finn ikkje at ei ny formell organisering vil forsterke det faglege tilbodet som alt no er etablert. Å ha ein leiar for heile verksemda kan gi føresetnad for ei meir heilskapleg tenking, samtidig fordrar dette ein leiar som har god oversikt over både barnehage –og skulefeltet, noko som i seg sjølv er utfordrande.

Administrasjonen legg elles til grunn erfaringane frå Sande kommune, og ser heller ikkje føre oss at vi gjennom å kalle det eit oppvekstsenter er i stand til å hente ut særlege gevinstar fagleg eller økonomisk.

Vurdering og konklusjon

Administrasjonen vurderer at det er svært lite å hente fagleg, organisatorisk eller økonomisk ved å omdefinere dagens skule og barnehage til eit oppvekstsenter. Særleg er dette begrunna i at det vil likevel vere to ulike verksemder som må drive etter ulike lovverk, planar og føreskrifter. Administrasjonen har vurdert om leiarressurs kan samla sett takast ned, og peikar igjen på at nedgangen i elevtal ved skulen tilseier at det frå neste skuleår vil bli teke opp til vurdering å redusere leiarressursen.

Administrasjonen konkluderer med at særavtalar og at leiar må sikrast naudsynt tid til å følgje opp det pedagogiske, administrative og personalmessige arbeidet, gjer at ein ikkje ser føre seg å få økonomiske effektar knytt til leiarressurs ved eit evt oppvekstsenter.

Administrasjonen rår difor til at ein ikkje organiserer skule, barnehage og SFO som eit oppvekstsenter.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at ein ikkje går vidare med planar om å etablere eit oppvekstsenter i Austefjord.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Det er vurdert å gi liten/ingen effekt på å endre Austefjord barnehage, skule og SFO til å verte eit oppvekstsenter.

Volda kommune brukar meir ressursar til barnehage og skule enn samanliknbare kommunar som følgje av mange små einingar. Dette har vore ei politisk prioritering.

Rune Sjugard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Austefjord barnehage

Austefjord skule

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/2054

Arkivkode: A20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/18	Tenestutval for oppvekst og kultur	21.11.2018
146/18	Kommunestyret	13.12.2018

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE - HØYRING

Handsaming:

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Forslag frå TOK om å utsette saka.

Røysting: (7 røysteføre)

Samrøystes vedteke å utsette saka.

Samrøystes tilråding i Tenestutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 til kommunestyret

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Skulekrinsar i Volda kommune – høyring.

Høyringsnotat.

Samandrag av saka:

Det vert vist til vedlegga: Skulekrinsar i Volda kommune – høyring og høyringsnotat. Kommunestyret vert bedne om å kome med høyringsfråsegn i saka.

Rune Sjørgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Oppvekstsjefen



Høyringspartar

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/2054	15219/2018	A20	OPP/ PERKON	03.11.2018

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE - HØYRING

Viser til vedlagt høyringsnotat.

Det er vedteke grensejustering som inneber at grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune skal høyre til nye Volda kommune. Det inneber at det må takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til i den nye kommunen

Saka kan få konsekvensar for tidlegare Austefjord skulekrins, og på den måten Stor-Øyra skulekrins som no omfattar Austefjorden. Aktuelle grendalag i Austefjorden vil difor bli bedne om å kome med sine synspunkt saman med grendalag i Bjørke, Viddal og Hornindal. SU og FAU ved Austefjord og Hornindal skular vil saman med SU og FAU ved Volda ungdomsskule også bli bedne om å kome med sine synspunkt. Kommunestyra vil også bli bedne om ein uttale i saka.

Ein finn at saka i liten grad vedkjem grendautval i Volda sentrum, og finn det difor ikkje formålstenleg å involvere dei i høyringa.

Saka skal følgje sakshandsamingsreglane slik dei kjem fram i rundskriv Udir-2-2012 *Behandling av saker om skolenedlegging og kretsgrenser*.

Etter at høyringsfristen er ute, vil administrasjonen fremje sak for fellesnemnda for nye Volda kommune med tilråding om kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, og sak om forskrift om skulekrinsgrenser vil bli lagt fram for fellesnemnda.

Høyringsfristen vert sett til 07.01.2019. Uttalar skal merkast med saksnr 2018/2054.

Med helsing

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef oppvekst

Vedlegg:

1 Høyringsnotat - skulekrinsar i nye Volda kommune
Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Høyringsnotat

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE

1. Innleiing

Det er vedteke grensejustering som inneber at grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune skal høyre til nye Volda kommune. Det inneber at det må takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til i den nye kommunen

Skulekrinsar er eigd og vert forvalta av kommunen. Når kommunar slår seg saman, må skulekrinsane få nye namn viss det er naudsynt. Grunnkrinsar bør ligge til grunn, men det er ikkje eit krav. Det er vanleg at fleire grunnkrinsar utgjer ein skulekrins.

Ved kommunesamanslåing vil den største kommunen behalde sine grunnkrinsnummer –og namn. Den mindre kommunen vert tildelt delområdenummer som fyl etter numra i den største kommunen.

Oppretting av ein ny skulekrins som inkluderer Bjørke og Viddal får ingen konsekvensar for skulekrinsane Lid/Mork, Folkestad og Dalsfjord/Ulvestad.

Saka kan få konsekvensar for tidlegare Austefjord skulekrins, og på den måten Stor-Øyra skulekrins som no omfattar Austefjorden. Aktuelle grendalag i Austefjorden vil difor bli bedne om å kome med sine synspunkt saman med grendalag i Bjørke, Viddal og Hornindal. SU og FAU ved Austefjord og Hornindal skular vil saman med SU og FAU ved Volda ungdomsskule også bli bedne om å kome med sine synspunkt.

Ein finn at saka i liten grad vedkjem grendautval i Volda sentrum, og finn det difor ikkje formålstenleg å involvere dei i høyringa.

Saka skal følgje sakshandsamingsreglane slik dei kjem fram i rundskriv Udir-2-2012 *Behandling av saker om skolenedlegging og kretsgrenser*.

Etter at høyringsfristen er ute, vil administrasjonen fremje sak for fellesnemnda for nye Volda kommune med tilråding om kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, og sak om forskrift om skulekrinsgrenser vil bli lagt fram for fellesnemnda.

2. Bakgrunn

I dag er det fire skulekrinsar i Volda kommune:



- Nr 1 Lid/Mork skulekrins (ungdomsskuleelevar i krinsen går på Volda ungdomsskule)
- Nr 2 Stor-Øyra skulekrins (Austefjord skulekrins innlemma i Stor-Øyra etter vedtak i kommunestyret 30.01.14)
- Nr 4 Folkestad skulekrins
- Nr 5 Dalsfjord/Ulvestad skulekrins

Hornindal kommune er sett saman av grunnkrinsane Haugen, Kirkhorn, Grodås, Kjøs, Otterdal, Lødemel og Rygg. Desse grunnkrinsane utgjer Hornindal skulekrins.

Basert på munnlege kjelder, opplyser rådmannen i Hornindal at siste regulering av skulekrinsgrenser i Hornindal vart gjennomført i 1963. Då vart alle krinsar samla til ein skulekrins, men av praktiske omsyn, vart elevane fordelte på to ulike skulebygg. Den ordninga heldt fram til nytt skulebygg stod klart i 1975.

Innanfor Stor-Øyra skulekrins er det ikkje faste opptaksgrenser mellom dei fire barneskulane i krinsen: Øyra, Bratteberg, Vikebygda og Austefjord skular.

I intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda kommunar heiter det mellom anna:

Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule

3. Lovheimel for å opprette skulekrins

I opplæringslova § 8-1 første ledd og andre punktum heiter det:

Grunnskuleelevar har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.

Skulekrinsgrenser gir oversikt over kva for område i kommunen som soknar til kva for skular. Lova gir kommunen rett til å velje om den vil nytte seg lovheimelen til å utarbeide forskrifter om skulekrinsgrenser. Denne lovheimelen er gitt for å kunne gjere det føreseieleg for innbyggjarane i kommunen, og er særleg viktig for foreldre og elevar. Vidare styrer det den kommunale sakshandsaminga ved tildeling av skuleplass og den sikrar likehandsaming.

Forskrift om skulekrinsgrenser skal vere ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsromet eller sjølvstyre å fastsetje forskrifter i strid med nærskuleprinsippet.

Forskrifter om skulekrinsgrenser er likevel ikkje til hinder for at det kan søkast om å gå på annan skule enn nærskulen. Så lenge dei føresette tek hand om evt skyss, og det ikkje påfører kommunen ekstra kostnader på andre måtar, har slike søknader til vanleg vorte imøtekomne i Volda kommune.

Nokre kommunar har valt ikkje å gje forskrifter om skulekrinsgrenser i det heile.



4. Mynde til å ta avgjerd i fastsetjing av forskrift til skulekrinsgrenser

Fellesnemnda skal samordne og ta seg av førebuinga med samanslåinga for nye Volda kommune. Utover dei lovbestemte oppgåvene for fellesnemnda (fastsett i inndelingslova § 26), kan kommunestyra fastsetje andre arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda i reglement/vedtekter/forskrifter. Fastsetjing/ending av skulekrinsgrenser i ny kommune er ei av mange naudsynte førebuingar for ny kommune og kan slik sett naturleg høyre til under dei oppgåvene som fellesnemnda skal løyse.

Reglement/vedtekt for fellesnemnda til nye Volda kommune seier ikkje spesifikt om fastsetjing av nye skulekrinsgrenser. Spørsmålet blir då kor vide fullmakter kommunestyra har meint å gje fellesnemnda.

Fellesnemnda har fått fullmakt til å «Gjere vedtak om andre spørsmål som er knytt til samanslåingsprosessen og tilhøve som gjeld ny kommune». Vedtak om skulekrinsgrenser må kunne seiast å vere ei sak knytt til samanslåingsprosessen, og at fellesnemnda med det har fullmakt til å ta avgjerd.


Administrasjonen finn det likevel naturleg at kommunestyra er høyringsinstansar i saka.

Viss ein vurderer at avgjerdsla ligg utanfor fullmaktene til fellesnemnda, må kommunestyra fatte likelydande vedtak.

4. Administrasjonen sine framlegg

Når det skal takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, ser administrasjonen følgjande alternativ som aktuelle:

1. Det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal.



Austefjord, Bjørke, Viddal, Hornindal



Ein ville då ha ein skulekrins med to skular: Austefjord skule og Hornindal skule.

For barneskuleelevane ville det være nærskuleprinsippet som avgjer kva for ein skule dei har rett til å gå på, medan ungdomsskuleelevane i krinsen ville ha Hornindal skule som sin nærskule.


Ungdomssteget ved Austefjord skule er nedlagt, og elevane går no på Volda ungdomsskule. Viss ein opprettar ein skulekrins som skissert her, vil Hornindal skule vere nærskulen til ungdomsskuleelevane frå Austefjorden frå hausten 2020. Det ville vere naturleg at dei elevane som har starta på Volda ungdomsskule får gå ferdig ungdomsskulen der.

Dette forslaget er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane.

Så lenge det er drift ved Austefjord skule, vil det i liten eller ingen grad endre kva som er nærskulen til barneskuleelevane, og det vil slik ikkje endre elevgrunnlaget til Austefjord og Hornindal skular. Foreldra på Bjørke og Viddal har tidlegare teke det standpunktet at dei ynskjer Hornindal skule som nærskule.

Dette alternativet vil få konsekvensar for ungdomsskuleelevane i tidlegare Austefjord skulekrins. Det vil definere Hornindal skule som nærskulen for ungdomsskuleelevane. Elevgrunnlaget til ungdomssteget i Hornindal vil på denne måten bli styrka.

2. Bjørke og Viddal vert teke inn i Stor-Øyra krins. Hornindal vil då vere eigen skulekrins. For høvesvis barneskule og ungdomsskuleelevane frå Bjørke og Viddal vert Austefjord skule og Volda ungdomsskule nærskulen for elevane.





VOLDA KOMMUNE


Oppvekst

I 2008 vart det inngått avtale mellom Volda og Ørsta kommunar om undervisning av elevar frå Bjørke ved Austefjord skule, ein avtale som var gjeldande fram til 2018. Ørsta kommune har, etter ynskje frå foreldra i Bjørke-området, inngått avtale med Hornindal kommune om grunnskuleopplæring for elevane. Ørsta kommune la vekt på at foreldra ynskjer eit heilskapleg løp frå barnehage og ut grunnskulen på lik linje med born frå Hornindal krins.

Avstanden frå Bjørke til Hornindal er om lag 20 km, medan det frå Bjørke til Austefjorden er 17,5 km. I lys av den totale lengda, vurderer administrasjonen at differansen ikkje kan vektleggast. Med andre ord er det ikkje denne faktoren som avgjer kva som vert å sjå på som nærskulen til barneskuleelevane frå Bjørke og Viddal. Avstanden til Volda ungdomsskule vil derimot bli lenger enn til Hornindal skule, og det kan difor med rette stillast spørsmål ved om dette forslaget om kringsgrense kan seiast å vere ein funksjon av nærskuleprinsippet.

I administrasjonen si tilråding vil foreldra sitt ynskje om eit heilskapleg løp frå barnehage og grunnskule i Hornindal verte vektlagt.

3. Kalvatn grunnkrins, Bjørke, Viddal og Hornindal som ein skulekrins. Hornindal skule vert då nærskulen for elevane.



Kalvatn/Hornindal/Bjørke/Viddal


Legg ein geografien til grunn, kan det vere nærliggande å vurdere dette alternativet som naturleg. Også med omsyn til skuleskyss kan dette vere eit alternativ som legg til rette for rasjonelle løysingar.



På same tid er avstanden til Austefjord skule kortare for elevar i Kalvatn krins enn til Hornindal skule, sjølv om det i transport- og ventetid truleg ikkje vil utgjere ein vesentleg skilnad.

Når elevane vert ungdomsskuleelevar vil avstand og reisetid bli vesentleg kortare til Hornindal skule enn Volda ungdomsskule.

4. Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins. Hornindal skule vert nærskule for elevane i krinsen.



Hornindal/Bjørke/Viddal

Etter ynskje frå foreldra, kjøper Ørsta kommune i dag skuleplass i Hornindal for elevane frå Bjørke og Viddal. Det er rimeleg å anta at foreldra ynskjer Hornindal skule som nærskule i den nye kommunen.



5. Høyrinsinstansar

Jfr rundskriv Udir-2-12, vert følgjande instansar bedne om å uttale seg i saka

- Grendautval i Hornindal
- Grendautval i Bjørke og Viddal
- Grendautval i Austefjorden
- Volda kommunestyre
- Hornindal kommunestyre
- FAU og SU ved Hornindal skule, Austefjord skule og Volda ungdomsskule
- Elevråda ved Hornindal skule, Austefjord skule og Volda ungdomsskule
- Utdanningsforbundet i Hornindal og Volda
- Fagforbundet i Hornindal og Volda
- Møre og Romsdal fylkeskommune – samferdsleavdelinga

Andre som ynskjer å uttale seg i saka vil også bli hørte.

6. Høyringsfrist

Høyringsfristen vert sett til **07.01.2019**

Høyringssvar skal merkast med saksnr 2018/2054, og sendast til postmottak@volda.kommune.no eller

Volda kommune
Postmottak
Stormyra 2
6100 Volda

Volda, 3. november 2018

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef oppvekst



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/2268

Arkivkode: 026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
147/18	Kommunestyret	13.12.2018

SELSKAPSKONTROLL AV VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK (VØR) - PLAN

Kontrollutvalet si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek at kontrollutvalet bestiller ein selskapskontroll av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS med Bodhild Laastad i samsvar med tilbodet.*
- 2. Betaling skal skje over revisjonsutgifter 2019. Kommunane dekker kostnadane etter innbyggjartal.*
- 3. Føresetnaden for å bestille selskapskontrollen er at Ørsta kommunestyre også gjer positivt vedtak.*

Vedleggsliste:

Selskapskontroll av VØR IKS - Plan



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/18	026	20.11.2018	28.11.2018	JS

SELSKAPSKONTROLL AV VØR IKS - PLAN

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek at kontrollutvalet bestiller ein selskapskontroll av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS med Bodhild Laastad i samsvar med tilbodet.
2. Betaling skal skje over revisjonsutgifter 2019. Kommunane dekker kostnadane etter innbyggjartal.
3. Førsetnaden for å bestille selskapskontrollen er at Ørsta kommunestyre også gjer positivt vedtak.

Vedlegg

Ingen

Saksopplysningar

Etter kommunelova § 77 nr 5 skal kontrollutvalet sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sin interesse i selskap (eigarskapskontroll). Ei selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon. Departementet har utdjupa denne kontrollen i Forskrift om kontrollutval kap. 6.

Kommunestyret har vedteke Rutine for eigarskapsstyring og Plan for selskapskontroll.

I denne planen går det fram at kontrollutvalet sjølv kan avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar og det er gitt fullmakt til kontrollutvalet å samordne utføring av slik kontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.

Leiarane for kontrollutvala i Volda og Ørsta og sekretariatet har hatt samtale om førsetnaden for ein felles selskapskontroll. Det selskapet som peika seg mest ut til å utføre ein selskapskontroll på er Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS, der ein ynskjer å få utført både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. I forvaltningsrevisjonen skal ein skal sjå på om det er etablert system for å unngå kryssubsidiering mellom hushaldningasvfall (VØR) og industriavfall (Retura AS).

Det kan nemnast at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS held på med tilsvarande selskapskontroll av Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS.

I plan for Selskapskontroll går det fram at det er kommunen sin revisor som normalt skal utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er

revisor i selskapet som vert kontrollert, kan kontrollutvalet vurdere om andre i selskapet kan utføre kontrollen. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSK IKS) v/Halldis Moltu er oppdragsansvarleg revisor i VØR. Som overordna for oppdragsansvarleg revisor kan dagleg leiar Bodill Skeide utføre selskapskontrollen, men ynskjer det ikkje, grunna nære tilhøve til tilsette i eit lite revisjonsselskap (habilitet).

Sekretariatet har då spurt tre andre aktørar som driv i bransjen (alle med spørsmål på dei same problemstillingane):

- Kommunerevisjonen i Nordfjord. *Har ikkje kapasitet då to tilsette nett har slutta.*
- Bodhild Laastad, tidlegare tilsett som rådgivar i Norges Kommunerevisorforbund, med spesialfelt på selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Ho driv no eige firma og er interessert i oppdraget.
- Ole Kristian Rogndokken, tidlegare dagleg leiar i Norges kommunerevisorforbund. Driv no eige firma retta mot oppgåver i kommunerevisjon og kontrollutvalssekretariat. *Har ikkje kapasitet til oppdraget no.*

Tilbodet frå Bodhild Laastad

Tilbod om utføring av selskapskontroll med forvaltningsrevisjon

Eg kan tilby å utføra selskapskontroll som omfattar eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.

Problemstillingar

Følgjande problemstillingar vil verta undersøkte:

1. Fører dei to eigarkommunane Volda og Ørsta kontroll med eigarinteressene sine?

a. Har den enkelte eigarkommunen etablert gode rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser i selskapet?

b. Vert rutinane følgde opp, og vert kommunane sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyra sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring?

2. Følgjer Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS sjølvkostprinsippet ved prissetjing av renovasjonstenestene sine?

3. Vert sjølvkostfond handtert korrekt?

4. Kva tiltak er sett i verk for å forhindra at det skjer kryssubsidiering mellom Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS og selskapet sitt heileigde dotterselskap Retura Søre Sunnmøre AS? I kva grad er tiltaka tilstrekkelege for å hindra kryssubsidiering?

Pris

Oppdraget vil verta fakturert etter medgått tid med eit øvre tak på 325 timar. Timepris er 900 kr. Meirverdiavgift kjem i tillegg med 25 prosent.

Eventuelle reise- og opphaldsutgifter vil koma i tillegg.

Vurdering

Tilbodet frå Laastad

Leiarane i kontrollutvala for Volda og Ørsta og sekretariatet meiner at tilbodet frå Laastad er akseptabelt. Den stipulerte tida er øvre tak, så ein kan berre vona at det kan bli noko rimelegare. Det kan nemnast at timeprisen for Laastad sitt tilbod er tilnærma lik timeprisen som SSK IKS tek.

Det er rimeleg at kostnaden mellom kommunane vert fordelt etter innbyggjartal, og at Laastad fordelar fakturaen deretter. Fakturaene skal gå om Vest kontroll for attestasjon før utbetaling.

Kostander i høve til om SSK IKS skulle utføre prosjektet

SSK IKS opererer etter medgått tid og har ein timepris. Budsjettet til kommunerevisjonen er basert på gjennomsnitt timeforbruk dei siste fem åra utan ei øvre ramme. Men her bli årlege svingingar. Om dei kunne utført prosjektet, så kunne ein berre bestille utføringa.

Om vi vel ein annan aktør til å utføre selskapskontrollen kan nok utgiftene totalt til revisjon bli like store som om SSK IKS utfører den, med mindre dei ville bruke mindre tid.

Kommunestyret avgjer

Når ein vel ein ekstern leverandør synest ein det er ryddigast å la kommunestyret avgjere saka.


I møtet

Revisor i VØR Halldis Moltu tok opp spørsmålet om habilitet. Kontrollutvalet vedtok , jf. Forvaltningslova § 6 andre lekk, at ho er inhabil til å uttale seg i saka.

Rett utskrift

Åram, 28. november 2018

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL


Jostein Støylen
Dagleg leiar

Utskrift til: **Kommunestyret som sak**
(Saka går direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret)



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Alternativkostnaden (kalkulatorisk rente) skal reflektere kommunens rentekostnad på lånefinansierte anleggsmidler samt bortfall av renteinntekt på egenkapitalfinansierte anleggsmiddel over tid. For kapitalintensive betalingstenester vil val av kalkulatorisk rente ha vesentlig betydning i sjølvkostkalkyla. Fram til 2015 blei kalkylerenta utrekna etter nivået på 3 årig statsobligasjonsrente pluss eit tillegg på 1 prosentpoeng. Etter ny rettleiar skal kalkylerenta settast til nivået på 5-årig swaprente pluss et tillegg på ½ prosentpoeng. Det skal nyttast gjennomsnittlig nivå for kalkyleåret (etterkalkylen).

Statistikk frå Norges bank viser følgjande rentesats for 5årig SWAP + ½% (2014 -2017).

År	Rentesats frå Norges bank	
2017	1,98%	(5 årig SWAP +0,5%)
2016	1,68%	(5 årig SWAP +0,5%)
2015	1,94%	(5 årig SWAP +0,5%)
2014	2,68 %	(5 årig SWAP +0,5%)

Alternativkostnaden skal bereknast for alle anskaffingar av varige driftsmiddel.

Berekningsgrunnlaget er årets gjennomsnittleg verdi av netto anskaffelseskostnad.

Alternativkostnaden er lik årets berekningsgrunnlag multiplisert med årets kalkylerente.

6.3.2 Fakta - Kapitalkostnadar

Avskrivingskostnad og kalkulatorisk rente

Når kommunen skal berekne avskrivingskostnadar skal historisk anskaffelseskostnad nyttast som avskrivingsgrunnlag. Nyinvesteringar skal takast med i avskrivingsgrunnlaget frå og med året etter at bygget/anlegget er tatt i bruk og investeringstilskot/anleggsbidrag kjem til frådrag i avskrivingsgrunnlaget. Kommunen har trekt frå evt.investeringstilskot.

Kommunen har regna ut avskrivingskostnaden manuelt i rekneark, og ein har kontrollert driftsmiddel knytt til vatn og avløp for 2017. Ein registrear at kommunen i 2017 har nytta 5årig SWAP-rente + eit påslag på 0,5% som i 2017 utgjorde 1,98%. I tillegg har berekningsgrunnlaget for rentekostnaden vore gjennomsnittleg balanse på anleggsmidlane (inngående balanse+ utgåande balanse)/2) slik rettleiaren anbefaler.

Nedafor går det fram ei oversikt over dei direkte kapitalkostnadane som kommunen har belasta i rekneskapen og tal frå kommunen si etterkalkyle for 2017. Ein har gått igjennom anleggsoversikta og kontrollert om det var samsvar mellom kalkyla og rekneskapen samt at alle egedelane som gjaldt funksjonane var teke med.

		Rekneskap 2017	Kommunen si etterkalkyle	Differanse
Vatn	Avskrivningar	2 127 287	2 019 705	107 582
Vatn	Kalkulatorisk rente	992 228	992 228	0
Avløp	Avskrivningar	1 633 664	1 633 664	0
Avløp	Kalkulatorisk rente	689 412	689 412	0

Som det går fram av oversikta hadde kommunen belasta 2 127 287 kr i avskrivingskostnad på vatn og 1 633 664kr på avløp. Det var belasta kalkulatorisk rente på dei to områda med hhv. 992 228kr på vatn og 689 412kr på avløp.

Ein såg differanse mellom avskrivingskostnaden på funksjon for vatn og kommunen si etterkalkyle samanlikna med det som hadde vore belasta rekneskapen. I rekneskapen var det belasta totalt 2 127 287 kr medan i kommunen si etterkalkyle var det belasta 2 019 705 kr dette utgjorde ein differanse på 107 582 kr. Gjennomgang og tilbakemelding frå økonomiavdelinga avdekka at differansen skuldast avskrivning av eit anlegg som ikkje skulle vere belasta sjølvkostområdet, og differansen gjeld ikkje investeringstilskot/anleggbidrag. Rekneskapen (funksjon vatn) viser at bruk /avsetning til sjølvkostfond er gjennomført i samsvar med etterkalkyle, og derfor er ikkje sjølvkostfondet påverka av ovannemnde feil. For åra 2015 og 2016 såg ein også differanse på funksjonen for vatn, utan det er undersøkt nærmare om årsaka kan vere feil.

6.3.3 Vurdering – kapitalkostnadar

Kommunen har berekna avskrivning og kalkulatorisk rente på anlegg/driftsmiddel tilknytt vatn og avløp. Kommunen har i stor grad nytta korrekt berekningsgrunnlag og rett kalkylerente i 2017. Ein såg differanse mellom avskrivingskostnaden i rekneskapen og i etterkalkylen til kommunen. Dette har ført til at kommunen hadde belasta 107 582 kr for mykje i rekneskapen på funksjon for vatn, men etterkalkyla har blitt nytta som grunnlag ved bruk/avsetning til sjølvkostfondet. Kommunen bør avstemme rekneskapen mot anleggsregister i etterkalkyle.

6.4 Varige driftsmiddel - anlegg

6.4.1 Fakta –avskrivningstid

Kommunen nyttar lineære avskrivningar. Gjennomgangen av anleggsoversikta viste at for vassleidningar og kloakkleidningar var det nytta 40 års avskrivningstid. For reinseanlegg og UV – anlegg var det nytta 20 års avskrivningstid og for køyretøy var det i stor grad nytta 10 års avskrivningstid. Kommunen har derfor følgd anbefalingane til rettleiar mht. avskrivningstid.

Ein fekk tilbakemelding med teknisk ingeniør at ein vurderer alle nye tekniske installasjonar over bakken til å ha ei levetid på 20 år. Dette er basert på erfaringar som viser at før det har godt 20 år er ofte reinsekrav endra og det har kome betre og meir moderne teknologi. Når det gjeld rør i bakken legg ein disse no med tanke på at dei skal ligge i 100 år.

6.4.2 Vurdering- avskrivningstid

Historisk anskaffelsekost skal nyttast ved fastsetting av avskrivingsgrunnlaget i sjølvkostkalkyla. Investeringstilskot/anleggsbidrag skal trekkjast frå anskaffingskostnaden ved fastsetting av avskrivingsgrunnlaget i sjølvkostkalkyla. Kommunen ser derfor ut til å ha følgd retningslinjene for sjølvkost når det gjeld berekning av avskrivingsgrunnlaget.

Gjennomgang av anleggsoversikta viste at kommunen har gjort ei vurdering i høve avskrivningstid og har følgd anbefalingane i høve rettleiar.

6.5 Sjølvkostfond

6.5.1 Revisjonskriterium

Kommunen skal sette av overskot frå sjølvkostrekneskapen til bundne driftsfond (sjølvkostfond). Eit negativt resultat (underskot) skal reknast mot sjølvkostfondet i den grad det er midlar på fondet. Eit negativt sjølvkostresultat (underskot) kan berre framførast mot framtidige overskot dersom gebyrområdet gjennom lov eller kommunestyre har gjort vedtak om.

Sjølvkostfondet sin funksjon er å handtere svingingar i inntekter og kostnader slik at gebyra kan vere relativt stabile over tid. Kommunen skal ivareta sjølvkostprinsippet over tid, og kommunen skal sjå til at gebyrinntektene over tid ikkje overstig kostnadane for å samla i eit 3- 5 års perspektiv.

Kvart sjølvkostområde skal ha sitt eget sjølvkostfond. Midlar på eit fond for eitt gebyrområde kan ikkje nyttast (midlertidig) korkje i sjølvkostrekneskapen eller årsbudsjettet/årsrekneskapen til å finansiere årets underskot på eit anna gebyrområde. Sjølvkostfondet kan ikkje nyttast direkte til finansiering av investeringar, men indirekte via auke i rente/avdrag på investeringar.

Kommunen skal rekne ut kalkulatoriske renter av sjølvkostfonda. Av retningslinjene framgår det at:

«På avsatte midler til selvkostfond legges det til kalkulatoriske renter som skal reflektere alternativavkastningen brukerne går glipp av ved at midlene er bundet i selvkostfond. Kalkylerenten settes lik 5-årig swaprente, med et tillegg på ½ prosentpoeng, jf. avsnitt 6.6. Beregningsgrunnlaget vil være gjennomsnittlig beholdning det enkelte år. Selvkostfondets kalkulatoriske renter er lik beregningsgrunnlaget multiplisert med kalkylerente.»

For å ivareta generasjonsprinsippet må eit positivt sjølvkostresultat (overskot) være tilbakeført til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år. Kommunen skal ikkje sette av midlar til et sjølvkostfond same år som dei bruker av eit sjølvkostfond.

Retningslinjene opnar for at kommunen kan ha eit lengre tidsperspektiv enn fem år. Kommunen må vurdere ut frå lokale forhold om det er faglig grunnlag for å strekke perioden for tilbakeføring av overskot ut over fem år. Kommunen må i slike tilfelle grunngi og dokumentere sitt val.

Renteinntekt/rentekostnad på sjølvkostfond

På avsette midlar på sjølvkostfond skal det i høve til berekningane i sjølvkost til leggjast ei rente på sjølvkostfonda. Denne renta skal reflektere alternativkostnaden brukarane går glipp av. I ny rettleiar som kom i 2014 går det fram at det skal nyttast 5-årig SWAP-rente med et tillegg på ½ prosentpoeng.

I retningslinjene går det fram at inntektene over ei 3-5 års periode ikkje skal overstige kostnadene for tilsvarande år. Det vil derfor kunne oppstå overskot eller underskot kvart enkelt år. Overskot skal avsettast til fond og inntektsførast seinare år.

Eit overskot inneberer at brukarane av den enkelte teneste har innbetalt meir enn det tenesta kosta. Dersom brukarane hadde plassert pengane i bank i staden for å innbetale overskotet, ville dei ha fått ei renteavkastning. Retningslinjene sier at kommunen bør kompensere brukarane for det rentetapet dei vert påført ved å binde kapital i kommunen.

Underskot skal dekkast inn over kommunen sitt rekneskap det året det påløper, men skal likevel finansierast gjennom auka gebyrinntekter påfølgjande år. Renter på framført og akkumulert over- eller underskot skal bereknast etter tilsvarande sats som kalkylerente på investert kapital i anleggsmidlar.

6.5.2 Fakta - Handtering av fond tilhøyrande VA-området

I kommunen sitt rekneskap er det oppretta eigne fond innanfor VA-tenestene (konto 25199090 «Kommunalteknisk avdeling – bundne driftsfond» Fonda er inndelte på prosjekta «700968 Driftsvond volda kommune kloakk» og «701151 Driftsfond volda kommune vassverk». Fonda sine bevegelsar dei siste åra går fram i tabellen nedanfor:

Avløp	2014	2015	2016	2017
Sjølvcostfond 01.01	9 564 662	6 824 403	3 783 325	148 139
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvcostfond	-2 740 259	-3 041 078	-3 635 186	256 687
Sjølvcostfond 31.12	6 824 403	3 783 325	148 139	404 826
Vatn	2014	2015	2016	2017
Sjølvcostfond 01.01	592 235	1 278 573	645 275	1 264 062
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvcostfond	686 338	-633 298	618 789	814 516
Sjølvcostfond 31.12	1 278 573	645 275	1 264 062	2 078 578

Avløp:

Ein registrerar at kommunen hadde eit sjølvcostfond på 9 564 662 kr ved inngangen til 2014. Fondet blei redusert i perioden 2014-2016 og var ved inngangen til 2017 på 148 139 kr. I 2017 auka fondet og pr 31.12.17 var fondet på 404 826 kr.

Vatn:

Kommunen hadde eit sjølvcostfond knytt til vatn på 592 235kr den ved inngangen til 2014. Kommunen hadde eit positivt resultat i 2014 og ved inngangen til 2015 var fondet på 1 278 573 kr. Kommunen brukte av fondet i 2015 og pr 31.12 15 var fondet nede i 645 275 kr. Fondet auka i 2016 og 2017 og pr 31.12.17 var fondet på 2 078 578 kr.

Ein har gått i gjennom sjølvcostfonda på vatn og avløp og kontrollert at desse har vore renteberekna og at det har vore nytta korrekt rente i høve rettleiar (oversikta ovanfor). Nedanfor er ei oversikt over renteberekninga dei siste 4 åra (2014-2017). I Volda kommune registrerar ein at grunnlaget for renteberekninga har vore gjennomsnittleg behaldning det enkelte år $((IB+UB)/2)$, noko som er i samsvar med rettleiaren.

Nedanfor går det fram ei oversikt som viser renteberekninga og kalkylerenta som kommunen har nytta. Øvste rad viser gjennomsnittleg behaldning som har vore grunnlaget for renteberekninga. Deretter går det fram dei rentekostnadane som kommunen har lagt til eller belasta fondet. Tala er henta frå økonomisystemet Agresso. Tabellen viser også rentesatsen kommunen har nytta og kalkylerenta frå Norges bank.

Vatn	2014	2015	2016	2017
Rentesats Norges bank	2,68	1,94	1,68	1,98
Gjennomsnittleg behaldning (grunnlag for renteberekning)	923 035	952 682	946 062	1 655 459
Renter tillagt fondet i rekneskapan	24 737 kr	18 482 kr	17 211 kr	31 722 kr
Estimerte renter som skulle vore tillagt fondet basert på rentesatsar frå Norges bank	24 737 kr	18 482 kr	15 894 kr	32 778 kr
Diff renter belasta og estimerte renter basert på rentesatser frå Norges bank	0	0	1327 kr	1006 kr

Avløp	2014	2015	2016	2017
Rentesats Norges bank	2,68	1,94	1,68	1,98
Gjennomsnittleg behaldning (grunnlag for renteberekening)	8 086 177	5 252 911	1 948 733	273 773
Renter tillagt fondet i rekneskapen	216 710	101 906	33 999	5 420
Estimerte renter som skulle vore tillagt fondet basert på rentesatsar frå Norges bank	216 710	101 906	32 739	5 420
Diff renter belasta og estimerte renter basert på rentesatser frå Norges bank	0	0	1 260 kr	0

Som det går fram av tabellen hadde kommunen nytta kalkylerenta til Norges bank dei fleste åra. Ein registrerte eit mindre avvik mellom rentesatsane nytta i 2016 for dei to fonda og i 2017 for fondet på vatn. Dette utgjorde ca. mellom 1000 - 1300 kr noko som er uvesentleg.

6.5.3 Vurdering

Sjølvkostfondet har som oppgåve å handtere svingingar i inntekter og kostnader slik at gebyra kan haldast meir stabile, f.eks. som følgje av investeringar som vil auke kapitalkostnadane. Det går fram av rettleiar at sjølvkostfondet skal gå i balanse i løpet av ei 3-5 års periode. Kommunen hadde opparbeidd seg eit relativt stort avløpsfond i 2014 men kommunen har siste åra bruk av fondet slik rettleiar tilseier og gjekk tilnærma i balanse i 2017. Fondet for vatn har halde seg relativt stabilt og på eit akseptabelt nivå siste åra. Kommunen har i dag ikkje vesentlig store sjølvkostfond og sidan fonda ikkje har akkumulert seg og nærmast gått i balanse i løpet av kontrollperioden har kommunen ivareteke generasjonsprinsippet i stor grad mht. tilbakeføring av overskotet til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år.

Kommunen har renteberekna VA-fonda i kontrollperioden 2014 til 2017. Ein registrerte uvesentlig avvik i 2016 og 2017 mellom renta kommunen hadde nytta og kalkylerenta utarbeida av Norges bank. Renta skal vere lik den alternativavkastninga innbyggjarane går glipp av ved at midlane er bunde i sjølvkostfondet.

7 Konklusjon

Gjennomgangen av sjølvkostområda viste at kommunen i stor grad har følgd lover og rettleiar. Ein har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar som har resultert konkrete anbefalingar som kommunen må følgje opp, men ein vil kommentere to område kommunen kan vurdere:

- Kommunen bør nytte annen konto for fordelt lønn.
- Kommunen bør vurdere om alle kostnader som vert definert som indirekte kostnader er belasta sjølvkostområda.

8 Rådmannen sin kommentar



Hei!

Eg syner til utkast til forvaltningsrevisjonsrapport for sjølvkost vatn og avløp. Revisjonen har gått grundig inn i temaet og rapporten er interessant lesnad. Det er vidare interessant at de gjer samanlikningar mellom kommunar for at vi kan lære av kvarandre. I konklusjonen vert det peika på at vi bør nytte anna konto til fordelt løn. Dette har vi endra på tidlegare i år ved at løn vert ført som løn, og fordeler timar berre på prosjekt utanom VA-området. Rapporten stiller spørsmål om vi har internkostnader som i større grad bør belastast sjølvkostområdet for VA. Vi vil ta ein gjennomgang av dette i samband med budsjettarbeidet for 2019. Oppsettet over korleis nabokommunane vurderer internkostnader kan her vere ein god rettleiar i dette arbeidet.

 **Rune Sjugard**
 Rådmann
 Rådmann
 Mobil 90053752
www.volda.kommune.no

PS 149/18 Orienteringssaker

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 144, Volda rådhus
Dato: 28.11.2018
Tid: 10.30 – 11.45

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	
Inge Alexander Bruheim	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem.	Frå sak 37.
Torill Rødven Eide	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Vara som møtte:

Namn

Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
------	----------

SAKLISTE

- SAK 32/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 33/18 GODKJENNING AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 34/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 35/18 MELDINGAR
- SAK 36/18 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET – SJØLVKOST VATN OG
AVLØP
- SAK 37/18 SELSKAPSKONTROLL AV VØR IKS - PLAN
- SAK 38/18 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
- SAK 39/18 ORIENTERING OM IMPLEMENTERING AV GDPR
- SAK 40/18 ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2018 OG FINANSRAPPORTERING
2018 – 2. TERTIAL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/18	033	24.10.2018	28.11.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Solfrid Førde.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/18	049	24.10.2018	28.11.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 20.09.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 20.09.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/18	033&58	24.10.2018	28.11.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Ikkje framlegg til vedtak.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Kommunestyret	27.09	08.11		
Formannskapet	18.09	02.10	16.10	30.10
	13.11	20.11		
Eldrerådet	19.11			
Forvaltningsutvalet	16.10	20.11		
Ungdomsrådet	26.09	17.10	29.10	07.11
Valnemnda	27.09			

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.	19.11
Valstyret	
VØR styret	17.09
VØR representantskapet	09.10
Fellesnemnd for nye Volda kommune	18.10 01.11
Tenesteutval for oppvekst og kultur	17.10 21.11
Tenesteutval for helse og omsorg	18.10 22.11

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/18	033&17	24.10.2018	28.11.2018	JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Kommunerevisoren nr 5-2018: Selskapskontroll
2. Nytt finansreglement for Volda kommune. Kommunestyresak PS 113/18 av 27.09.2018

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/18	217	12.10.2018	28.11.2018	AEH

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SJØLVKOST VATN OG AVLØP

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkost vatn og avløp – Volda kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 14.06.2018).
2. Kommunestyret tek også til vitende rådmannen sin kommentar av 28.08.18 til dette prosjektet.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. (14.06.2018). *Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vatn og avløp – Volda kommune.* (Motteke Vest Kontroll 10.10.2016)

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 33/16 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til sjølvkost innan vatn og avløp.

Målsetting

Målsettinga for prosjektet var å vurdere om Volda kommune følgjer lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innanfor vatn og avløp. Mål for prosjektet er å vurdere om

kommunen sine utrekningar av kostnader er i samsvar med gjeldande regelverk for sjølvkost, kontrollere om overskot-/underskot innanfor tenesteområda er i tråd med gjeldande retningslinjer, medrekna bruk/avsetning av sjølvkostfond.

Problemstillingar

1. Vert vatn og avløp i Volda kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?
 - a. Direkte kostnader
 - b. Indirekte kostnader
 - c. Kapitalkostnader
 - d. Sjølvkostfond

Det vert også utarbeida i rapporten ein deskriptiv analyse med samanlikning av gebyr mellom nabokommunar (basert på rekneskapsdokument og KOSTRA).

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS kjem med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

Vert vatn og avløp i Volda kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?

I del 6 av rapporten kjem det fram følgjande (for meir detaljert informasjon sjå side 14-26):

Direkte kostnader

Kostnadane som kommunen har belasta sjølvkost for vatn og avløp var knytt til den respektive funksjonen/tenesteområdet heilt eller ved forholdsmessig fordeling.

Når det gjeld lønskostnader hadde kommunen valt å føre alle lønskostnader direkte. Dette gjaldt også fordelte lønskostnader knytt til administrasjonen på teknisk. Kommunen har og gjort ei vurdering i høve kor mykje arbeid til tilsette i leiande stillingar som går med til administrasjon og kor mykje som kan knytast opp mot VA-tenesta.

I høve fordelte lønskostnader knytt til utarbeidarane hadde kommunen ført desse på kto. 12300(vedlikehald byggtjenester). Det går fram av KOSTRA-rettleiaren at art 230 skal berre omfatte innkjøp av varer/tjenester frå andre. Kommunen bør vurdere å opprette ein eigen kto. knytt til fordelt løn. Dette vil kunne bidra til at ein får ei betre oversikt over dei faktiske lønskostnadane kommunen har knytt til tenesta, og kva som gjeld kjøp frå andre.

Indirekte kostnader

Det er også gått igjennom kommunen sine interne kostnadsfordelingar og kommunen har gjort ei vurdering i høve tilleggs og støttefunksjonar som går fram av rettleiar og som ein bør ha med. Kommunen har utarbeida konkrete fordelingsnøklar for alle aktuelle tilleggsytningar og støttefunksjonar kommunen har. Desse var i stor grad basert på fordelingsnøklar som rettleiaren gir rom for å nytte.

Når det kjem til samanlikning mellom kommunane er det vanskeleg å kunne vurdere kostnadane opp mot kvarandre på ein god måte, då kommunen har ulik organisering av interntjenestene og ulike fordelingsnøklar. Totalt hadde Volda fordelte utifter på 724 074 kr. Dette var lågast av Hareid, Ulstein og Ørsta(sjå samanlikning side 25).

Kapitalkostnader

Kommunen har berekna avskrivning og kalkulatorisk rente på anlegg/driftsmiddel tilknytt vatn og avløp. Kommune har i stor grad nytta korrekt berekningsgrunnlag og kalkylerente i 2017. Ein såg differanse mellom avskrivingskostnaden i rekneskapen og i etterkalkylen til kommunen. Kommunen hadde belasta 107 582 kr for mykje på sjølvkostområdet for vatn i 2017, men dette har ikkje påverka sjølvkostfondet, då etterkalkyla har vore grunnlag for bruk/avsetting til sjølvkostfondet. Kommunen bør avstemme rekneskapen mot anleggsregister i etterkalkyle.

Kommunen ser ut til å ha teke utgangspunkt i anskaffelseskost ved berekning av avskrivingsgrunnlaget og trekt frå eventuelle investeringstilskot/anleggsbidrag. Kommunen ser difor ut til å ha følgd retningslinene for sjølvkost når det gjeld berekning av avskrivingsgrunnlaget.

Gjennomgang av anleggsoversikta viste at kommunen har gjort ei vurdering i høve avskrivningstid og i stor grad har følgd anbefalingane til rettleiar. Rettleiar vurderer leidningsnett til å vere 40 år og kommunen har nytta denne levetida på slike anlegg. Teknisk eining har gitt tilbakemelding om at ein vurderer nye rør i bakken til å ha ei levetid på 100 år. Ein vil minne kommunen om at ein kan gjere sine egne vurderingar i høve levetid om ein meiner at forslaga i rettleiaren ikkje gir korrekt bilde ved sine anlegg.

Sjølvkostfond

Det går fram av rettleiar at sjølvkostfondet skal gi å balanse i løpet av ei 3-5 års periode. Kommunen hadde opparbeidd seg eit relativt stort avløpsfond i 2014, men kommunen har siste åra brukt av fondet slik rettleiar tilseier og gjekk tilnærma i balanse i 2017. Fondet for vatn hadde halde seg relativt stabilt dei siste åra. Kommunen har i dag ikkje vesentleg store sjølvkostfond og sidan fonda ikkje har akkumulert seg og nærmast gått i balanse i kjøpet av kontrollperioden har kommunen ivareteke generasjonsprinsippet i stor grad mht. tilbakeføring av overskotet til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år.

Volda kommune har egne fond for vatn og avløp. Dei respektive årlege overskota/underskota er overført til sjølvkostfond. Fonda er tillagt kalkulatorisk rente dei respektive åra og kommunen nytta i stor grad rentesats i samsvar med rettleiar, med nokon uvesentlege avvik i 2016 og 2017. Volda kommune har difor i stor grad handtert overskota/underskota på rett måte i rekneskapen.

Konklusjonen til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:

Gjennomgangen av sjølvkostområda viste at kommunen i stor grad har følgd lovar og rettleiar. Ein har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar som har resultert konkrete anbefalingar som kommunen må følgje opp, men ein vil kommentere to punkt kommunen kan vurdere:

- Kommunen bør nytte annen konto for fordelt løn.
- Kommunen bør vurdere om alle kostnader som vert definert som indirekte kostnader er belasta sjølvkostområda.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/18	026	20.11.2018	28.11.2018	JS

SELSKAPSKONTROLL AV VØR IKS - PLAN

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek at kontrollutvalet bestiller ein selskapskontroll av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS med Bodhild Laastad i samsvar med tilbodet.
2. Betaling skal skje over revisjonsutgifter 2019. Kommunane dekker kostnadane etter innbyggjartal.
3. Føresetnaden for å bestille selskapskontrollen er at Ørsta kommunestyre også gjer positivt vedtak.

Vedlegg

Ingen

Saksopplysningar

Etter kommunelova § 77 nr 5 skal kontrollutvalet sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sin interesse i selskap (eigarskapskontroll). Ei selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon. Departementet har utdjupa denne kontrollen i Forskrift om kontrollutval kap. 6.

Kommunestyret har vedteke Rutine for eigarskapsstyring og Plan for selskapskontroll. I denne planen går det fram at kontrollutvalet sjølv kan avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar og det er gitt fullmakt til kontrollutvalet å samordne utføring av slik kontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.

Leiarane for kontrollutvala i Volda og Ørsta og sekretariatet har hatt samtale om føresetnaden for ein felles selskapskontroll. Det selskapet som peika seg mest ut til å utføre ein selskapskontroll på er Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS, der ein ynskjer å få utført både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. I forvaltningsrevisjonen skal ein skal sjå på om det er etablert system for å unngå kryssubsidiering mellom hushaldningsavfall (VØR) og industriavfall (Retura AS).

Det kan nemnast at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS held på med tilsvarande selskapskontroll av Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS.

I plan for Selskapskontroll går det fram at det er kommunen sin revisor som normalt skal utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, kan kontrollutvalet vurdere om andre i selskapet kan utføre kontrollen. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSK IKS) v/Halldis Moltu er oppdragsansvarleg revisor i VØR. Som overordna for oppdragsansvarleg revisor kan dagleg leiar Bodill Skeide utføre selskapskontrollen, men ynskjer det ikkje, grunna nære tilhøve til tilsette i eit lite revisjonsselskap (habilitet).

Sekretariatet har då spurt tre andre aktørar som driv i bransjen (alle med spørsmål på dei same problemstillingane):

- Kommunerevisjonen i Nordfjord. *Har ikkje kapasitet då to tilsette nett har slutta.*
- Bodhild Laastad, tidlegare tilsett som rådgivar i Norges Kommunerevisorforbund, med spesialfelt på selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. *Ho driv no eige firma og er interessert i oppdraget.*

- Ole Kristian Rogndokken, tidlegare dagleg leiar i Norges kommunerevisorforbund. Driv no eige firma retta mot oppgåver i kommunerevisjon og kontrollutvalssekretariat. *Har ikkje kapasitet til oppdraget no.*

Tilbodet frå Bodhild Laastad

Tilbod om utføring av selskapskontroll med forvaltningsrevisjon

Eg kan tilby å utføra selskapskontroll som omfattar eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.

Problemstillingar

Følgjande problemstillingar vil verta undersøkte:

1. Fører dei to eigarkommunane Volda og Ørsta kontroll med eigarinteressene sine?
 - a. Har den enkelte eigarkommunen etablert gode rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser i selskapet?
 - b. Vert rutinane følgde opp, og vert kommunane sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyra sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring?
2. Følgjer Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS sjølvkostprinsippet ved prissetjing av renovasjonstenestene sine?
3. Vert sjølvkostfond handtert korrekt?
4. Kva tiltak er sett i verk for å forhindra at det skjer kryssubsidiering mellom Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS og selskapet sitt heileigde dotterselskap Retura Søre Sunnmøre AS? I kva grad er tiltaka tilstrekkelege for å hindra kryssubsidiering?

Pris

Oppdraget vil verta fakturert etter medgått tid med eit øvre tak på 325 timar. Timepris er 900 kr. Meirverdiavgift kjem i tillegg med 25 prosent. Eventuelle reise- og opphaldsutgifter vil koma i tillegg.

Vurdering

Tilbodet frå Laastad

Leiarane i kontrollutvala for Volda og Ørsta og sekretariatet meiner at tilbodet frå Laastad er akseptabelt. Den stipulerte tida er øvre tak, så ein kan berre vona at det kan bli noko rimelegare. Det kan nemnast at timeprisen for Laastad sitt tilbod er tilnærma lik timeprisen som SSK IKS tek.

Det er rimeleg at kostnaden mellom kommunane vert fordelt etter innbyggjartal, og at Laastad fordelar fakturaen deretter. Fakturaene skal gå om Vest kontroll for attestasjon før utbetaling.

Kostander i høve til om SSK IKS skulle utføre prosjektet

SSK IKS opererer etter medgått tid og har ein timepris. Budsjettet til kommunerevisjonen er basert på gjennomsnitt timeforbruk dei siste fem åra utan ei øvre ramme. Men her bli årlege svingingar. Om dei kunne utført prosjektet, så kunne ein berre bestille utføringa.

Om vi vel ein annan aktør til å utføre selskapskontrollen kan nok utgiftene totalt til revisjon bli like store som om SSK IKS utfører den, med mindre dei ville bruke mindre tid.

Kommunestyret avgjer

Når ein vel ein ekstern leverandør synest ein det er ryddigast å la kommunestyret avgjere saka.

I møtet

Revisor i VØR Halldis Moltu tok opp spørsmålet om habilitet. Kontrollutvalet vedtok, jf. Forvaltningslova § 6 andre lekk, at ho er inhabil til å uttale seg i saka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/18	217	20.10.2018	28.11.2018	JS

NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utføre ei forvaltningsrevisjonsprosjekt med utgangspunkt i heimebasert omsorg og ber om at prosjektplan vert utarbeida og lagt fram på neste møte.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019 i K-sak 129/16, med følgjande prosjektområde for forvaltningsrevisjon i planperioden:

- Teknisk drift- organisering
- Kostnadsanalyse institusjonar og heimebasert omsorg
- Kvalitet/tenestetilbod rus og psykiatri
- Sjølvkost vatn og avløp. **Utført**
- Barnevern
- PPT. Utgreiingskapasitet og førebyggjande arbeid (Tidleg innsats). **Utført**
- Kostnadsanalyse sentraladministrasjonen»

Kontrollutvalet har fått fullmakt frå kommunestyret til å prioritere og spesifisere prosjekt, samt eventuelt leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon meiner at Kostnadsanalyse institusjonar om heimebasert omsorg kan vere eit aktuelt prosjekt. Nærare spesifikasjon vil bli i prosjektplanen basert på diskusjonen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må enten velje prosjekt frå lista, eller eventuelt legge til eit nytt prosjekt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/18	047	28.11.2018	28.11.2018	JS

ORIENTERING OM IMPLEMENTERING AV GDPR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den skriftlege orienteringa til vitende.

Vedlegg

1. Personvernombodets oppgåver
2. Personvern i Volda kommune og Personvernerklæring Volda kommune
3. Personvernhandbok for kommunane på Søre Sunnmøre

Saksopplysning

EU har sett i verk ei personopplysningsforordning GDPR (General Data Protection Regulation). Noreg er forplikta til GDPR gjennom EØS avtalen. Denne forordninga er

implementert i ny personopplysningslov. Hensikta med reglane er å styrke personvernet, meir openheit rundt innsamling av personopplysningar og at bruk av opplysningane skal grunngivast og avgrensast.

Alle offentlege verksemdar må ha personvernombod for å sikre at reglane vert følgt. Personvernombodet må ha fagleg kunnskap til reglane og kunnskap om personvernrett.

Opgåver til eit personvernombod:

Personvernombodet si hovudoppgåve er å informere og gi råd om de forpliktingar verksemda har etter personvernlovgivinga til den behandlingsansvarlige eller databehandlar, samt til dei tilsette som utfører behandling av personopplysningar. Andre oppgaver til personvernombudet (sjå under og i vedlegget):

- Kontrollere overholdelsen av personvernregelverket
- Gi råd om vurdering av personvernkonsekvenser (DPIA)
- Samarbeid med Datatilsynet og funksjon som kontaktpunkt
- Prioritert innsats der personvernrisikoen er høyst
- Bidra til å få oversikt over behandlingene i virksomheten

Personvernombodet i Volda er nett slutta og dei er i ferd med å nemne ut nytt.

Personvernerklæring

Personvernerklæringa fortel korleis kommunen samlar inn, vernar og brukar opplysningar om personar (personopplysningar).

Målet er å gi den enkelte overordna informasjon om kommunen si behandling av personopplysningar.

Kommunen si personvernerklæring ligg ved saka.

Rådmannen vil orientere i eit seinare møte når nytt personvernombod er utnemnt.

I møtet

Kontrollutvalet ber om orientering til hausten 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/18	212	20.11.2018	28.11.2018	JS

ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2018 OG FINANSRAPPORTERING 2018 – 2. TERTIAL

Samrøystes vedtak

Økonomirapport og finansrapportering 2- tertial 2018 vert teken til vitende.

Vedlegg

1. Kommunestyresak PS 111/18 Økonomirapport 2. tertial 2018
2. Kommunestyresak PS 112/18 Finansrapportering 2. tertial 2018

Saksopplysningar

Ein viser til vedtaka i kommunestyret og saksutgreiingane frå rådmannen som er vedlagt saka.

I møtet

Kontrollutvalet ber om at personalsjef orienterer om status for sjukefråværet i kommunen våren 2019.

Møtet slutt.

Ronald Hagen
Leiar

Solfrid Førde
Medlem

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]

Sendt: 23.11.2018 11:35:44

Til: Guttorm Rimstad; Postmottak Volda

Kopi: Ragnhild Velsvik Berge; Wenche Solheim; Lena Landsverk Sande; Arnulf Goksøyr; Dag Vaagen; Knut Erik Engh; Jørgen Amdam; Asbjørn Moltudal; 'Jostein Støylen'; Paul Ottar Tornes

Tittel: Innmelding av ny representant for styret i SSIKT frå Volda kommune

Hei!

Gjeldande vedtekter § 5 seier følgjande om styrepresentasjon, jfr pkt 1:

«Styret skal bestå av eitt medlem frå kvar av deltakarkommunane. Styremedlem frå den enkelte kommunen skal vere rådmannen eller den rådmannen utpeikar.»

Tidlegare styreleiar innhenta ei juridisk vurdering av habilitet når rådmenn vert oppnemnt som styrerepresentant i § 27-samarbeid, jfr vedlegg. Ut frå denne har eg vurdert at eg vert inhabil når saker frå SSIKT skal handsamast i Volda kommune når eg samtidig er styremedlem i samarbeidet.

Det kan vere tenleg at rådmennene er tett på IKT-drifta, men samtidig vert det uheldig når rådmennene vert inhabile til å leggje fram saker for dei politiske organa i kommunen. Etter kommunelova kan rådmannen la seg representere ved andre tilsette i administrasjonen, og i samsvar med vedtektene oppnemner/utpeikar eg Asbjørn Moltudal til å vere Volda kommune sin representant i styret.

Vedtektene er under revisjon, og kommunestyret i Volda vil på bakgrunn av vedtektsendingane vurdere om det da skal vere annan representasjon frå Volda.



Rune Sjurgard

Rådmann

Rådmann

Mobil 90053752

www.volda.kommune.no



Til: Vanylven kommune v/ rådmannen

Fra: Advokat Reidar Andresen

Ålesund, 05.09.2018
Ansvarlig advokat: Reidar Andresen
Vår ref.:16-10009

NOTAT VEDR. SPØRSMÅL OM HABILITET

1. Sakens bakgrunn/ faktiske side

Det interkommunale selskapet SSIKT skal fremlegge sak om endring av vedtekter for politisk behandling i sine eierkommuner. Styret i SSIKT er sammensatt av de enkelte rådmennene i de kommunene selskapet er eid av.

Spørsmålet som tas opp til vurdering er hvorvidt rådmennene som er styremedlemmer i SSIKT kan utrede og legge frem forslag om vedtaksendringer i den enkelte kommune i egenskap av å være rådmann, og senere ta stilling til det samme forslaget som styremedlemmer.

2. Sakens rettslige side

Som vel kjent reguleres habilitet i forvaltningen hovedsakelig i forvaltningsloven, likevel slik at det gjelder enkelte særregler for kommunale organ. Lov om interkommunale selskaper § 15 viser til kommuneloven § 40 nr. 3 hva gjelder spørsmål omkring habilitet. Følgende står i bestemmelsen nr. 3 bokstav b):

b.

«Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan gjelder ikke første punktum.»

Rådmannen er en kommunalt ansatt – og slik bestemmelsen lyder er det også i forbindelse med denne stillingen at vedkommende er en del av styret til SSIKT. På den annen side kan det problematiseres hva som ligger i vilkåret «som i denne egenskap». SSIKT er på en måte adskilt fra øvrige kommunale oppgaver i den forstand at det dreier seg hovedsakelig om IKT. Av den grunn kan det spørres om dette samarbeidet er såpass separat fra andre kommunale oppgaver at det ikke ville stride mot habilitetsreglene å bistå også i forberedelsen av saken.

For øvrig kommer også forvaltningslovens regler om inhabilitet til anvendelse ved bruk av kommuneloven, jf. koml. § 40 nr. 3.

Det heter i fvl. § 6 bokstav e) nr. 2:

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak (...) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for (...) et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette



selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i veilederen *Habilitet i kommuner og fylkeskommuner* fra 2011 redegjort for habilitetsregler i forvaltningsloven og kommuneloven. På side 22 presiseres det hva som gjelder for forvaltningsloven (heretter fvl.) § 6 første ledd bokstav e):

«inhabilitet inntre automatisk for en tjenestemann eller folkevalgt som også er leder eller medlem av styre eller bedriftsforsamling i offentlig heleide selskaper, når saker hvor selskapet er part skal behandles i folkevalgte organer eller administrasjonen i kommunen.»

Videre uttales det på side 22:

«Hovedbegrunnelsen for lovendringen er å bidra til større klarhet om hvilke roller en tjenestemann og folkevalgt utøver i en bestemt situasjon, når vedkommende også er leder, styremedlem eller medlem av bedriftsforsamlingen i et offentlig heleid selskap. Klarhet med hensyn til hvilke interesser en person representerer i en gitt situasjon, vil bidra til å redusere risikoen for uheldige rollekombinasjoner. Regelendringen skal ikke bare hindre interessekonflikter, men også bidra til å vise utad at det er ryddige og klare ansvarsforhold internt.»

Det er også presisert hva som omfattes av fvl. § 6 første ledd bokstav e) på side 24:

«Folkevalgte eller ansatte i kommunen som er «leder» eller har «ledende stilling i» selskapet omfattes av regelen. Her siktes det til den øverste lederen eller de som deltar i den daglige ledelsen av selskapet.»


«Med «selskap» siktes det til enhver selskapsdannelse som er et eget rettssubjekt. De selskapstypene som er særlig aktuelle i kommunesektoren er interkommunale selskaper og aksjeselskaper. I tillegg kan interkommunale styre i henhold til kommuneloven § 27 som er selvstendige rettssubjekter falle inn under selskapsbegrepet.»

Videre på side 26 blir det redegjort for når et selskap kan anses å være part:

«Departementet legger også til grunn at selskapet vil ha partsstatus ved kommunal behandling av selskapsavtale og selskapsvedtekter (eventuell revidering av disse).»

Min vurdering er således at de aktuelle rådmenn bør fratre som ansvarlig saksbehandler når saken om vedtektsendring skal behandles i den enkelte kommune og at saksfremstillingen bør skrives av en «settekommune»/ «setterådmann».

Med vennlig hilsen
Advokatfirmaet JUDICIA DA


Reidar Andresen
Advokat/partner

PS 150/18 Referatsaker

Referatsaker

RS 1/18 KS Møre og Romsdal - Protokoll Fylkesmøtet 07.11.2018

PS 151/18 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 197/18 Annvor Ullaland - Søknad om midlar frå næringsfondet til prosjekt «Å skape arbeidsplasser i Volda»

DS 198/18 Løyve til endring Gbr 17/162

DS 199/18 Løyve til endring Gbr 18/7

DS 200/18 Løyve til tiltak, levegg og tilbygg Gbr 18/91

DS 201/18 Ferdigattest Gbr 19/655

DS 202/18 Rammeløyve,VCA gbr 19/807 og 19/978

DS 203/18 Rammeløyve Gbr 20/334

DS 204/18 Ferdigattest Gbr 30/337

DS 205/18 Igangsettingsløyve Gbr 20/334